

# Det digitale rom – eit mellomstatleg sjakk matt?

*Ein komparativ casestudie av FNs GGE-prosesser i 2015 og  
2017*

Erik Kursetgjerde



Masteroppgåve i Statsvitskap

UNIVERSITETET I OSLO

Vår 2020

Antall ord: 30 246



# **Det digitale rom – eit mellomstatleg sjakk matt?**

*Ein komparativ casestudie av FNs GGE-prosesser i  
2015 og 2017*

© Erik Kursetgjerde

2020

Det digitale rom – eit mellomstatleg sjakk matt?

Erik Kursetgjerde

<http://www.duo.uio.no/>

IV

# Samandrag

Det digitale roms rolle i det internasjonale system kan beskrivast som eit krevjande domene som manglar regulering på fleire områder. Denne oppgåva er ei teoritestande og komparativ casestudie som forsøker å forklare forskjellane i utfall mellom FNs Group of Governmental Experts (GGE)-prosessar i 2014-2015 og 2016-2017. Eg har sett nærmare på dette ved å ta utgangspunkt i to sentrale statar i forhandlingane, USA og Russland, for å sjå på statleg oppførsel i sentrale forhandlingar. Desse statane er kjende for å stå på kvar si side i meiningsfellesskapet, der USA meiner at eksisterande regelverk i folkeretten er tilstrekkeleg, medan Russland har ytra ønske om ein traktat og nye regulatoriske rammeverk.

Oppgåva sitt teoretiske rammeverk er basert på handlingslogikkane logic of appropriateness (LoA) og logic of consequences (LoC) for å betre forstå statleg oppførsel i sentrale forhandlingar – om det er prega av interesser - eller regelstyrt handling. Desse kan vidare vise noko av forskjellane i korleis statar handlar, men òg seie noko meir generelt om korleis mellomstatlege relasjonar fungerer i ein internasjonal institusjon.

Funna i oppgåva indikerer at begge handlingslogikkane har forklaringskraft sett i samanheng med kvarandre, men at det kan vere vekslande tilhøve der desse har best forklaringskraft, i tråd med funn i tidlegare studiar. Vidare visar funna i denne oppgåva korleis riktig bruk av reglar kan bidra til å avgrense oppførsel, men om ein trår over omfanget til desse reglane i lågt institusjonaliserte områder, kan eigeninteressene ta over.

Denne oppgåva viser at begge GGE-prosessane var avhengig av statars fordelar av samarbeid og gjensidige interesser, men at den regelstyrte handlinga spelte ei særleg rolle under prosessen som slutta i 2015 i å avgrense Russlands oppførsel, då USA brukte det eksisterande rammeverket tilhøyrande folkeretten som grunnlag for at Russlands framlegg om ny traktat ikkje var naudsynt. I prosessen som vart avslutta i 2017 såg Russland ingen annan utveg enn å bryte i forhandlingane, då dei såg at vidare avansering ville vere i mot deira egne interesser, og sidan dei såg den regelstyrte oppførselen i 2015 som eit feilgrep kan dette og bidra til å forklare kvifor.



# Forord

«*The weakness of theory, but the hope for policy, lies in the fact that people adapt their strategies to reality*» (Keohane 1984:30).

No er siste punktum satt. Det var ikkje sjølvsgad at eg kom til å levere masteroppgåve. Utan ei mor som har gjort alt for meg, kombinert med nokre lærarar som gjorde det andre lærarar aldri gjorde; ga meg tillit.

Det har vore ein lærerik prosess, med mange interessante opplevingar. «*I dont recommend my students to write about cyber*», var det første ein professor i internasjonale relasjonar sa til meg når eg snakka med ho på Skype. Men mitt store engasjement for tematikken gjorde at eg gjorde det likevel.

Når det er sagt ynskjer eg å rette ein særleg takk til Niels Nagelhus Schia som har vore ein tolmodig veileder og som ga meg høve til å følgje forhandlingar på tematikken i FNs-hovudkvarter i New York. Takk til NUPI som har gitt meg ein plass å skrive og tilgang til eit spennande og interessant fagleg fellesskap – dette har vore særleg viktig for meg under COVID-19.

Eg ynskjer og å rette ei merksemd til gode diskusjonar med masterstudentane på NUPI, men og til medlemmer av forskingsgruppa sikkerheit og forsvar, som Lars, Pernille, Søren og andre som har gitt meg tilbakemeldingar på masteroppgåva. FN og dei gode informantane fortener og ei merksemd. Utan dykk hadde det aldri blitt ei oppgåve.

Avslutningsvis vil eg takke Maria for støtte og tolmod i ei hektisk tid. Utan deg hadde ikkje dette vore mogleg.

Eventuelle feil eller manglar er mi eiga skuld.

Erik Kursetgjerde

Oslo, 22.juni 2020





# Innholdsliste

1	Innleiing .....	1
1.1	Problemstilling.....	3
1.2	Avgrensingar .....	5
1.3	Disposisjon .....	6
2	Bakgrunn .....	8
2.1	Cyber og det internasjonale system .....	8
2.2	FN og det digitale rom 1998-2004 .....	10
2.3	Group of Governmental Experts (GGE) 2004-2013 .....	11
2.4	GGE 2014-2015 og GGE 2016-2017 .....	12
2.5	Forskjellige synspunkt på det digitale rom – USA og Russland .....	13
3	Teori .....	14
3.1	Logic of Consequences.....	16
3.1.1	Interesser og samarbeid .....	18
3.1.2	Samarbeid i institusjonar .....	19
3.1.3	Operasjonalisering av H1 .....	22
3.2	Logic of Appropriateness .....	23
3.2.1	Dynamikkane til reglar, institusjonar og identitetar .....	24
3.2.2	Regelstyrt oppførsel .....	26
3.2.3	Prosedyrereglar.....	27
3.2.4	Operasjonalisering av H2 .....	29
3.3	Operasjonalisering av teoretisk rammeverk .....	30
4	Metode.....	32
4.1	Casestudie .....	32
4.2	Val av case.....	33
4.2.1	Forklaringsvariablar – USA og Russland.....	35
4.3	Datainnsamling .....	37
4.3.1	Intervju .....	38
4.3.1.1	Utval av informantar.....	40
4.3.1.2	Gjennomføring av intervju.....	41
4.3.2	Dokumentanalyse .....	43
4.4	Metodens styrker og svakheiter .....	46

4.4.1	Reliabilitet .....	46
4.4.2	Validitet .....	47
4.4.3	Generalisering i casestudiar .....	48
5	Analyse del I: GGE 2014-2015 og GGE 2016-2017 .....	50
5.1	Group of Governmental Experts 2014-2015 .....	50
5.1.1	Gjensidige interesser .....	51
5.1.2	Institusjonell dialog og transparens .....	53
5.1.3	Prosedyrereglar .....	55
5.1.4	Forventningar til deltakarane .....	57
5.2	Group of Governmental Experts 2016-2017 .....	59
5.2.1	Gjensidige interesser .....	60
5.2.2	Institusjonell dialog og transparens .....	62
5.2.3	Prosedyrereglar .....	63
5.2.4	Forventningar til deltakarane .....	66
6	Analyse del II: Diskusjon av funn .....	68
6.1	Samanlikning av funn .....	68
6.1.1	Statars fordelar av samarbeid og gjensidige interesser .....	70
6.1.2	Regelstyrt oppførsel .....	72
7	Konklusjon .....	76
7.1	Hovudfunn .....	76
7.2	Metodiske og teoretiske utfordringar .....	78
7.3	Vegen vidare .....	81
	Litteraturliste .....	83
	Vedlegg .....	96

## Figurliste

Tabell 4.2.1a – GGE prosessar 2014-2017 .....	36
Tabell 4.3.1.1a – Oversikt over informantar .....	41

# 1 Innleiing

«Like I always like to say about these processes, the honeymoon phase is now ending and soon are going to go more into detail, it's always the detail where it becomes complicated and then the real fight breaks out» (Informant 3, 2019).

4. Desember 1998 sendte Russland inn eit utkast til resolusjon, A/RES/53/70 til FN's generalforsamling som omhandla «*Developments in the field of information and telecommunications in the context of international security*» (FN, 1999), som blei vedteken utan avstemming. Dette blir av fleire rekna som starten på prosessar innanfor *cyberspace*, som i denne oppgåva vil bli kalla det *digitale rom*, i FN-systemet. Sidan denne tematikken ikkje var ein diskusjon med høg prioritet på denne tida, tok det ei stund før dette vart noko som blei prioritert i FN.

Prosessane, som blir kalt FN's *Group of Governmental Experts (GGE) on Advancing responsible State behavior in cyberspace in the context of international security*, heretter GGE, er ei gruppe med statlege representantar og FN-mandat som jobbar med spørsmål knytt til det digitale rom - og som kan bli sett på som eit forsøk på å lage internasjonal styring og avtaler på dette domenet.

I denne oppgåva tek eg sikte på å samanlikne dei to GGE-prosessane som vart avslutta i 2015 og 2017 igjennom ein komparativ casestudie, der berre den første av desse ende med konsensus. Ut i frå dette stiller eg følgjande forskingsspørsmål: *Kva faktorar kan forklare forskjellane i utfall mellom GGE-prosessane i 2015 og 2017?*<sup>1</sup>

Den auka avhengigheita til digital infrastruktur i åra som følgde etter resolusjonen til Russland har løfta det digitale rom opp på agendaen i FN, men òg i statane. Fleire hendingar som fekk merksemd globalt blir dratt fram som vendepunkt, blant anna hendingane i Estland i 2007, der det blei gjennomført massive cyberoperasjonar mot datasystema til sentrale estiske institusjonar (Hansen og Nissenbaum, 2009). Andre nyare hendingar som Stuxnet, råkinga av

---

<sup>1</sup> Det har vore tre GGE-prosessar før desse to, som vil bli gjennomgått i kapittel 2. Desse to valde prosessane har blitt dratt fram som to vidt forskjellige prosessar, der 2015 blir rekna som særskild viktig grunna avansement i bruk av folkerett i det digitale rom og utforming av normer, medan prosessen i 2017 kollapsa (Tikk og Kerttunen, 2018a)

sentral infrastruktur i Ukraina i 2015 og 2017 har og vist relevansen til dette domenet (Tikk og Kerttunen, 2018a). Til tross for ei massiv utvikling av offensive cyberkapabilitetar har likevel ikkje den store sikkerheitstrugselen blitt fullt ut adressert globalt (Maurer, 2011).

Reint overordna markerer denne utviklinga ei endring frå konvensjonelle konflikhtar til bruken av cyberoperasjonar som ein del av det å beskytte og fremje nasjonale interesser. Medan det westfalske systemet<sup>2</sup> har gitt statane eit robust sett av lover og normer som styrer det konvensjonelle og konflikhtar knytt til områder som atomvåpen, har det digitale rom blitt eit omstridt domene med minimal internasjonal styring og avtaler.

Det er framleis ikkje eit internasjonalt regime som regulerer det digitale rom, som eksempelvis regima ein har sett knytt til verdsrommet eller havrettskonvensjonen. Statar hamnar også stadig oftare i konflikt over korleis ein skal handtere det digitale rom. Dei fleste av dei er likevel einige i at folkeretten<sup>3</sup> gjeld i det digitale rom, men ikkje korleis (FN, 2018). FN generalsekretærs High Level Panel on Digital Cooperation (2019a:4) trekk fram at noko av utfordringane med denne utviklinga er at «[...] as technological change has accelerated, the mechanisms for cooperation and governance of this landscape has failed to keep pace».

I takt med globaliseringa har statar fått ei endra rolle, noko som også har vore utfordrande for det internasjonale system som er konstruert med ei tilknytning til dei westfalske prinsippa. Dette kan ein og sjå i samanheng med multilateralismens endrande karakter. Når FN vart oppretta i 1945, var statar dominante aktørar på den internasjonale arena – men òg dei einaste aktørane som var tenkt å kunne ivareta interessa til samfunna sine. Sjølv om statar framleis er sentrale, er biletet no meir komplisert, med eit stort mangfald av aktørar (Knight, 2000:3, Hovi og Underdal, 2008:44-45, Hughes, 2009).

FN, som blei oppretta som ein mellomstatleg organisasjon, er bygd på ei verd som ser litt annleis ut enn det den gjer i dag, og blir i handteringa av det digitale rom satt på prøve. Korleis skal ein evne å handtere noko som i stor grad er i hendene til private aktørar?

---

<sup>2</sup> Omgrep som stammar frå freden i Westfalen i 1648 med tilhøyrande traktat. Det er sett på som «[...] a system of states [...] possessing the monopoly of force within their mutually recognized territories.» (Coggins, 2018)

<sup>3</sup> «Folkerett er en form for internasjonal rett som i utgangspunktet omhandler rettsforholdene mellom selvstendige stater – de mellomstatlige rettsforhold [...]. Folkeretten bygger i hovedsak på traktater (avtaler mellom statene) og folkerettslig sedvanerett (statenes egen praksis).» (Folkerett, 2018)

Det har vore ei interessant utvikling frå den første GGE prosessen i 2004, til to pågåande prosessar i 2019, både med GGE frå 2019-2021 og *Open-Ended Working Group*, heretter OEWG, frå 2019-2020, der sistenemnde er ein ny prosess med brei involvering av aktørar frå statar til organisasjonar, bedrifter og akademia.

Fjoråret baud på historiske hendingar, då FN for første gang haldt *multi-stakeholder* møter om det digitale rom, der næringsliv, ikkje-statlege organisasjonar og akademia hadde høve til å gi uttrykk for deira meiningar til FN's medlemsstatar. Dette møtet var eit steg i ein lang FN prosess i det å diskutere sikkerheit i det digitale rom. Dette var i gruppa OEWG som er open for alle medlemsstatar i FN og eksisterer parallelt med *GGE* som har 25 medlemsstatar (Gold, 2020).

I denne studien vil det bli tatt utgangspunkt i dei to statane Russland og USA for å kunne sjå om desse to statanes tilnærmingar kan bidra til å forklare forskjellane på utfall mellom dei to GGE-prosessane. Sidan GGE er ein konsensus-plattform, og dei tydelege meiningsforskjellane til to av dei mest aktive deltakarane, USA og Russland, viser dette ein tydeleg kamp om kven som skal legge føringane på handteringa av det digitale rom (Kulikova, 2015).

## 1.1 Problemstilling

Fasiliteringa og diskusjonane i FN knytt til utviklinga av internasjonal cyberpolicy er interessant, særleg med omsyn til å forstå dynamikkane i slike tematikkar. Det er difor tatt utgangspunkt i å forklare kvifor ein evna å få til eit konsensusbasert utfall i GGE-prosessen i 2015, medan forhandlingane i 2017 braut saman.

Kor mykje har endra seg i viktige statars posisjonar – og er det digitale rom ein meir krevjande tematikk å handtere i dagens digitale samfunn? Vil den statlege oppførselen til dei to utvalde statane kunne bidra til å forklare forskjellane i utfall? Dette er faktorar som vil bli utgreidd i denne oppgåva. Det digitale rom som tematikk innanfor statsvitskapen har blitt dratt fram som eit område det er for lite forskning på. Med den auka strategiske viktigheita til det digitale rom, er det difor enno viktigare å teste statsvitskapelege teoriar for å sjå nærmare på om desse kan bidra til å svare på problemstillinga på ein god måte.

Temaet for oppgåva er ei interesse i kvifor det er forskjellar i utfall på dei to gitte prosessane. Dette til tross for at det tilsynelatande er einigheit om at det må gjerast noko med reguleringa av det digitale rom. Fokuset i denne oppgåva er vidare å forklare ein overgang frå konsensus kring eit sett med normer som tek opp viktige spørsmål knytt til statleg bruk av det digitale rom, til ein prosess som braut saman og ikkje evna å få på plass ein konsensus-rapport for vegen vidare. Eg ynskjer difor å sjå korleis ein kan forstå statleg oppførsel i sentrale forhandlingar: Er det eit resultat av interesser – eller regelstyrt handling?

Desse to prosessane og forskjell i utfall kan vise noko av forskjellane mellom korleis statar handlar, men også seie noko meir generelt om korleis mellomstatlege relasjonar fungerer i ein internasjonal institusjon. Det teoretiske rammeverket som er lagt til grunn i denne oppgåva reflekterer difor to analytiske perspektiv på kva som ligg til grunn for internasjonal oppførsel basert på to handlingslogikkar, *logic of consequences* og *logic of appropriateness* med ulike forståingar av aktørars handlingar.

Oppgåva har følgjande problemstilling:

*Kva faktorar kan forklare forskjellane i utfall mellom GGE-prosessane i 2015 og 2017?*

Oppgåva skal belyse følgjande to hypotesar:

*H<sub>1</sub> = Framdrifta i GGE-forhandlingane i 2015 og 2017 var avhengig av statars fordelar av samarbeid og gjensidige interesser.*

*H<sub>2</sub> = Regelstyrt handling spelte ei viktig rolle for framdrift i GGE-forhandlingane i 2015 og 2017.*

For å kunne vurdere dette har eg samla inn empirisk materiale igjennom dokumentanalyse, intervju og feltarbeid. Vidare har eg vald eit teoretisk rammeverk som skal forklare statleg oppførsel anten som regelbasert eller interessebasert – og som vil hjelpe meg i å analysere hypotesane og det empiriske materialet på ein måte som svarar på problemstillinga og gir ei betre forståing av empirien.

## 1.2 Avgrensingar

Grunna omfanget på tematikken har eg måtte gjere tydelege avgrensingar. Med omsyn til tidsaspektet, er fokuset som nemnd på dei to GGE-prosessane som varte frå 2014 til 2015 og frå 2016 til 2017. Den første var avslutta med konsensus i 2015, medan den andre ikkje oppnådde dette, men vart avslutta i 2017. Valet av desse to er for å sjå forskjellane mellom ein vellukka prosess og ein som braut saman. Det vil også bli trekt fram funn frå 2019-2021 prosessen som kan belyse dei to tidlegare prosessane.

Sjølv om eg har vald å sjå særleg på Russland og USA i denne oppgåva, så betyr det ikkje at det ikkje er fleire statar enn dei eg har vald som kan vere relevant å ha med i ei slik analyse. Kina kunne eksempelvis vore aktuell, som har hatt det digitale rom høgt på agendaen over lengre tid, og som har hatt tilsvarende standpunkt som Russland på fleire deler av denne tematikken (Schmitt og Watts, 2016). Årsaka til at ein i denne oppgåva har vald Russland og USA og ikkje Kina er dei valde statars lange historikk i FN-systemet på det digitale rom og at dei begge er initiativtakar til kvar sin prosess i FN, noko Kina ikkje er. Sidan annekteringa av Krim har også vesten særleg avvist Russland, og det har og vore avgrensa utvekslingar med russiske forskarar og ekspertar, noko som har svekka analysen av russisk side, noko som gjer at det er enno viktigare å få innsikt i Russlands oppførsel i gitte samanhengar (Tikk og Kerttunen, 2018a).

Talet på aktørar i det digitale rom har hatt ein betydeleg vekst over fleire år. Dei med størst kapasitet er som regel dei som er tilknytt statlege aktørar og som på denne måten har tilgang på store ressursar. I denne oppgåva har eg vald å ta utgangspunkt i statar som aktør, sidan det er desse som er medlemmar i GGE-gruppene. Dette sjølv om ikkje-statlege aktørar spelar ei stor rolle i dette domenet, så er det ikkje tilgjengeleg empiri eller realistisk å kunne få tilstrekkeleg data med omsyn til dette aspektet. På same tid må ein vere klar over at det er vidare kompliserande at mesteparten av infrastrukturen til det digitale rom er eigd av store selskap. Dette endrar likevel ikkje det faktum at statar spelar ei viktig rolle i å handtere hendingar i det digitale rom og responsen til dei (Raymond, 2016:85).

Rapporten frå GGE i 2013 var tydeleg på at «*State sovereignty and international norms and principles that flow from sovereignty apply to State conduct of ICT-related activities, and to their jurisdiction over ICT infrastructure within their territory*» (FN, 2013:8). Eit anerkjend

premiss er at ikkje-statlege aktørar er underlagt statanes utøving av suverenitet. Ikkje overraskande er også folkeretten statssentrert, men det digitale rom har likevel bidratt til å redusere fleire store forskjellar mellom statar og ikkje-statlege aktørars påverknad på internasjonal fred og sikkerheit (Schmitt og Watts, 2016). GGE-rapportane blir kort oppsummert og gjennomgått i kapittel 2.

Det kunne òg vore interessant å sjå nærmare på effektiviteten til GGE og forhandlingane i FN, men sidan mandatet er avgrensa og ikkje-bindande, vert det spekulativt og komplisert å skulle gjennomføre slike vurderingar. Det er likevel stor verdi i desse forhandlingane uavhengig av deira effektivitet. Som ein har sett i tidlegare GGE-forhandlingar som eg kjem tilbake til i neste kapittel viser det at forhandlingar kan legge ein del av grunnarbeidet for vidare avansering i forhandlingar.

Som nemnd tidlegare i kapittelet, så har talet på aktørar i det digitale rom auka betrakteleg dei siste åra, både i form av statlege og ikkje-statlege aktørar. Dette ser ein også igjen i FN's tilnærming til utfordringane. Medan GGE frå 2019 har igangsett regionale konsultasjonar har det også vore møter med ikkje-statlege aktørar som academia og privat næringsliv i den nyoppretta arbeidsgruppa OEWG som køyrer prosess på same tid som GGE, men med kortare tidsrom (FN, 2019). Det er og gjort avgrensingar i oppgåva knytt til institusjonar som kan påverke standpunkt og interesser.

Det kunne sjølvsagd vore aktuelt å sjå enno nærmare på dei to nyaste prosessane i GGE og OEWG, men sidan desse ikkje er ferdige før oppgåva skal leverast vert desse for krevjande å få oversikt over, særleg med omsyn til tilgang til relevant data. Det har likevel vore god nytteverdi i å ta del i det opne møtet i OEWG i FN i New York som ein del av feltarbeidet til masteroppgåva, noko som eg kjem tilbake til i metodekapittelet.

### **1.3 Disposisjon**

I neste kapittel skal eg gjere greie for den historiske bakgrunnen til det digitale rom i det internasjonale system og går nærmare inn på tidlegare prosessar i FN på denne tematikken. I kapittel 3 gjer eg greie for det teoretiske rammeverket, går nærmare inn på teoriene logic of appropriateness og logic of consequences som har blitt vald for å belyse problemstillinga og



operasjonaliserer desse i hypotesar og indikatorar. I kapittel 4 gjer eg greie for forskingsopplegg og dei metodiske rammene som er nytta for å svare på oppgåva. Valet av komparativ casestudie er diskutert, i tillegg til datatrianguleringa av fleire metodar som feltarbeid med semi-strukturerte eliteintervju og dokumentanalyse. I kapittel 5 legg eg fram empiri i lys av problemstillinga og det teoretiske rammeverket for å analysere kva faktorar som kan forklare forskjellane i utfall mellom dei to prosessane. Analysen er strukturert etter teoretisk kategorisering og indikatorane for å få ein oversiktleg struktur. I kapittel 6 vurderer eg og samanliknar casane og diskuterer dei empiriske funna frå førre kapittel opp i mot hypotesane mine. I kapittel 7 konkluderer masteroppgåva ved å gå igjennom funn og trekk fram avgrensingar av studia og aktuelle spørsmål for vidare undersøkingar.

## 2 Bakgrunn

I dette kapittelet skal eg gjere greie for det digitale roms rolle i det internasjonale system, og gå nærmare inn på tidlegare prosessar i FN på tematikken. Desse blir presentert for å betre forstå konteksten til problemstillinga og masteroppgåva. Dette er eit viktig bakteppe for å få ei betre forståing av dynamikkane i FN-systemet med omsyn til GGE-prosessane og tidlegare resultat av desse.

### 2.1 Cyber og det internasjonale system

Ein sentral del av utfordringa med det digitale rom er den store variasjonen i bruken av omgrep. Cyber blir forstått forskjellig av forskjellige statar og organisasjonar, til tross for utbreiing i media og internasjonale fråsegner. Dette fører til at klimaet for å diskutere tematikken gjerne blir uoversiktleg og krevjande å skulle sette seg inn i. Om ein ser på diskusjonen av terminologi som eit signal på manglande modning av eit felt, eller som ein del av ein normal utvikling av kontinuerleg semantisk refleksjon som kjem med nye fenomen, er eit kvart problem med diskusjon av det digitale rom på definisjonsnivå (Dunn Caverty, 2010:123). Å kunne forstå betydninga og konteksten vil også hjelpe dei som undersøker tematikken til å forstå samanheng og konsekvensar.

Det digitale rom, er eit domene som har mange eigenskapar som er ulikt det meste det internasjonale systemet har opplevd før, der dei tradisjonelle makt dynamikkane mellom statar er mindre relevant. Sidan det digitale rom i utgangspunktet er eit omdiskutert omgrep, blir det i denne oppgåva tatt i bruk Tallinn Manual 2.0 sitt vide omgrep på det digitale rom: «*The environment formed by physical and non-physical components to store, modify and exchange data using computer networks*» (Schmitt, 2017:564).

Det digitale rom famnar vidt utanfor domenet til interne affærar for ein stat. Som nemnd innleiingsvis, så har ei heil rekke hendingar innanfor dette domenet sørga for at det har fått ein sentral posisjon i nasjonal og internasjonal sikkerheitspolitikk, der statlege aktørar forsøker å finne svar på korleis dei skal evne å handtere denne nye trugselen (Dunn Caverty og Wenger, 2020).

Sjølv om det digitale rom er avhengig av fysisk infrastruktur, er det i prinsippet uavhengig av eksisterande geografi og grenser. Aktørar innanfor dette domenet kan difor i prinsippet nå langt utover deira eigne landegrenser, og på denne måten ha ein potensiell negativ påverknad på internasjonal fred og stabilitet. Det mest omfattande forsøket på å tydeleggjere dei juridiske spørsmåla innanfor det digitale rom er *Tallinn Manual on International Law Applicable to Cyber Warfare*, som er fasilitert av *NATO Cooperative Cyber Defence Centre of Excellence*, (CCDCOE). Utfordringa med å ta i bruk cyberåtak-omgrepet som er det som blir mest brukt i daglegdags terminologi er at den tilhøyrande definisjonen omfattar skade eller død til personar eller øydelegging av objekt (Soesanta og D’Incau, 2017).

Denne definisjonen ville sørge for at ein såg vekk frå nokon av dei største hendingane relatert til det digitale rom dei siste åra – noko som er orsaka til at eg i denne oppgåva tek utgangspunkt i cyberoperasjonar som er «[...] *employment of cyber capabilities to achieve objectives in or through cyberspace*» (Schmitt, 2017:564). Cyberoperasjonar kan difor skje ein plass, og få effektar som forplantar seg på verdsbasis. Vidare er cyberoperasjonar sett på som eit fleksibelt verktøy for å oppnå ulike mål. På den eine sida er det utfordrande å spore sjølve opphavet og kven som skal tilskrivast dette, noko som gjer det til ein effektiv måte å påføre politisk eller militært press som ein direkte strategi.

På den andre sida har noko av utfordringa og vore at det digitale rom gir svake statar og aktørar høve til å utfordre sikkerheitshegemoniet til ein låg økonomisk kostnad og låg risiko. Det å operere under fokuset til det forsvarsmessige og den juridiske terskelen til statars autoritet til å kunne svare med makt har sørge for at lågintensitets cyberoperasjonar har blitt meir vanleg som strategisk tilnærming i det digitale rom (Watts, 2011).

Mykje av problema er knytt til tilskrivninga, som er ein av fordelane for statar som engasjerer ikkje-statlege aktørar for å gjennomføre cyberoperasjonar på vegne av seg. Statar får på denne måten høve til å ha ein plausibel benektelse (Carr, 2012). Cybersikkerheit og kva det omfattar har tydelege politiske skiljelinjer – og i dei internasjonale policydiskusjonane har både cybersikkerheit og informasjonssikkerheit vore brukt, sjølv om dei grunnleggande tekniske utgangspunkta i prinsipp er dei same. Skiljet går på synet på spørsmålet om eit fritt og opent internett, og fleire aktørar har ein tendens til å ta atterhald om retten til å betrakte informasjon som eit sikkerheitspolitisk aspekt der sikkerheitstiltak må gjerast (SOU, 2015:23).

Diskusjonen kring det digitale rom og handtering har vore særleg relevant dei siste åra, og det store mangfaldet av aktørar bidreg til å komplisere situasjonen. På same tid er normene som skal definere kva som er akseptabel oppførsel i det digitale rom mangfaldig, avvikande og flytande. Å skape universelle sett med normer for å styre vidare utvikling av policy har vist seg å vere særskilt krevjande, og med individuelle vurderingar på suverenitet, kombinert med regionale og strategiske spenningar, har dette vist seg å vere eit særskilt krevjande område å regulere (Saran, 2016:4).

Det er og mykje usikkerheit i samband med eksisterande kapabilitetar og mangelen på normer og reglar for styringa av det digitale rom. Desse faktorane kan bidra til å skape eit vakuum, som gjer at aktørar utnyttar det digitale rom for å skape strategiske fordelar (Domingo, 2016). Ein ser og at dei aller fleste statar har cyberkapabilitetar – og at stadig fleire er i ferd med å skaffe seg det (Lewis, 2011). Sjølv om grunnpilarane i oppbygginga av internett vart lagt for nesten tre tiår sidan, ser ein framleis utfordringar med å regulere dette igjennom internasjonal lovgiving (Mačák, 2017).

## 2.2 FN og det digitale rom 1998-2004

Som nemnd innleiingsvis vart det digitale rom som tematikk løfta opp av Russland i FN's generalforsamling i 1998 med resolusjonen *Developments in the field of information and telecommunications in the context of international security*. I denne samanheng påpeikte den dåverande russiske utanriksministeren Igor Ivanov i eit brev til FN's generalsekretær at tematikken «[...] *has recently begun to acquire new meaning as a result of the qualitatively new stage of the scientific and technological revolution that is occurring throughout the world: the rapid development and application of new information technologies* [...]». (FN, 1998:2).

Etter å ha underbygd denne utviklinga og risikoen for eskalering og bruken av det digitale rom som våpen – trakk utanriksminister Ivanov fram at «[...] *the time has come for the question of international information security to be a topic for substantive and purposeful discussion in the United Nations*» (FN, 1998:2). Dette la grunnlaget for det vidare arbeidet med tematikken i FN.

I fortsettinga har FN's generalforsamling vedteken Russlands resolusjon på kvar ordinære sesjon fram til 2017 (FN, 2016). Desse resolusjonane tek til orde for at medlemsstatar kommuniserer deira standpunkt til FN's generalsekretær som oppsummerer desse i årlege rapportar. Seks grupper av statlege ekspertar (GGE) har blitt oppnemnd, basert på ein russisk resolusjon i 2001, som la desse føringane for opprettinga av den første GGE «[...] appointed by him (General Secretary) on the basis of equitable geographical distribution and with the help of Member States in a position to render such assistanse, and to submit a report on the outcome of the study [...]» (FN, 2002:2).

## 2.3 Group of Governmental Experts (GGE) 2004-2013

GGE er ei gruppe av statlege ekspertar, som i stor grad består av diplomatar og beslutningstakere, mange med bakgrunn innan områder som nedrusting, der ein held statlege frontar i fundamentale spørsmål og utarbeidar strategiar for å kunne fronte sine standpunkt når ein ser ei opning for det. Tikk og Kerttunen (2018a:22) definerer dette arbeidet som: «[...] the discussion of responsible behavior for states in their use of ICTs. [...] the negotiation of how states ought to understand, interpret and implement international law, build confidence and develop their capacities» Sidan arbeidet til GGE går under mandatet til FN's førstekomiteé, er prosessane avgrensa til å berre gjelde trugslar til internasjonal sikkerheit – og i gruppa har ein berre eit mandat til å kome med anbefalingar (Tikk, 2017:24).

Basert på resolusjonen i 2001 har ein hittil hatt fem GGE-grupper<sup>4</sup>. Den første GGE-gruppa vart oppretta i 2004, og bestod av uavhengige ekspertar som representerte 15 statar, for å rådge FN om korleis medlemsstatar skulle promotere fred og stabilitet i det digitale rom. Den første prosessen endte ikkje opp i ein rapport, medan den andre GGE-prosessen som vart starta fem år seinare var meir vellukka, og endte opp med ein rapport i 2010. I 2013 konkluderte den tredje GGE-prosessen med eit sett fundamentale normer, kort sagt at folkeretten også var gjeldande i det digitale rom. Den fastsette også at statar ikkje skulle bruke proxyar for å gjennomføre cyberoperasjonar på andre statar, eller la ikkje-statlege aktørar gjennomføre dette frå deira territorium (FN, 2013).

---

<sup>4</sup> GGE-prosessane har vore i 2004-2005, 2009-2010, 2012-2013, 2014-2015, 2016-2017 og no i 2019-2021.

Sjølv om den første GGE-prosessen i 2004 ikkje fekk på plass ein endeleg rapport på grunn av manglande konsensus, har desse samlingane av medlemsstatar sakte men sikkert bidratt til ei utvikling av tematikkane ein har handtert, særleg med omsyn til diskusjonane som har vore rundt folkerettens gyldigheit i det digitale rom.

Det tok nesten femten år før generalforsamlinga i FN formelt sett anerkjende prinsippet om bruken av makt i det digitale rom ved bruken av informasjonsteknologi. Ein av årsakene til denne sakte framgangen var moglegens politisk opposisjon. Nokre vestlege statar var i mot å gi generalforsamlinga noko rolle i denne samanhengen, som eksempelvis USA som og var tydeleg på at «*With respect to military applications of information technology, an international convention is completely unnecessary*» (FN, 2004:4) og vidare at folkeretten allereie var gjeldande for reguleringa av denne type teknologi.

## 2.4 GGE 2014-2015 og GGE 2016-2017

I 2014-2015 var den fjerde GGE-prosessen i gong – og bekrefta at folkeretten var gjeldande i det digitale rom. På same tid kom prosessen med nokre viktige avklaringar, sjølv om den ikkje tok opp sentrale problemstillingar knytt til bruken av makt og sjølvforsvar. Likevel var det også eit ambisiøst forsøk på å diskutere ikkje-bindande, frivillige normer av ansvarleg statleg oppførsel med formålet å bestemme korleis «*[...]norms, rules and principles can apply to State conduct of ICT-related activities*» (FN, 2015a:7).

Ein fekk og ein tydeleg diskusjon på bruken av folkeretten i det digitale domenet, som bygde vidare på GGE-rapporten frå 2013. Ein anerkjende grunnleggjande juridiske forpliktingar, inkludert løysing av tvistar med fredelege midlar, og å avstå frå bruk og trugsel om makt mot andre statar «*The Group notes the established international legal principles, including, where applicable, the principles of humanity, necessity, proportionality and distinction*» (FN, 2015a:13).

I 2017 greidde ein ikkje å oppnå ein konsensus – og det vart difor heller ikkje produsert ein endeleg rapport (FN, 2017). I følgje Bowcott (2017) var ueinigheitene prega av forskjellige standpunkt frå dei statlege ekspertane frå Russland, Kina og Cuba på eine sida – og dei vestlege statane på den andre sida. Retten til sjølvforsvar var eit av områda som var særleg utfordrande. Den amerikanske representanten i GGE, Michele Markoff påpeikte, utan å

nemne noko land, at «*It is unfortunate that the reluctance of a few participants to seriously engage on the mandate on international legal issues has prevented the Group from reaching consensus [...]*» (Markoff, 2017).

Schmitt og Vihul (2017) viste og til Russland, Kina og Cuba, og trekk fram at moglege bakgrunn for motstanden på desse spesifikke spørsmåla ved bruk av folkeretten i det digitale rom, kan vere at dei «[...] *want to avoid the perception that «the West» gets to dictate the rules of the game for cyberspace*». For første gong sidan 1999 stod ein difor i ein situasjon der ingen resolusjon vart vedteken av FN's generalforsamling. Usikkerheita som følgde var med på å så tvil om legitimiteten til denne prosessen og vegen vidare.

## **2.5 Forskjellige synspunkt på det digitale rom – USA og Russland**

Sidan byrjinga av FN-diskusjonane i 1998 med det russiske initiativet i generalforsamlinga, har det vore tydelege meiningsforskjellar i korleis ein skal handtere statleg bruk av det digitale rom. USA og Russland har stått på kvar si side i dette spørsmålet.

Fokuset til Russland har vore på forhandlinga av ein internasjonal traktat, noko som «[...] *has been vigorously opposed by Western states*» (Korzak, 2017). Vidare har dei sett på ein traktat på noko som «[...] *would ban or constrain the development or use of a wide range of military and civilian information technologies*» (Gady og Austin, 2010:6). USA på si side har hatt ei meir defensiv haldning som går på auka samarbeid knytt til bruken av folkeretten (Gady og Austin, 2010).

I høve russiske kjelder er dei amerikanske omgrepa som går på cybersikkerheit og det digitale rom sett på som tekniske omgrep (Henderson, 2015), medan dei russiske omgrepa er kopla til informasjonssikkerheit og difor sett på som «[...] *having broader philosophical and political meanings[...]*» (Gady og Austin, 2010:5). USA legg heller vekt på fri flyt av informasjon og ein fredeleg bruk av det digitale rom. Dei hevdar at Russland med sine idear med basis i internasjonal traktatar kan sørge for at totalitære regime sensurerer internett, men og vidare på kor lite realistisk det er at ei traktat kan handtere utfordringane knytt til det digitale rom blant anna på tilskrivning av cyberoperasjonar (Gady og Austin, 2010; Henderson, 2015).

### 3 Teori

I dette kapittelet skal eg gjere greie for det teoretiske rammeverket for oppgåva. I samanheng med det teoretiske rammeverket vil eg og legge fram indikatorar for å operasjonalisere teorien. Ein må vidare vere merksam på det store mangfaldet av hendingar, utfordringar og forhold i internasjonale relasjonar som ofte er komplekse og massive i omfang. Det digitale rom som domene bidreg til å forsterke denne tendensen. Vidare kan det teoretiske rammeverket bidra til at ein tenkjer kritisk, logisk og samanhengande når ein skal sette gitte situasjonar i kategoriar, slik at nivået på analyse og dei rette einingane kan bli valde. Der dette er mogleg kan det også bidra til å identifisere viktige samanhengar og mønster av oppførsel (Burchill m.fl. 2005:16-17).

Korleis kan ein forklare forskjellar i utfall i internasjonal politikk, og særleg innanfor internasjonale organisasjonar? Handlar statar basert på rasjonell eigeninteresse, eller er det slik at institusjonar, verdiar, sosial interaksjonar – eller regelstyrte prosessar kan påverke statar handlingar? Disiplinen internasjonale relasjonar (IR) er i hovudsak interessert i mønster av samarbeid og konflikt mellom statar og korleis desse mønstera er sett i relasjon med endringar i distribusjonen og karakteren av makt i det internasjonale systemet. Dei teoretiske rammeverka kan vere betre eigna til å forklare stabilitet enn endring – og dette er særleg utfordrande i dagens globaliserte verd, der spørsmål som handlar om endring i stor grad er grunnlaget for dei empiriske undersøkingane ein gjennomfører, slik som i denne oppgåva (Finnemore og Sikkink, 1998).

Det digitale rom som eigen tematikk innanfor IR er omdiskutert, og det har vore særleg poengtert at dette ikkje er nok forskning på. Med bakgrunn i sin asymmetriske og anonyme art utfordrar det digitale rom tradisjonelle forståingar av konsept som sikkerheit og samarbeid (Slack, 2016:69-70). Veldig få har systematisk analysert korleis statsvitskapelege teoriar innanfor internasjonale relasjonar kan brukast innanfor desse rammene. På den andre sida er det verdt å merke seg at dette ikkje gjeld berre det digitale rom. Adler og Haas (1992:367) legg vekt på at det er ein generell mangel på kredible teoriar og sett med forklaringar for internasjonale institusjonar, statlege interesser og oppførsel under situasjonar som er prega av usikkerheit.



Dunn Cavelty og Wenger (2020:6) på si side meiner at dette ikkje er tilfellet lenger, blant anna knytt til «[...] *interlinked changes occurring in the fields of technology, politics and science, research that applies international relations or security studies theory to different facets of the phenomenon is no longer rare* [...]». Med den auka viktigheita til det digitale rom er det desto viktigare å teste statsvitskapelege teoriar for å sjå om desse kan bidra til å svare på problemstillinga på ein god måte. Vidare har det digitale rom faktorar som gjer at det strider mot fleire av føresetnadane som ligg i kjerna av IR, noko som kan påverke kor stor forklaringskrafta er.

I si bok *The Virtual Weapon and International Order* etterlyser Lucas Kello (2017) meir statsvitskapeleg forskning på dei same momenta. Han meiner at i den akademiske debatten om det digitale rom, så har internasjonale relasjonar og sikkerheitsstudiar vore ganske fråverande med eit par unntak – og at dette er viktig å løfte fram i den tverrfaglege debatten. Sidan dette er ei viktig internasjonal utvikling, så påpeiker Kello (2017) at det er påfallande med så lite IR-baserte studiar på det digitale rom. Sjølv om empirien er ny, er teoriane eg tek i bruk i denne oppgåva ikkje det.

Litteraturen som dekker GGE-prosessane er avgrensa og mesteparten av litteraturen på det digitale rom dreier seg om *Internet Governance*, som i stor grad handlar om styringa av den tekniske infrastrukturen til det digitale rom, noko som har blitt enno meir omdiskutert etter domenets auke i geopolitisk viktigheit (Broeders, 2019). GGE-prosessane er dekkja av deler av *Internet Governance*, men det er skriven deskriptivt og lite IR-teoretisk retta. Sidan oppgåva mi handlar om sjølve GGE-prosessane vil ikkje dette bli gått djupare inn på.

Sidan det digitale rom i stor grad er handtert av ikkje-statlege aktørar, som privat sektor og den distinkte forskjellen frå den fysiske verda kan dette og påverke. Trugslane som kjem i det digitale rom blir som regel oppdaga etter dei har skjedd, i staden for medan dei held på å skje (Choucri og Clark, 2013). Dette og fleire karakteristikkar til det digitale rom vanskeleggjer ei effektiv forståing og handtering av dette domenet på den internasjonale arenaen. Til tross for dette har den framleis sin relevans sidan det involverer suverenitet, statlege interaksjonar og andre element som pregar IR-teori.

Eit viktig moment vil vere å identifisere ulike teoretiske kategoriar i det empiriske materialet for å seie noko om kven av hypotesane som svarar best på problemstillinga. Det teoretiske rammeverket vil bygge på interessestyrt og regelstyrt oppførsel, manifestert i dei aktørbaserte handlingslogikkane logic of consequences (LoC) og logic of appropriateness (LoA) som er egna til å forklare prosessar innanfor statar eller institusjonar. Av dei overordna IP-teoriane som byggjer på LoC, så vil eg vidare anvende ein nyliberal tilnærming enn realisme då førstnemnde vektlegg viktigheita til institusjonar og moglegheit for vinn-vinn samarbeid, til tross for at ein framleis antek at statar handlar ut i frå interesser. Vidare blir skiljet mellom desse to handlingslogikkane i hovudsak gå på kva som blir lagt til grunn for handling – og korleis aktørane si handling blir definert.

Dette rammeverket er spesielt godt eigna til å få ei betre forståing av samarbeid over tid igjennom institusjonar, kausale mekanismar og prosessar for å kunne ha ei forklaringskraft på kvifor det vart to forskjellige utfall på desse to prosessane. Desse teoriane fangar ikkje opp viktige spørsmål som har med leiarskap i dei gitte landa å gjere, tydelege utanrikspolitiske forskjellar utanfor omfanget til oppgåva – og andre hendingar som kan ha påverka utfallet.

Desse behøver ikkje å bli sett i motsetnad til kvarandre, men som Finnmore og Sikkink (1998) påpeiker, kan rasjonalitet og reglar vere knytt til kvarandre og bli sett i samanheng i spørsmål i IR. GGE-prosessane er komplekse, difor treng ein meir enn ein teori for å fange betre opp nyansane og dynamikkane i prosessane. Ei slik tilnærming kan gi ei meir heilskapleg tilnærming som fangar opp desse på ein betre måte. Ei utfordring med det kan vere ein viss overlapp mellom desse, som igjen kan sørge for inferens. Teoriane er likevel ikkje gjensidig utelukkande, og kan difor heller bli sett på som at dei utfyller kvarandre på ein god måte.

### **3.1 Logic of Consequences**

*Logic of Consequences* eller LoC som den vil bli kalla i denne oppgåva, er ein handlingslogikk som handlar om vurdering av alternativ, deira utfall og val basert på preferansar. Hovudmomentet er kalkulerte val mellom alternativ. Aktørar som er driven av LoC baserer ein del av si analyse på sine val for å «[...]evaluate future consequences of their decisions» (Schulz, 2016:2). Denne modellen føreset rasjonelle beslutningstakarar som følgjer eigeninteresser og at dei gitte tilhøyrande preferansane og måla veljar det

handlingsalternativet som leiar til det som er konsekvensane ein ser som ønska.

Første punktet er knytt til kva handlingslogikk ein kan tolke oppførsel igjennom. Dei som ser handling som driven av LoC ser på aktørar som at dei veljar alternativ ved å vurdere deira sannsynlege konsekvensar for sine mål – vel vitande om at andre aktørar tenkjer på det same (March og Olsen, 1998). Eit handlingsutfall i GGE-prosessane vil difor vere eit resultat av forhandlingar mellom bevisste rasjonelle aktørar som fremmer sine preferansar og interesser.

Aktørane, eller statane har difor gitte interesser og preferansar når dei forholder seg til andre aktørar. Rasjonelle val behandlar aktørars strategiske interaksjonar og oppførsel fordi dei forsøker å realisere, maksimere eller optimere deira eigne interesser og preferansar. Risse (2000) trekk fram at dette berre er mogleg om dei tek del i samarbeidande oppførsel der dei er forventa å samarbeide og koordinere med andre aktørar med målet om å oppnå sine interesser. Difor analyserer ein desse handlingslogikkane og interaksjon av rasjonalitet som ein instrumentell ein som er styrt av ei vurdering av utfallet ein kan få av ei gitt handling. LoC skaper oppførsel basert på interesser, kostnadar og fordelar og antek at andre aktørar oppfører seg på same måte (March og Olsen, 1998).

LoC føreset rasjonelle beslutningstakere som følgjer eigeninteresse og gitt sine preferansar og mål veljar alternativet som leiar til dei føretrekte konsekvensane. Internasjonalt politisk liv blir sett på som anarkisk, der individuelle statar er sett til å handle rasjonelt i tilknytning til samanhengande mål, for å saman skape gjensidig fordelande koalisjonar med andre for å søke forståingar som er gjensidig tilfredsstillande – og brukar vidare alle tilgjengelege ressursar for å maksimere oppnåing. Internasjonale institusjonar blir sett på som at det trengs eksplisitte rasjonelle val i tilknytning til dei noverande statane for å sikre deira styrke og effektivitet (Schulz, 2016).

Om koordinering skjer, og ein blir einige om å koordinere avhenger av forhandlingsposisjonen til aktørane. Politikk blir sett på som foreining av individuelle preferansar «[...]into collective action by some procedures of bargaining, negotiation, coalition formation, and exchange» (March og Olsen, 1998:950). Talet på internasjonale institusjonar og regime reflekterer kalkuleringane av aktørar med eigeninteresser, som forsøker å løyse kollektive handlingsproblem og få effektivitet igjennom traktatar, kontraktar

og utvekslingar «*Outcomes depend on the ability to find and implement Pareto improvements, counteract market failures, reduce transaction costs, and overcome conflict of interest*» (March og Olsen, 1998:956).

Nyliberalismen og realismen brukar begge ei form for konsekvenslogikk i sine handlingsmodellar, men det vil i denne oppgåva tatt utgangspunkt i nyliberalismen som vil bli meir utdjupa i neste delkapittel.

### **3.1.1 Interesser og samarbeid**

Nyliberalismen hadde sin framvekst etter andre verdskrig, og delte gamle liberale idear om endring, men forkasta idealismen i tillegg til at den la eit sterkare fokus på teori og nye forskingsmetodar. Den ville framstå som noko mellom realisme og liberalisme (Jackson og Sørensen, 2010:42-43).

Nyliberalismen fokuserer på rolla til internasjonale institusjonar i å handtere konflikt. I nyliberalismen er det tre hovudantagelser: (1) internasjonal politikk er karakterisert av anarki, (2) rasjonelle suverene statar som er interesserte i å maksimere deira eigeninteresse er hovudaktørane i internasjonal politikk og (3) institusjonar kan spele ei viktig rolle i å fasilitere samarbeid. Forskjellane mellom den og andre liberale tilnærmingar er at statar er sentrale. Dei er aktørane som designar institusjonar for å forankre sine interesser. Interessa er først definert utanfor konteksten til institusjonen, og deretter er institusjonane utforma av dei statlege aktørane for å fasilitere at ein oppnår deira felles interesser. Dette kan også forklare kvifor statar som særleg Russland har vore med på å køyre prosessar på det digitale rom igjennom FN-systemet sidan slutten på 90-talet, ved å på denne måten forsøke å styre institusjonen for å forankre sine interesser. Teorien gjeld strukturelle faktorar, men med eit fokus på samarbeid, fordi institusjonar kan formidle informasjon, minske transaksjonskostnadar og endre fordelane ein har av samarbeid (Keohane og Martin, 1995, Navari, 2008:39-41).

Robert Keohane (1984) og Robert Axelrod (1984) som har spelt ei viktig rolle i å definere denne teorien (referert i Navari 2008:39) legg særleg vekt på høvet institusjonar som FN har til å redefinere statars rolle og rolla institusjonen sjølv har som tvisteløysingsmekanisme i tvistar mellom statar. Sjølv om anarki i det internasjonale systemet framleis er lagt til grunn

og institusjonar ikkje kan løyse dette problemet, kan dei påverke karakteren til det internasjonale system ved å påverke statens preferansar og oppførsel.

### 3.1.2 Samarbeid i institusjonar

Samarbeid krevjar at handlingar blir bringen «[...] into conformity with one another through a process of negotiation, which is often referred to as «policy coordination» » (Keohane, 1984:51). Med den framdrifta som faktisk har vore i GGE-prosessane, i tillegg til viktigeita av å ha ein slik fasilitator i desse forhandlingane kan dette og ha bidratt til å senke tersklane for samarbeid, noko tidlegare prosessar viser teikn på. Statar er då sentrale aktørar, sidan utan dei blir det ikkje konsensus, men ein er og avhengig av å køyre prosessar i gjennom institusjonar som FN.

Når det er disharmoni sørgjer det for at aktørane policyar hindrar realiseringa av andre aktørars mål, og er heller ikkje tilpassa for å gjere dei meir kompatibelt. Harmoni derimot, medfører at statars policy fasilitert eller tilpassast automatisk knytt til kvarandre sine mål (Keohane, 1984:53). Dette kan eksemplifiserast ved at alle statar har ei interesse i at ein skal gjere det digitale domenet tryggare, spørsmålet er gjerne berre korleis. Ein kan vurdere påverknaden samarbeidet har hatt ved å sjå på forskjellen mellom det faktiske utfallet – og situasjonen som ein burde ha vore i, i fråvær av samarbeidet (Keohane, 1988).

Ved å drage veksling på antakelser frå klassisk realisme, i staden for å ta avstand, har nyliberalismen behaldt aktørane sine interesser, på same tid som dei sosiale kontekstane dei finn seg sjølv i, til å vere noko som er utanfor. Desse rasjonalistiske studiane er difor viktig for å kunne finne dynamikkar for å forklare førekomsten av innanlandsk konformitet med vaksande eller rådande globale trendar. Nyrealistane har og lagt vekt på at statar har større sannsyn for konflikt og har utfordringar med samarbeid. Til tross for institusjonar og felles interesser er dette ifølge nyrealistane ikkje noko hjelp i det anarkiske systemet der ein kvar stat må hjelpe seg sjølv. Nyliberalistane derimot påpeiker at dette er ugrunna pessimistiske antakelser fordi ein underminerer påverknaden av institusjonane (Hellmann og Wolf, 1993, Epstein, 2008:9-10).

Maktfordeling som realistane legg vekt på er og her viktig, saman med fordeling av materiell velstand. Den menneskelege aktiviteten på det internasjonale nivå blir også rekna som viktig, men internasjonale regime forandrar informasjon tilgjengeleg til statar og moglegheitene dei

har. Forpliktingane til å støtte slike institusjonar kan berre bli broten ved ein kostnad til sitt rykte. Internasjonale regime kan difor endre statars kalkulasjon av fordelar, men dette er ikkje utfordringar (Keohane, 1984:26).

Logikken til fangens dilemma<sup>5</sup>, vektlegg utfordringa med gratispassasjerar, og økonomiske teoriar som går på marknadstenking. Den trekk fram transaksjonskostnadar inklusive informasjon, som barrierar til effektiv samarbeid, dette er viktige element i Keohane (1984:107) sin teori. I tillegg til å forklare skipinga av regime, blir desse verdifulle funksjonane og ei forklaring på kvifor internasjonale regime fortsett. Sjølv om det kan vere motstand, kan institusjonar bidra til fasilitering av samarbeid imellom og innan statar for å hjelpe dei til å finne gode løysingar. For at samarbeid skal gå føre seg må statar ha gjensidige interesser, om ein ikkje ser fordelene av dette vil ikkje samarbeid skje, ei heller utvikling av institusjonane som fasiliterer samarbeid (Keohane og Martin, 1995). Det er tydelege interesser frå dei aller fleste statar at ein må gjere noko med det digitale rom og viktigheita av samarbeid. Forskjellane ligger heller på korleis og kva grep ein skal måtte ta.

Utfordringar på koordinering av utfall går også på at det vanlegvis eksisterer meir enn eitt ønska stabilt samarbeidsutfall – og statane involvert er kanskje ikkje einige i kven av desse utfalla som er den mest ønska, sidan kvar einaste har forskjellige fordelingskonsekvensar. I krevjande og komplekse problemstillingar kan internasjonale institusjonar gå inn å utforme *constructed focal points* for å gjere gitte utfall føretrekte (Keohane og Martin, 1995:45). Slike fokuspunkt kan sjåast i samanheng med GGEs mandat og vidareutvikling av kapasitetsbygging, tillitsbyggande tiltak og korleis folkeretten gjeld i det digitale rom.

Samarbeid over tid gjennom institusjonar sørgjer for at statane får ein kontinuerleg interaksjon, noko som har vist seg viktig i GGE-arbeidet. I slike miljø er incentiva for statane lågare, og verdien av ryktet til ein stat høgare. Institusjonar spelar med andre ord ei viktig rolle i samarbeid – og for å legitimere og delegitimere statlege handlingar (Keohane, 2005:3). Institusjonar kan vere ein nøytral arena der statar kan samarbeide og løyse konflikhtar ved å gi truverdig informasjon, redusere usikkerheit og minimere transaksjonskostnadar. Ei utfordring i tilknytning til dette er å sørge for at statar forstår desse moglege fordelane for samarbeid.

---

<sup>5</sup> Fangens dilemma tilhøyrer spillteori, og viser at to tilfeldige rasjonelle individ moglegens ikkje kjem til å samarbeide, sjølv om det er i begge si interesse i å gjere det (Kaznatcheev, 2015).

Institusjonelle ordningar kan difor spele ei viktig rolle i å regulere og handtere ein ressurs. Sidan det digitale domenet har utfordringar knytt til tilskrivning, informasjon og store avvik i kapasitet og kunnskap imellom medlemsstatane er dette særleg viktig i denne samanhengen. Den koordinerande mekanismen som FN har, kan bidra til at statar fangar opp moglege gevinstar frå samarbeid. Ved å ha eit slikt fokus aukar og moglegheita for utfall basert på samarbeid (Keohane og Martin, 1995).

Nyliberalismen ser ikkje på statars interesser som berre makt, men og velvære, med bakgrunn i at statar kan samarbeide når dei ser at ein har gjensidige interesser (Keohane, 1984:21-22). Samarbeid her involverer den gjensidige justeringa av policy ved at «[...] *intergovernmental cooperation takes place when the policies actually followed by one government are regarded by its partners as facilitating realization of their own objectives, as the result of a process of policy coordination*» (Keohane, 1984:52-53).

Vidare er ein «[...] *less explicit about their models of actor behavior since they have more complex ideas about «self-interest» and how it can change*» (Keohane, 1984:66). Ein har ei fundamental førestilling av både prosess og institusjonar – dei endrar oppførsel, men ikkje interesser og identitet. I tillegg til denne måten å framstille forskingsspørsmål på, har realismen og nyliberalismen liknande antakelser om aktørar, der statar er dei dominante aktørane i systemet, og definerer sikkerheit i det som handlar om eigeninteresse (Wendt, 1992).

Det internasjonale politiske system blir ikkje sett på utelukkande som anarkisk slik som i realismen, men også institusjonalisert – manifestert i kompleks gjensidig avhengigheit. Slik formar ein statars oppførsel, som gjer det meir gunstig for samarbeid. Anarkiet skapar utfordringar for samarbeid knytt til asymmetrisk informasjon, usikkerheit og uvisse jamfør andre aktørars oppførsel og eventuell juksing. Med det digitale domenet som bakteppet blir og desse enno meir uklare – og vanskeleggjer transparens og ansvarlegging. Med gjensidig avhengigheit kan ein sørge for gjensidige interesser i samarbeid og sørge for at bruken av makt på mange måtar er ineffektivt for mange policymål. Basert på dette formar statar institusjonar slik at dei kan oppnå deira egne mål som elles ville vore umogleg, med forventa effekt på oppførsel (Keohane og Martin, 1995, Keohane, 1984:79-80). Dette er en mulig faktor som kan forklare kvifor Russland har vore i front for prosessar på det digitale rom

igjennom FN-systemet sidan slutten av 90-talet, ved å forsøke å forme FN slik at dei kan oppnå deira egne mål igjennom institusjonen.

### 3.1.3 Operasjonalisering av H1

Gjennom det teoretiske rammeverket knytt til LoC blei hypotese H<sub>1</sub> utforma:

*Framdrifta i GGE-forhandlingane i 2015 og 2017 var avhengig av statars fordelar av samarbeid og gjensidige interesser.*

Hypotesen blir operasjonalisert i to indikatorar slik:

#### 1. Fokus frå deltakarane i GGE på det felles trugselbiletet som det digitale rom representerer

Dette blir målt i samanheng med gjensidige interesser, USA og Russland har til felles at dei har interesser i det digitale domenet, men forskjellar i korleis dei ynskjer å handtere dette domenet. Ein ser på samarbeid som gjensidig justering i staden for å sjå på det som å reflektere ein situasjon der gjensidige interesser veg sterkare enn motstridande interesser. Ein må på denne måten skilje mellom samarbeid og det faktum at ein har gjensidige interesser. Når det er usikkerheit og aktørane har forskjellig tilgang til informasjon, kan utfordringane vere til kollektiv handling og strategisk kalkuleringar som kan hindre ein i å oppnå sine gjensidige interesse (Keohane, 1984:12)

#### 2. Auka institusjonell dialog og tiltak i GGE for å styrke transparens

Dette blir målt i samanheng med statars fordelar av samarbeid knytt til transparens i statars vilje til å utveksle informasjon. Viktig å påpeike at sjølv i samanhengar der statar har gjensidige interesser kan statar ha utfordringar med samarbeid på grunn av mangelfull transparens. Det å redusere usikkerheit og motarbeide asymmetri i informasjon er viktige moment for å fasilitere samarbeid, og på denne måten er transparens viktig for å skaffe produktive utfall.

Dei utleia indikatorane knytt til LoC tek utgangspunkt i kjerneelementa til interessebasert oppførsel, som og i tilknytning til nyliberalismen omhandlar ideen om felles interesser som



statar kan oppnå saman. Sidan institusjonar kan formidle informasjon, minske transaksjonskostnadane og endre fordelane ein har av samarbeid er dette interessante vurderingar å gjere seg i høve statlege interesser og oppførsel i dei valde GGE-prosessane.

I denne oppgåva vil ein på denne måten vurdere forklaringskrafta på forskjell i utfall med operasjonaliseringa i indikatorane ovanfor, som heng tett saman med kvarandre.

## 3.2 Logic of Appropriateness

I diskusjonane kring kva som har best forklaringskraft og empirisk omfang av dei forskjellige handlingslogikkane trekk konstruktivistane fram *logic of appropriateness*, heretter LoA der ein argumenterer at eit individs handlingar er styrt av sosiale forventingar heller enn nyttemaksimering. Institusjonelle rutinar er følgt opp, sjølv om det ikkje er nokon openbar eigeninteresse involvert (March og Olsen, 1989, Finnemore og Sikkink 1998). For konstruktivistar er ikkje interesser og identitetar strukturelt bestemde, men heller definert igjennom ein prosess med interaksjon (Ruggie, 1998).

Ueinigheit over rasjonalistiske forklaringar sørga for at konstruktivistane ville demonstrere at noko av oppførselen ikkje er driven instrumentelt, men heller at den er regelstyrt. I motsetnad til LoC, der aktørar gjer ei avgjersle basert på eigeninteresse og kost-nytte, referer LoA, som underbygger den regelstyrte oppførselen, til handling som er tatt for gitt og som samsvarar med ein aktørs identitet (March og Olsen, 1989, 1998). Slike val er styrt av ei kjensle av kva ein bør gjere for moralske orsakar – eller for noko som er tatt for gitt i ein kvar situasjon.

LoA har bakgrunn frå, og er basert på studiane av moderne formelle organisasjonar. Moment som er trekt ut frå desse i teorien, er at individuell oppførsel innanfor organisasjonar er strukturert jamfør dens reglar, rutinar og standard prosedyrar som definerer målsetjingane og funksjonane til desse organisasjonane. Det institusjonelle perspektivet står i kontrast til tolkingar av politikk som antek eigeninteresse og rasjonelt kalkulerande aktørar, instrumentalisme og LoC (March og Olsen, 2004). Ein aktørs handling som skjer i ein gitt situasjon, som eksempelvis GGE-prosessen, vil aktøren i denne situasjonen handle i tråd med dei integrerte normene og verdiane. March og Olsen (1998) legg likevel vekt på at det vil til stadigheit vere moment frå både LoA og LoC, når aktørar går inn i nye sosiale relasjonar på

bakgrunn av eigeninteresser, men at ein med erfaringar i samarbeidet etter kvar vil føre til at ein får normer og felles identitet og at ein på denne måten vil i stadig større grad styrast av LoA.

I sin artikkel kritiserer Ole Jacob Sending (2002) LoA, og trekk blant anna fram at den har ei strukturell partiskheit og er inkonsistent med sentrale faktorar i konstruktivismen, som for eksempel at agentar og strukturar er gjensidig konstituerande. Det blir og påstått at den ikkje greier å gjere greie for handlingsmekanismen der endringar i normer skjer. Teorien kan gjere greie for kvifor og korleis nye reglar og normer blir følgd, men berre etter dei er internalisert (Sending, 2002).

Tilsvaret til konstruktivistane er at Sending ikkje gir tilstrekkeleg merksemd til forskjellen mellom konstituerande og regulative normer. Om eit område ikkje er styrt av normer, må aktørane inn i ein normgivande diskurs. Måten dei vil gjere dette på vil vere styrt av prosedyremessige normer. Normer former ikkje åtferd i det ein ser på som tradisjonell kausalitet, men språk må tolkast - og dette gir eit moglegheitsrom innanfor LoA som på denne måten svarer på Sendings kritikk. Sidan det er ein del usikkerheiter kring reguleringa av det digitale rom, kan prosedyremessige normer knytt til forhandling vere aktuell som ein praksis i det internasjonale diplomati. På denne måten kan handling bli styrt der ein ikkje har tydelege normer og reglar. (Müller, 2004).

### **3.2.1 Dynamikkane til reglar, institusjonar og identitetar**

Analysar basert på LoA i internasjonale relasjonar blir gjerne ikkje beteikna som det mest vanlege valet sidan ein i

*[...] international environment, where a logic of consequences is likely to be more compelling than a logic of appropriateness because rules can be in conflict, hierarchical structures of authority are absent, power asymmetries are high, and the benefits derived from pursuing instrumental policies can be great (Krasner, 1999:210).*

March og Olsen (1989:23) som står bak LoA legg opp til at den består av tre element: (1) kva er situasjonen, (2) rolle eller identitet til aktør, (3) reglar. Å handle på ein gitt måte følgjer frå og kan forklarast frå 1 til 3. Politisk handling blir sett på som noko som er regel og

identitetsbasert. Relevansen til institusjonar i teorien er relatert til dens funksjon som koplingsboks mellom handling og den institusjonelle konteksten. Det er difor institusjonane som definerer kontekst av handling og på denne måten skaper orden igjennom prinsipp og definering av gitte måtar å handle på igjennom reglar (March og Olsen, 1989:24).

Institusjonar er organisatoriske overeinskomstar som linkar roller, identitetar, oppfatningar av situasjonar, ressursar og beskrivande reglar og praksisar. Dei skaper aktørar og møteplassar og organiserer relasjonane og interaksjonane mellom aktørar. Dei styrer oppførsel og stabiliserer forventingar, i det som blir kalla regelstyrt oppførsel (March og Olsen, 2004:5). Med dette perspektivet vil ein stat i GGE-prosessar forsøke å finne etablerte reglar tilpassa sine interesser for å halde seg innanfor det som er forventningsrammene.

Dette betyr likevel ikkje at ein stat blindt vil følge prosessar, om ein aktør ser på ein situasjon som ei krise vil den bruke og følgje andre reglar når den handlar enn ein aktør som ser på same situasjon som vanleg. Eit argument for viktigheita til institusjonar, er at dei organiserer og strukturerer mening for aktørar, produserer liknande oppførsel frå forskjellige aktørar på grunn av deira rolle i å forme sentrale identitetar og dei verktøya dei tolkar situasjonar med. *«The rules provide criteria for what is worth striving for, and for what is accounted as good reasons for action»* (March og Olsen. 1989:161).

Ved å avgjere ein identitet, plasserer ein aktøren i eit rammeverk der forpliktingane tilknytt identiteten avgjer motivasjonen for hensiktsmessig handling, der tilhøyrande prestasjon kjem gjennom bruk av ein regel som spesifiserer kva som er hensiktsmessig i den aktuelle situasjonen *«The matching of identities, situations, and behavioral rules may be based on experience, expert knowledge, or intuition, in which case it is often called «recognition» to emphasize the cognitive process of pairing problem-solving action correctly to a problem situation»* (March og Simon 1993:10-13 i March og Olsen, 2004:4).

Å skulle definere identitet er tidskrevjande – og krevjar evne. For å forstå påverknaden reglar har på handling, må ein studere prosessar som styring av merksemd, valideringa av bevis, tolking av reglar, kodifisering av erfaringar til reglar og mekanismane som institusjonar fordeler ressursar og gjer i stand aktørar til å følgje reglar på tvers av ein variasjon av kontekster og situasjonar (March og Olsen, 2004). Domene som det digitale rom med ueinigheiter knytt til manglande reglar og tolking av eksisterande reglar er særleg interessant å sjå oppimot desse teoretiske antakelsane innanfor prosessane som går føre seg i GGE.

Identitetar er kollektive meiningar som er bygd opp over tid, igjennom gjentatte interaksjonar som gir tilhøyrande forventningar for framtidige interaksjonar. Statar avgjer deretter deira interesser og handlar mot andre statar i samsvar med forventningane om kva som er ein hensiktsmessig oppførsel (Wendt, 1992:396-397).

### 3.2.2 Regelstyrt oppførsel

*Rules of appropriateness*, eller *regelstyrt oppførsel* som det vil bli kalla i denne oppgåva er sett på som:

*[...] carriers of lessons from experience as those lessons are encoded either by individuals and collectivities drawing inferences from their own and others' experiences, or by differential survival and reproduction of institutions, roles and identities based on particular rules* (March og Olsen, 2004:12).

Regelstyrt oppførsel som er assosiert med suksess eller overleving blir truleg gjentatt. Reglar som er assosiert med fiaskoar blir ikkje det (March og Olsen, 2004:12). Dette kan bidra til å forklare kvifor einskilde statar som var einige i ei rekke prinsipp ved GGE-prosessen i 2015 kan ha endra oppførsel til neste prosess sjølv om mange av vilkåra framleis var til stades. Reglane definerer kva som er hensiktsmessig, og vil vere konstituerande for det politiske fellesskapet dette skal vere ein del av. Det som er den regulerande dimensjonen til reglane kan difor ikkje bli forstått i fråværet av deira konstituerande dimensjon som definerer sjølve meininga av den sosiale praksisen innanfor denne handlinga. «*Rules provide codes of meaning that facilitate interpretation of ambiguous worlds*» (March og Olsen, 2004:10).

Reglar avgjer kva som er hensiktsmessig handling. Dei fortel også meir eller mindre, kvar aktørane skal sjå på presedens i tidlegare tilfelle, kven som er dei autoritative tolkarane av forskjellige typar reglar og kva som er tolkingstradisjonane (March og Olsen, 2004). Det er naudsynt å forstå prosessane der reglar er overført i faktisk oppførsel og faktorane som kan styrke eller svekke relasjonen mellom reglar og handlingar. I denne samanheng er det fleire faktorar som er interessante, som eksempelvis aktørars forhold til tidlegare erfaring og korleis dei hentar, lagrar og handlar ovanfor desse. Vidare er det moment som hindringar for å lære

og løyse uklarheiter og konflikthar om situasjonen – kva erfaring er relevant; rolle, identitet eller reglar. Betydinga av dei og kva som er hensiktsmessig handling er og krevjande å vurdere (March og Olsen, 2004:7).

Enkelte gonger kan aktørar vite kva dei skal gjere, men ikkje ha høve til å gjere det fordi normative reglar og kapabiliteter er inkompatible. Aktørar er avgrensa av kompleksiteten til krava som er lagt til dei og av distribusjon og reguleringa av ressursar, kompetanse, og organiseringsskapasitet, som er den institusjonaliserte kapabiliteten for «[...] *acting appropriately*[...]» (March og Olsen, 2004:10).

For å danne seg ei betre forståing av dynamikkane bak reglar, institusjonar og identitetar er det viktig å sjå på fleire endringsprosessar og ikkje fokusere på ein enkelt mekanisme. Endringar vil truleg ikkje bli styrt av ein enkelt prosess, men heller igjennom utallige samanhengande prosessar og erfaringar i eit variert landskap av situasjonar og stader. Dette gjer som nemnd i avgrensinga at andre faktorar som ikkje vil vere med i denne oppgåva kan påverke. Sjølv når resultatet er normativt rettferdiggjort av rasjonelle forklaringar. Handling er berre delvis regelbasert – og det er stort mangfald i menneskelege motivasjonar og handlingsmodus (Eder 1999:203 i March og Olsen, 2004:17).

### 3.2.3 Prosedyrereglar

Prosedyrereglar si rolle er å «[...] *constituting this practice provide an instruction manual that enables authorized actors to engage in contextually appropriate ways of making and interpreting rules, and for applying rules to particular cases*» (Raymond, 2019:8). Vidare spelar dei ei rolle for å vurdere og avgjere framlegg som kjem for endringar i reglane i det internasjonale systemet, fordi aktørar vurdere slike framlegg jamfør deira forståing av dei relevante prosedyreglane (Raymond, 2019:8). Desse prosedyrereglane fungerer difor som meta-reglar, som på same tid avgrensar og mogleggjer aktørar og forskjellige handlingar (Raymond, 2020).

Praksisen knytt til det å utforme, tolke og anvende reglar er sentral for å forstå dei kausale mekanismane og prosessane assosiert med både reprodusering og transformering av institusjonar. På denne måten kan ein forklare forma av ei viktig undergruppe for endring i det internasjonale systemet. Desse prosedyrereglane som utgjer denne praksisen gir ein slags

manual som gir aktørar høve til å delta i hensiktsmessige måtar å utvikle og tolke reglar på kontekstuell, og for å anvende reglar til gitte sakar (Raymond, 2019:8).

Enkelt forklart er reglar «[...] *statements that tell people what we should do*» (Onuf, 2012:4). Om ein ikkje evner å gjere det reglane fortel ein skal gjere, kan ein forvente konsekvensar som at ein anna regel vil sørge for trer i kraft når dei som følger regelen ber om slike grep. På alle måtar slik som når folk handterer reglar, om vi følger eller bryt dei, om ein utformar dei, endrar dei eller kvitter seg med dei, kan ein kalle dei praksis. «*Even when we do not know what a rule says, we can often guess what it is about by looking at people's practices*» (Onuf, 2012:4).

Sjølv om det digitale rom blir dratt fram som manglande regulert, påpeiker Müller (2004) at det ikkje er noko område i internasjonale relasjonar som er komplett normfri. Policy-område som i det digitale rom kan mangle tydelege normer og prinsipp som guidar statars åtferd, men om statar kjem til konklusjonen at ein er avhengig av kvarandre på dette området, og dette gjer samarbeid ønska og normer som styrer oppførsel er naudsynt, vil prosedyrenormer eksistere som kan hjelpe i å framforhandle slike normer frå byrjinga av. I denne samanheng kan reglar også ha store likskapar til normer, særleg definert i konstruktivismen som «[...] *standards of appropriate behavior for actors with a given identity*[...]» (Finnemore og Sikkink, 1998:891).

Det å lage, tolke og bruke reglar er styrt av eit sett av prosedyrereglar. Desse prosedyrereglane har endra seg over tid, og vil, som andre reglar, berre fortsette å eksistere så lenge dei er manifestert i praksis av aktørar. Desse reglane berre styrker og avgrensar aktørar i å lage, tolke og bruke sosial reglar. I tillegg er det differensiert på forskjellige aktørar.

Prosedyrereglar knytt til utforming av reglar og dei sosiale praksisane som er tilhøyrande kan dermed styrke konstruktivistiske moment for å kunne forklare endringar i institusjonar og reglar som er bestanddelane til det internasjonale systemet. Dette igjennom å forklare prosess og form, men og å forklare kvifor einskilde utfall eller forsøk kan feile eller lukkast (Raymond, 2019:8).

Prosedyrereglar og den sosiale praksisen knytt til utforming av reglar kan vise viktigeita av global styring sett i tilknytning til studiet av det internasjonale system og ved å vise viktigeita av desse, kan ein utvide den noverande forståinga av autoritet i det internasjonale system for

vidare å forsterke den noverande litteraturen innanfor internasjonale relasjonar og på den måte sørge for betre forklaringskraft (Raymond, 2019:7-8).

### 3.2.4 Operasjonalisering av H2

Gjennom det teoretiske rammeverket knytt til LoA blei H<sub>2</sub> utforma:

*Regelstyrt handling spelte ei viktig rolle for framdrift i GGE-forhandlingane i 2015 og 2017.*

Hypotesen blir operasjonalisert i to indikatorar slik:

#### 1. *Bruk av prosedyrereglar for å fremme sin agenda*

Dette blir målt i bruken av prosedyrereglar. USA og Russland har begge sterke meiningar om korleis det digitale rom skal regulerast, kvifor greidde USA å forlenge eksisterande prosedyrereglar knytt til folkerett til dette nye domenet, medan Russland ikkje evna å få gjennomslag for standpunktet dei har fronta over lengre tid, nemleg det å sikre ein multilateral traktat? Prosedyrereglar fungerer som meta-reglar, eller utvikling av nye reglar, som på same tid mogleggjer og avgrensar dei forskjellige aktørane og tilhøyrande former av sosiale handlingar.

#### 2. *Forventningar til deltakarane i prosessen*

Dette blir målt i samanheng med påtekne roller som kan vere avgrensande for deltakinga i slike prosessar. Russlands tidlegare og noverande rolle i FN knytt til det digitale rom som tematikk vil eksempelvis sette høge krav og forventningar. Dei usikre faktorane tilknytt rollar, identitetar, reglar og situasjonar krevjar detaljerte observasjonar av prosessar som igjennom reglar er oversett i oppførsel igjennom tolking og tilgjengelege ressursar (March og Olsen, 1995) Regelstyrt oppførsel skiljer seg frå interessebasert rasjonell oppførsel ved at aktørane «[...]try to "do the right thing" rather than maximizing or optimizing their given preferences» (Risse, 2000:4).

Dei utleia indikatorane tek utgangspunkt i at deltakarane, manifestert i USA og Russland drog veksle på eksisterande prosedyrereglar tilhøyrande folkerett og diplomati for å kunne fremje sine standpunkt på dei mest ønska og hensiktsmessige reglane for å styre statleg bruk av det digitale rom. Desse reglane kan både styrke og avgrense statlege representantar, men og på same tid gi dei høve til å fremje sine standpunkt og evaluere framlegg frå sine kollegaer. Om representantane i GGE deltok i ein regelstyrt praksis ved å bruke gamle reglar til nye casar, vil prosedyrereglane som styrer denne praksisen vere ein naudsynt komponent for å kunne forklare utfall – men og korleis dei tilhøyrande prosessane føregjekk (Raymond, 2020).

Utfordringane kring desse casane som er vald er at dei handlar i stor grad omhandlar det som ein reknar som ein subdisiplin under internasjonale relasjonar, nemleg internasjonal sikkerheit – som ofte er sett på som den delen der materiell makt og fokuset kring dette dominerer. Eg argumenterer i denne samanheng ikkje for at dette ikkje er til stades i desse casane, men viser heller korleis regelstyrt oppførsel kan avgrense.

Om dette stemmer, skal ein jamfør Mark Raymond (2019:8-9) sjå dette i empiri ved at aktørar presenterer og vurderer dei foreslåtte reglane eller tolkinga av desse i ein samanheng som er konsistent med relevante prosedyrereglar. Dei skal delta i både kritisk og rettferdiggjerrande oppførsel som gir referansar til slike prosedyreregler. Dei spelar ei vital rolle i å bestemme om det blir suksess eller ikkje på spesifikke framlegg for endringar i reglar i det som handlar om spelet i det internasjonale systemet, fordi aktørar vanlegvis vurderer slike framlegg jamfør deira forståinga av dei relevante prosedyrereglane. Vurdering av utforming av reglar er komplisert fordi desse forhandlingane framleis gjeng føre seg, men likevel årsaka til at eg valde å avgrense i dei to prosessane.

### **3.3 Operasjonalisering av teoretisk rammeverk**

Tidlegare i kapittelet gjorde eg greie for det teoretiske rammeverket og operasjonalisering av hypotesane. Om dei teoretiske antakelsane frå interessebasert handling er dei som har størst forklaringskraft, kva empiriske funn kan ein forvente – og tilsvarande om regelstyrt handling har vore med å styre statleg oppførsel. Alle andre element er ikkje like i den ekte verd, mange andre moment og utanrikspolitiske forhold kan påverke, men ein må likevel forsøke å definere kva ein kan forvente å finne om ein teori er riktig (Manheim mfl. 2006:6).



Basert på det teoretiske rammeverket blei det lagt fram to hypotesar, og det er desse som er operasjonalisert. Ved å operasjonalisere desse teoretiske førestillingane til konkrete målbare indikatorar kan ein måle faktorar som kan forklare forskjellane i utfall mellom dei to prosessane ved å flytte det frå det konseptuelle til det operasjonelle. Det vil difor bli tatt utgangspunkt i statleg oppførsel frå dei to statane Russland og USA. Vidare er dette delt i regelstyrt og interessebasert handling som indikatorar og som på denne måten blir målt igjennom eit teoretisk rammeverk.

Sidan prosessane er basert på konsensus kan det sjølvsgd vere andre statar som hindrar ein konsensusrapport, men sidan desse to statane har tydelege forskjellige standpunkt tilknytt forvaltning av det digitale rom er det naturleg å ta utgangspunkt i desse, som gjort greie for tidlegare i kapittel 2. Kvar hypotese har ein tilknytt teori, om denne stemmer vil det vere denne teoriretninga som har størst forklaringskraft. Sidan GGE-gruppene er konsensusbasert, er utfall avhengig av preferansane eller oppfatningane som blir haldt av dei statlege aktørane. Difor er det naturleg å sjå på Russland og USA innanfor rammene til desse hypotesane.

## 4 Metode

Forskingsmetode er «[...]a method of testing theories and hypotheses by applying certain rules of analysis to the observation and interpretation of reality under strictly delineated circumstances» (Manheim mfl. 2006:3). Det er med andre ord ein framgangsmåte for å samle inn, klassifisere og analysere empiri. Oppgåva er ein komparativ casestudie som tek i bruk datatriangulering, basert på fleire datainnsamlingsmetoder (Yin, 2014:120-121). Det er gjennomført feltarbeid med semi-strukturerte eliteintervju og dokumentanalyse av primær og sekundærkjelder. Å bruke fleire metodar i same studie i internasjonale relasjonar er ein veksande trend (Levy, 2008).

### 4.1 Casestudie

Ein har ikkje eit tydeleg felles omgrep av kva ein case er, men det som er felles for dei fleste omgrepa er vektlegging av ei inngåande studie av ei eller nokre få einingar ein skal undersøke. I denne oppgåva blir difor denne definisjonen lagt til grunn «*Caser er intensive studier av en eller noen få enheter. Case kan være organisasjoner [...], forhandlinger, en diskurs, et hendelsesforløp, en handling, en prosedyre, et utsagn [...]*» (Andersen, 2013:23).

Å gjennomføre ein casestudie kan gi høvet til å forklare kvifor einskilde resultat kan skje, i staden for å berre finne ut kva som skjer. Difor har casestudie ei styrke i samanheng, forståing og forklaring av prosessar og handling. Sjølve casen er som regel noko som eksisterer frå tidlegare, og ikkje noko som er kunstig tilrettelagd for gjennomføringa av forskinga. Vidare får ein høve til å bruke forskjellige kjelder og eit mangfald av datamateriell som ein del av forskingsopplegget. Denne metodikken fungerer best når ein ynskjer å utforske ein tematikk i djupna og gi ei forklaring som kan handtere det komplekse i situasjonar i røynda (Denscombe, 2007:36-38). Sidan GGE-prosessane er lukka og komplekse er dei difor relevante casar å bruke i denne studien.

Ei utfordring med casestudiar er at dei berre kan ha tentative konklusjonar om kor mykje av ein gitt variabel påverkar utfallet i ein gitt case. Casestudiar er difor sterkare på å identifisere omfanget av teoriar og vurdere argument om kausal naudsyn eller tilstrekkelegheit i gitte casar enn dei er på å vurdere generaliserte kausale effektar på variablar på tvers av casar. Dei er heller mykje sterkare på å vurdere om og korleis ein variabel påverka utfallet enn å vurdere

kor mykje den betyde, noko som gjer det godt eigna i denne oppgåva, der deler av problemstillinga nettopp handlar om korleis dei valde variablane kan forklare forskjell i utfall (George og Bennet, 2005:25).

Casestudiar ofrar den breie tilnærminga for bruk av teori til å utvikle kumulative generaliseringar som kan brukast til veldefinerte typar eller subtypar av casar med ei høg grad av forklaringskraft. Ein er difor meir interessert i å finne vilkåra der gitte resultat skjer, og mekanismane dette skjer igjennom, heller enn å avdekke frekvensen av desse tilhøva og utfalla (George og Bennet, 2005:31). Dette gjer case-studie føremålstenleg å bruke i studiet av GGE-prosessane i FN-systemet, avgrensa til to prosessar med to forskjellige utfall. Casane er heller ikkje vald tilfeldig, men på kjente eigenskapar, i motsetnad til fleire andre studiar på same feltet (Denscombe, 2007:39).

I denne oppgåva blir det gjort ei teoritstande casestudie, med ønske om å forklare forskjellar i utfall, det er ikkje eit mål å strekke det i retning generalisering. Heller enn å sjå på casestudia som noko som skal bli brukt for å generalisere ein breiare populasjon, kan denne studien vere ei moglegheit til å belyse teoretiske konsept. Sjølv om dei empiriske funna knytt til desse prosessane og dei valde statane har låg ytre validitet og ikkje nødvendigvis kan generaliserast til andre casar, kan resultatane vere relevant for bruken av og utvikling av statsvitskapeleg teori innanfor denne tematikken.

## 4.2 Val av case

Denne oppgåva er ein komparativ studie av to prosessar med ulikt utfall med utgangspunkt i dei to statane USA og Russland som eg kjem tilbake til seinare i kapitlet. Handlingane til dei to sentrale statane som er blitt vald ut, blir brukt som indikatorar for å kunne måle opp imot det teoretiske rammeverket og for å sjå om dette har forklaringskraft til dei forskjellige utfalla til casane.

I denne oppgåva blir det brukt komparativt design, noko Bryman (2016:64) definerer som «[...]entails studying two contrasting cases using more or less identical methods». I nyare tid har også fleire forskarar tatt til orde for å bruke fleire casar i casestudiar. Ved å samanlikne to eller fleire casar, får forskaren høve til å betre etablere tilhøva til om ein teori er tilstrekkeleg eller ikkje (Eisenhardt 1989; Yin 2009 i Bryman, 2016:67).

Eg skal i denne oppgåva analysere to casar, GGE-prosessen som var ferdig i 2015, og GGE-prosessen som var ferdig i 2017. Vidare skal eg sjå nærmare på sjølve prosessane, med bakgrunn i USA og Russlands handlingar og standpunkt i dei to GGE-prosessane

*UN GGE is a consensus platform, and given the long-standing differences in stances formulated by the most vocal participants the US, Russia and China, this reveals the ongoing contest over who sets, shapes and interprets international norms, [...] representing the ultimate manifestation of power [...] (Kulikova, 2015:2).*

Med omsyn til FNs arbeid på dette området, er det fragmentert, med eit veldig kompleks system av organ og med ekspertise som er spreidd igjennom systemet, noko som vil tilseie at ei full analyse av arbeidet som blir gjort i FN-systemet er større enn omfanget denne oppgåva kan ha (Henderson, 2015:446). Dette er orsaka til at det vil bli tatt utgangspunkt i arbeidet og standpunkta dei gitte statane har gitt uttrykk for i FNs GGE.

Standpunkta og dynamikkane i prosessane blir difor særleg viktige, for å gå i djupna på desse statane og om moglege endringar i deira interesser eller handlingar kan bidra til å forklare forskjellane i utfalla. Utarbeidinga av ein GGE-rapport er ein prosess med beslutningstaking der forskjellige statlege aktørar må samarbeide; kvar einaste aktør kan nekte å innpasse element i ein rapport, noko som gjer at den konsensusbaserte prosessen stoppar opp – og ein ikkje får publisert ein rapport.

Difor er det interessant å ta utgangspunkt i to av statane som blir rekna for å stå på kvar si side i meningsfellesskapet og som blir dratt fram som nøkkelstatar i GGE-prosessane som referert til ovanfor (Kulikova, 2015). Det vil også vere interessant å sjå nærmare på det faktum at Russland blei med på ein konsensusrapport i 2015 som kan sjå ut å vere imot deira eigne interesser jamfør det dei har ytra tidlegare, mot at dei i 2017 angiveleg var blant landa som valde å bryte.

Med samanlikningane av desse to casane kan ein betre avdekke årsakssamanhengar. Fleire casar er og betre når ein skal teste hypotesar fordi ein får auka kontroll over utanforliggende kausal påverknad (Levy, 2008, Jacobsen, 2015:105). Dette er viktig då «[...]multiple-case

*study offers an even greater opportunity, because the researcher will be in a position to examine the operation of generative causal mechanisms in contrasting or similar contexts»* (Bryman, 2016:68). Valet av case og posisjonar har i denne oppgåva basert seg på forkunnskap om bestemte tiltak og hendingar. Den sjåast i lys av ein analytisk kontekst som knyt saman observasjonar, tolkingar og analyser. Som eg kjem nærmare tilbake til i delkapittel 4.3.1.2, så ga tidlege forundersøkingar betre innsikt i kva prosessar som var mest relevante å ta utgangspunkt i. Sidan GGE er ein lukka konsensusbasert prosess, så er det vanskeleg å få noko ut av desse forhandlingane før dei er ferdige. Den pågåande prosessen i GGE er først ferdig i 2021, noko som og er årsaka til at dei ovannemnde prosessane er dei som vil bli tatt utgangspunkt i.

#### **4.2.1 Forklaringsvariablar – USA og Russland**

Debattane kring regulering og forvaltning av det digitale domenet er ikkje noko nytt. Men diskusjonane i GGE er framleis dagsaktuelle, med tydelege forskjellar i prioriteringar mellom medlemsstatane. Sidan resolusjonen frå Russland i FN's generalforsamling seint på 90-talet tok opp utfordringane med det digitale rom, har FN's GGE-prosess blitt rekna for å vere «*[...]the primary avenue for interstate dialogue about the international legal regulation of cyberspace»* (Henriksen, 2019:1).

Forskjellane i debattane i FN har i stor grad stått i mellom USA og Russland jamfør korleis ein skal handtere og eventuelt regulere statleg bruk av det digitale rom. Det er difor interessant å velje Russland og USA med tydeleg forskjellige prioriteringar, og dei to casane, GGE-prosessane som vart avslutta i 2015 og i 2017 med forskjellige utfall.

**Tabell 4.2.1a – GGE prosessar 2014-2017**

<b>Prosessar</b>	<b>GGE 2014-2015</b>	<b>GGE 2016-2017</b>
<b>Medlemsstatar</b>	Brasil, Canada, Colombia, Egypt, Estland, Frankrike**, Ghana, Israel, Japan, Kenya, Kina**, Kviterussland, Malaysia, Mexico, Pakistan, <b>Russland**</b> , Spania, Tyskland, <b>USA**</b> og Storbritannia**	Australia, Botswana, Brasil, Canada, Cuba, Egypt, Estland, Finland, Frankrike**, India, Indonesia, Japan, Kazakhstan, Kenya, Kina**, Mexico, Nederland, <b>Russland**</b> , Senegal, Serbia, Storbritannia**, Sveits, Sør-Korea, Tyskland og <b>USA**</b>
<b>Mandat</b>	«[...]promoting common understandings, existing and potential threats in the sphere of information security and possible cooperative measures to address them, including norms, rules or principles of responsible behaviour of States and confidence-building measures, the issues of the use of information and communications technologies in conflicts and how international law applies to the use of information and communications technologies by States, as well as the concepts aimed at strengthening the security of global information and telecommunications systems» (FN, 2015a:5)	«[...]promoting common understandings, existing and potential threats in the sphere of information security and possible cooperative measures to address them and how international law applies to the use of information and communication technologies by States, as well as norms, rules and principles of responsible behaviour of States, confidence-building measures and capacity-building [...]» (FN, 2017:2)
<b>Utfall</b>	Konsensus (1)	Ikkje-konsensus (0)
<b>Rapport</b>	A/70/174	A/72/327

\*\*Fast medlem i Sikkerheitsrådet

## 4.3 Datainnsamling

Sidan forhandlingane går føre seg i ei munnleg form og i eit lukka format, med avgrensa skriftleg materiell som underbygger standpunkt og statleg oppførsel, er det difor naudsynt med fleire kjelder til empiri. Til studien blei det primært brukt feltarbeid igjennom eit kort opphald i New York til å samle inn data igjennom observasjon, semi-strukturerte eliteintervju, og primær og sekundærdokument i dokumentanalyse. Som Mark Raymond (2019:43) trekk fram, så er diskusjonar som i FN's GGE-prosessar som regel i form av «*[...]official written and verbal declarations*»

Feltarbeid blir i denne oppgåva sett på som «*[...]leaving one's home institutions in order to acquire data, information, or insights that significantly inform one's research*» (Kapiszewski, Maclean og Read, 2015:1). Feltarbeid sett i statsvitskapeleg samanheng er noko som er lite forska på og underspesifisert. Gjennomgang av litteratur visar og at mesteparten av det som er gjort på feltet kjem frå antropologi og sosiologi. Litteraturen på feltarbeid adresserer naturleg nok difor ikkje noko særleg på statsvitskap og tilhøyrande problematikkar sjølv om det er noko overlapp.

Noko av det som pregar statsvitskapeleg datainnsamling er at ein gjerne skriv om forskingsdesign, måling, konseptualisering og analyser, men i mindre grad går inn på utfordringane knytt til innsamlinga, noko som kan gjere feltarbeid nyttig «*[...]it is precisely the informed iteration between data generation and data analysis that lends field research much of its power*» (Kapiszewski, Maclean og Read, 2015:1). Eit viktig moment med feltarbeid er å samle inn empiri i konteksten til der avgjersler, hendingar og dynamikkane til interessene skjer, noko som er særleg relevant knytt til formålet med denne oppgåva. Verdien av feltarbeidet er likevel variert på grunn av den manglande forskinga, som gjer at ein har få eller ingen standardar for å evaluere den (Kapiszewski mfl. 2015).

Datatriangulering, som også er ein av styrkane til casestudiar blir brukt her, for å sjå frå fleire enn eit perspektiv (Yin, 2014:119) På denne måten kan validiteten på funna bli sjekka ved å bruke forskjellige kjelder av informasjon som under denne datainnsamlinga. Ved å samanlikne ulike typar data kan funn bli bekrefte eller stilt spørsmål ved. Det kan også ende opp med at det blir komplimentert ved å få fleire moment og forskjellige frå ein metode til kva som er kjend om tematikken ved ein annan metode (Denscombe, 2007:135). På denne

måten blir det to perspektiv, eit frå dei eg har intervju, og eit anna frå dokumenta.

Ein bør også vere klar over at dokument ikkje er skapt av forskaren sin eigeninnsats, men er overlevert materiale frå ein tidlegare situasjon, noko som kan vere avgrensande for nytteverdi (Jacobsen, 2015:171). Ein av fordelane er likevel større høve til å etterprøve og at datamaterialet ikkje blir påverka av innsamlinga sidan forskaren ikkje er den som har skreve dei. Sidan GGE også er ein lukka prosess med avgrensa tilgang til forhandlingar og standpunkt er ein avhengig av å ta høgde for at det kan bli krevjande med datatriangulering.

Reint overordna så kan det vere tidkrevjande og komplekse data som blir samla inn i det kvalitative forskingsopplegget, med risiko for å gå glipp av moment. Dette har samanheng med intensive forskingsopplegg, fordi ein er interessert i nyansar og ynskjer å gå i djupna på forholdet mellom eining og kontekst (Jacobsen, 2015:131-133). Dette er særleg relevant i høve GGE, kombinert med heilskapleg forståing av tematikken.

### 4.3.1 Intervju

I denne oppgåva blir intervjutypen semi-strukturerte intervju brukt. Den går ut på at ein har eit sett med spørsmål eller generelt spesifikke tema, medan ein har ein fleksibilitet til å følgje opp nye moment, på same tid som mykje av strukturen er til stades (Bryman, 2016:468). Sidan elite-informantar kan inneha unik kunnskap som går utanfor dei tenkte rammene til oppgåva – og som ein difor heller ikkje kan stille spørsmål om, gir semi-strukturerte intervju fridom slik at nye element kan trekkast fram av informant når det passar. Eg hadde ei klar liste med tematikkar og spørsmål som skulle svarast på, var fleksibel på rekkefølge på tematikkane, slik eg lot informanten utvikle idear og snakke meir breitt på tematikkane som blei tatt opp under intervju (Denscombe, 2007:176).

Intervjuguiden<sup>6</sup> bestod av få, men sentrale spørsmål, slik dei viktigaste aspekta eg ønska informasjon om blei tatt opp. Desse blei både utforma og testa i samspel med veileder og medstudentar. Det var lagt opp til opne spørsmål, slik informantane sjølve skulle få høve til å artikulere sine egne synspunkt og for å betre kunne forklare kva dei tenkjer og kvifor. Med denne framgangsmåten kan validiteten til svara auke, medan det på andre sida gjer koding og

---

<sup>6</sup> Vedlegg til masteroppgåva



analyse meir krevjande (Aberbach og Rockman, 2002:674). Både ei utfordring og ei styrke kan likevel vere at med opne spørsmål kan ein risikere at intervjuet kan ta fleire vegar. Aktuelle underpunkt vart lista opp, men det vart også gjort mindre tilpassingar til kvart intervju. Eg tok opp alle intervjuet på bandopptakar, og skreiv ned aktuelle ikkje-verbale reaksjonar for å få ei betre forståing av informantens budskap.

For å få ei betre innsikt i FN-mekanismar, samanhengar og relasjonar mellom ulike saksforhold vart det stilt ei heil rekke overordna spørsmål i intervjuet basert på FN's rolle i internasjonal cyberpolicy og om det digitale rom var annleis frå andre tematiske områder. Vidare var det stilt opne spørsmål om GGE og OEWG for å få innsikt om prosessane, og om det er ein skilnad mellom informantane særleg legg vekt på. Spørsmåla var og knytt til institusjonell dialog for å få ei innsikt i samarbeidet i institusjonen – og med høve for informanten til å utdjupe andre moment avslutningsvis med oppsummeringa. Utfordringa med slike opne spørsmål og intervju er å styre intervjuet innanfor dei momenta intervjuet ynskjer å vite meir om. Dette var ikkje ei stor utfordring i gjennomføring av intervjuet mine, sidan tematikken var kjerneområdet til dei fleste informantane mine.

Som i andre typar intervju, så vil den beste måten å gjennomføre eliteintervju på variere frå intervju til intervju. Ein bør forsøke tidleg å fange opp atmosfæren i intervjuet, og deretter tilpasse oppførselen til dette (Harvey, 2011:434). Det var fleire eksempel på dette i gjennomføringa av intervjuet, som eg kjem tilbake til i kapittel 4.3.1.2, der alt frå veldig komfortable informantar som ville ha ei spøkefull tone – til nervøse informantar som var veldig opptekne av det formelle.

Å få høve til å intervju elite kan vere utfordrande, då dette er opptekne personar og som fleire forsøker å få tilgang til. Som Aberbach og Rockman (2002:673) trekk fram, så hjalp det å vere til stades – og ha ein tilknytt institusjon i tillegg til ei god dose med tolmod og høflegheit. Fleire trekk likevel denne konklusjonen i tvil og seier at utfordringa med å få tilgang generelt sett er overdriven (Ostrander, 1993). Mi eiga erfaring ved å skrive for *Norsk Utanrikspolitisk Institutt* (NUPI) var at det var krevjande å få tilgang til sentrale personar i prosessane før eg kunne bruke kontaktnettverket til NUPI, i tillegg til at det var ein klar nytteverdi i at NUPI la opp til at eg fekk høve til å reise til New York og følgje forhandlingane der. Det var stor verdi i å bruke merkevara til NUPI, på same tid som

omdømmet til min veileder, kombinert med anonymisering og streng handtering av data innsamla til oppgåva bidrog til å gi enklare tilgang og å legitimere dialog.

Datainnsamlinga blei gjennomført på eit tidleg tidspunkt grunna akkreditering til OEWG møta i New York i desember 2019. Det å ta del i møteverksemd i FN-systemet har gitt meg innsikt i ei heil rekkje dynamikkar som eg elles ikkje ville hatt høve til å få innsikt i igjennom telefon. Dette basert på at mykje informasjon om prosessane ikkje er offentleg tilgjengeleg, utanom utfallet igjennom konsensusrapportar og nokre få analyser.

#### **4.3.1.1 Utval – val av informantar**

For å få betre tilgang til empiri, vart det gjennomført semi-strukturerte eliteintervju av nøkkelpersonar i prosessane. Dette inkluderer deler av sekretariatet i FN, *United Nations Office for Disarmament Affairs (UNODA)*, diplomatar, fageksperter som har fulgt prosessane anten i kraft av si rolle innanfor ein stat eller i akademia – og noverande og tidlegare deltakarar av GGE. Når det blir skriven om elitar i denne oppgåva er det tatt utgangspunkt i desse gruppene og ikkje nødvendigvis i sosialøkonomisk samanheng. Det er fleire diskusjonar kring eliteomgrep, men dette er ikkje noko eg vil gå inn på i denne oppgåva.

Det er og forsøkt å få eit mest mogleg balansert utval av informantar. Dette er blant anna gjort for å sørge for forskjellig geografisk tilknytning - og størst mogleg meiningsmangfald. Det er ei lita overvekt av vestlege statar som er intervjuar, dette grunna blant anna tilgang og villigheit til å uttale seg om tematikken. Dette kan også medføre at det er eit tyngdepunkt i vestleg tolking – og moglegens eit bias ein må ta høgde for.

Å sikre anonymiteten til informantane var særst viktig på grunn av dei pågåande prosessane i FN og forholda mellom dei ulike informantane. I mindre studiar som dette, med tydeleg avgrensa fagfelt og prosessar blir informantar valde fordi dei har eit spesielt bidrag i kraft av ein spesiell innsikt eller ein posisjon dei har (Denscombe, 2007:189). All informasjon knytt til land, fagbakgrunn eller andre identifiserande faktorar har difor blitt fjerna frå transkripsjonane og informasjon om informantane.

Samtalar med ressurspersonar med tidlegare erfaring frå FN og gode kontaktar i Utanriksdepartementet har også gitt eit høve til å gjere ein del førebuande arbeid før sjølve datainnsamlinga begynte, noko som ga høvet til å få betre oversikt over feltet og ei innsikt i

kven dei sentrale aktørane var i forkant av intervjuet (Ostrander, 1993:9). Det er likevel verdt å merke seg at dette hadde sine praktiske avgrensingar, og tilgang til informantar var sjølvsgad avhengig av informantanes tilgjengelegheit.

**Tabell 4.3.1.1a – Oversikt over informantar**

<b>Informant</b>	<b>Bakgrunn</b>	<b>Intervjudato</b>	<b>Intervjuform</b>
<b>1</b>	Diplomat	4. desember 2019	Ansikt til ansikt
<b>2</b>	Diplomat	4. desember 2019	Ansikt til ansikt
<b>3</b>	Diplomat	5. desember 2019	Ansikt til ansikt
<b>4</b>	Diplomat	6. desember 2019	Ansikt til ansikt
<b>5</b>	Akademia	6. desember 2019	Ansikt til ansikt
<b>6</b>	Diplomatar og fagekspertar	19. desember 2019	Telefon
<b>7</b>	Tidlegare diplomat	7. januar 2020	Telefon
<b>8</b>	Sekretariat / FN-tilsett	22. januar 2020	Telefon
<b>9</b>	Akademia	24. januar 2020	Telefon
<b>10</b>	Sekretariat / FN-tilsett	24. januar 2020	Telefon

#### **4.3.1.2 Gjennomføring av intervjuet**

Det å organisere avtalar og gjennomføre intervju er viktig, men eg var og klar over fleire av avgrensingane som at «[...]gaining access is not the same as establishing the trust required for getting useful data and there will likely be an ongoing process of being «checked out» [...]» (Ostrander, 1993:9) – og at nokon av forholda må handterast både før og etter intervjuet. Tett oppfølging og tydeleg forklaring ovanfor informantane var også viktig, men

det var og ei styrke å vere til stades under forhandlingane i New York. Ved eit tilfelle opplevde eg å få nei til å ta opptak av intervjuet, før den gode dialogen vi hadde mellom kvarandre endra perspektivet til informantane til at det med eitt var aktuelt å få gjere opptak av intervjuet likevel.

I forkant av intervjuet vart prosjektet godkjend av Norsk Senter for forskingsdata, NSD. I denne samanheng vart det og informert om at det var frivillig deltaking, kva deltakelsen ville innebere, informasjon om rettar, særleg knytt til personvern og GDPR. Dette, inklusive eit samtykkeskjema vart sendt informantane i forkant. Sidan dette framleis er pågåande forhandlingar, og fleire informantar framleis er ein del av desse, var det viktig å vere tydeleg på at dataen ville bli anonymisert, kryptert – og ikkje minst ville bli sletta etter studiens slutt. Alle informantane fekk og beskjed om at om det vart brukt sitat, ville dei bli kontakta for sitatsjekk. Dette blei og gjort med sitata brukt i denne oppgåva.

Halvparten av intervjuet blei gjennomført ansikt til ansikt i FN's hovudkvarter i New York, medan den andre halvparten blei gjennomført over telefon. Fordelen med telefonintervju kan vere lettare tilgang til informantar jamfør geografiske utfordringar, men det kan vere utfordrande å fange opp kulturelle forskjellar (Harvey, 2011:435). Utfordringar med opptak og kvaliteten på gjennomførte intervju via telefon var gjennomgåande, og sjølv om det vart fleire relevante intervju vart ein vesentleg del av datamaterialet svekka ved at lyd kvaliteten var så dårleg at fleire deler av intervjuet ikkje kunne transkriberast. Harvey (2011:436) trekk og fram at det ikkje var nokon «[...] significant difference in the length of my average face-to-face interview and my average telephone interview». Dette er også mi erfaring etter gjennomføring av ti intervju, at det ikkje var stor forskjell på lengde på telefonintervju og intervju gjennomført ansikt til ansikt.

Ansikt til ansikt gir sterkare tillit, openheit og flyt, men det kan og vere krevjande å få tak i informantar, og tilhøyrande intervjuareffekt. Dette opplevde eg i einskilde intervju at det var lettare å få kontakt og ha dialog der ein tydelegare kunne styre samtalen utan å avbryte. Intervju via telefon var det god flyt i samtale, men svakare på å etablere tillit og tilhøyrande openheit. Det er og ein viss risiko for å miste kontroll over intervjusituasjon, noko eg opplevde fleire gongar på grunn av dårleg internett-tilkopling eller andre tekniske problem med motparten som gjorde intervjuet oppstykket og av dårleg kvalitet (Jacobsen, 2015:171).

Dei færreste reagerte på bandopptakar, fleire av informantane såg det som ei ekstra sikring på sitatsjekk. Intervjua varte i snitt ein halvtime, frå eit kvarter til over ein time, og vart gjennomført anten i person eller via telefon.

Flesteparten eg kontakta for å få intervju var entusiastiske informantar, med eit stort engasjement for tematikken – og var villige til å gi av deira ekspertise, perspektiv og tid til oppgåva. Informantens grad av autonomi i deira rolle var særskild relevant, som Lancaster (2017:95) trekk fram. Det var tydeleg forskjell på å snakke med nokon som var toppdiplomatar, og andre som var lengre nede i systemet. Dette kunne eg vore meir førebudd på i utforminga av intervjuguiden, ved å førebu fleire oppfølgingsspørsmål som var snevrare fordi det var hos dei sistnemnde samtalene blei problematisk fordi dei var usikre på eiga rolle.

### 4.3.2 Dokumentanalyse

Dokumentanalyse vil også bli brukt som metode for å belyse mi problemstilling. Den blir definert som «*[...]en type kvalitativ innholdsanalyse der forskeren samlar inn data som analyseres for å få fram viktige sammenhenger og relevant informasjon om det eller de forholdene i samfunnet vi ønsker å studere*» (Grønmo, 2004 i Johannessen, Tufte og Christoffersen, 2016:99). Denne metoden er særleg treffande på kvalitative casestudier, nemleg intensive studiar som produserer beskrivingar i djupna (Yin, 1994; Stake, 1994 i Bowen, 2009).

Dokumentanalyse er ei form for kvalitativ forskning der dokument er tolka av forskaren for å gi meining rundt ein tematikk. Metoden er basert på tekstar som ikkje er skriven for same formål som denne masteroppgåva. Dette gjer at dei tekstane som blir lagt til grunn må analyserast nærmare for å kunne svare på problemstillinga i oppgåva, noko som gjer at ein må passe på at eins eigne biasar ikkje farger tolkinga og forståinga, og at ein unngår å ta dette ut av kontekst (O’Leary, 2017:484). Å analysere desse handlar om å kode innhald i tematikkar tilsvarande til korleis intervju er analysert. Målet er å få ei betre oversikt over dynamikkane i forhandlingane – og standpunkta til dei forskjellige statane.

For å velje ut relevante dokument vart det gjort overfladisk tolking og analyse, der det blei vurdert om dokumentet var relevant for oppgåva. Om den vart rekna som relevant, blei

materialet i dokumentet analysert og kategorisert basert på det teoretiske rammeverket og indikatorane for å analysere dokumenta. Dokumenta vil komme frå både primær og sekundærkjelder som er henta ta ut frå Oria, Web of Science, Google Scholar, akademiske bøker, artiklar, strategidokument frå forskjellige land og FN's dokumentarkiv. Desse har gitt meg eit betre overblikk over forhandlingane, men og ved å bruke dokumenter ved sidan av intervju gitt meg høve til å bekrefte statlege handlingar i forhandlingane hjå andre kjelder.

Dokumentanalyse resulterer i data, manifestert i utdrag, sitat eller liknande som deretter er organisert inn i temattikkar og kategoriar igjennom innhaldsanalyse. Den blir som i denne oppgåva som regel brukt i kombinasjon med andre kvalitative metodar for å triangulere. Det er også her noko av dokumentanalysen si styrke ligger. Ved å triangulere data sørgjer ein for auka kredibilitet ved å underbygge funn på tvers av datasett, og vidare med denne måten å redusere påverknaden av potensielle bias som kan vere i ein enkelt studie og å unngå å vere for avhengig av dokument (Bowen, 2009).

O'Leary (2017:486) trekk særleg fram to utfordringar for denne metoden. Første er bias, både i dei som skriv eller skapar dokumentet, og i tillegg forskaren sine. Forskaren må på si side vurdere subjektiviteten til aktøren, men også sine egne personlege biasar. Bowen (2009) presiserer at forskaren og må vurdere originalføremålet til dokumentet, som eksempelvis målgruppe. Ein må også vurdere om den som skreiv dette opplevde dette på førstehand eller brukte sekundærkjelder.

Det andre momentet O'Leary (2017:486) trekk fram er det implisitte innhaldet av dokumentet, der ein kan referere til stil, tone, agenda, fakta eller meiningar som dokumentet består av. Dokumentet må og bli vurdert for kor selektivt eller omfattande den tilhøyrande dataen er. Det er viktig å legge til grunn når ein evaluerer dokument at dataen ikkje nødvendigvis er «*[...]precise, accurate, or complete recordings of events that have occurred*» (Bowen, 2009:33).

Om ein er avhengig av sekundære historiske gjenfortellingar i casestudiar kan det som nemnd vere problematisk sidan det sjeldan er produsert teoretisk nøytrale analyser «*[...]the data upon which they rely (unconsciously or otherwise) may predispose them toward certain theoretical interpretations*» (Lustick, 1996 i Levy, 2009:9). Situasjonar der det har vore store

metodiske feil i tidlegare datainnsamlingar til dokumenta ein bruker kan og førekomme, noko som kan påverke resultat.

Om ein evner å ta høgde for dette, er det likevel tydelege fordelar som at ein har gjennomført store undersøkingar med god datakvalitet, store mengder data og låg kostnad. Når ein jobbar med sekundærdata er det viktig å vurdere kredibilitet, og ein må særleg vurdere om denne er utan tydelege biasar og nøyaktig. Løysingar på dette kan vere å forsøke å finne fagfellevurderte tekstar der dette er tilgjengeleg, vurdere interesser, bias til avsendar som statar og NGOs og andre aktørar som skriv om denne tematikken (O’Leary, 2017:484).

Dokument er stabile datakjelder, som kan bli lest mange gongar og forbli uendra av forskarens påverknad eller forskingsprosess. Dokumenta kan og sørge for data som ikkje lenger kan bli observert, gi detaljar som informantar har gløymd, og spore endring og utvikling. Dokument kan også gi data på kontekst, og sidan ein har vore vitne til tidlegare hendingar kan dokumenter også gi bakgrunnsinformasjon med historisk innsikt. Sidan vi ser på to tidlegare GGE-prosessar er dette særleg nyttig for denne studien. Ein kan på den andre sida likevel mangle tilgang til rådataene, og ein må difor vere påpasseleg på bias (Bowen, 2009, O’Leary, 2017:492).

I behandlinga av data frå dokumentanalyse er det viktig å ikkje berre løfte opp ord og setningar frå dokumenter og plassere dei i studien utan å gjere naudsynnte førebuingar som nemnd ovanfor. Ein må etablere meininga av dokumentet og dens tilførsel til tematikken som blir utforska. Vidare bør ein bestemme relevansen til dokumentet knytt til forskingsspørsmålet og ta aktive vurderingar:

*Document analysis is not a matter of lining up a series of excerpts of printed material to convey whatever idea comes to the researcher’s mind. Rather its a process of evaluating documents in such a way that empricial knowledge is produced and understanding is developed.» (Bowen, 2009:34).*

## 4.4 Metodens styrker og svakheiter

Sentralt i gjennomføringa av vitskapelege undersøkingar er reliabilitet og validitet. Om det er gjort greie for på ein god måte gir det legitimitet til forskinga og målar kvaliteten til datagrunnlaget for studien. Vidare seier det noko om det gitte datamaterialet som er samla inn evner å belyse problemstillinga og om det er påliteleg.

### 4.4.1 Reliabilitet

Reliabilitet er graden målingar av eit konsept er stabilt. Med andre ord vise at ein kan gjenta studien med same datainnsamlingsprosedyrar for å få same resultatata (Yin, 2014:46, Bryman, 2016:156). Ein skil mellom indre og ytre reliabilitet. Indre reliabilitet omhandlar forskning med meir enn ein som observerer, så skal forskarane i fellesskap bli einige om kva dei ser og høyrer. Ytre reliabilitet omhandlar i kva grad ein studie kan bli replisert. Det er krevjande å reelt sett skulle gjere dette grunna sosiale settingar og omgjevnader i ein gitt studie vil endre seg (Bryman, 2016:383)

Korleis ein gjennomfører datainnsamlinga og analysen kan vere med på å påverke resultatet. Ein må særleg vere klar over mogleg undersøkareffekt og konteksteffekt. Den førstnemnde legg vekt på at den som gjennomfører undersøkingane kan påverke det fenomenet vedkommande undersøker. Dette kan særleg vere vanskeleg å gjere greie for i studiar som dette, der det berre er ein som gjer undersøkingane. Ein kan likevel vere tydeleg på at dette kan vere ei utfordring og ta høgde for dette i gjennomføringa av intervju (Jacobsen, 2015:242). Noko av dette er gjort greie for i kapittel 4.3.1.2 knytt til gjennomføring av intervju, men det kan og leggst til at dette var tydeleg på dynamikk mellom partane som ved eksempelvis informant 1 (2019) som hadde lang diplomatisk fartstid som kanskje såg meg som ikkje særleg røynd intervjuar og kan ha latt dette påverke svara som blei gitt.

Feltarbeidet ga meg høve til å observere deler av forhandlingar i FN, og som Johannessen mfl. (2016:129) påpeiker, så er observasjon nyttig når «*[...]forskeren ønsker direkte innsyn i de handlingene han studerer [...]*». Townsend-Bell (2009) legg vekt på at forholdet forskaren har til feltet kan påverke i stor grad i feltarbeidet, og ein kan vere meir avhengig av sin bakgrunn og identitet enn ein tidlegare har lagt vekt på. Intervjuaren i denne samanheng kan bli sett på som uerfaren og ung, men er likevel ein kvit, høgt-utdanna mann, med relativt lik



bakgrunn med informantane.

Konteksteffekten som knytt seg til kva samanheng informasjon blir samla inn i, kan og tenkast å vere relevant, særleg i intervju som vart gjort ansikt til ansikt i FN-bygget. Ikkje alle vart gjorde i same del av bygget, enkelte vart gjort i avskilte møterom, medan nokon vart gjort i fellesarealet i FN-kantina (Jacobsen, 2015:243). Det er krevjande å påpeike kva påverknad dette eventuelt kan ha, men det kan tenkast at det er vanskelegare å svare inngåande på noko du ser på som sensitivt når du veit det er ein risiko for at andre kan sjå eller høyre dette.

Ein har høve til å styrke reliabiliteten ved å organisere data på ein god måte. Primærkjeldene som er tilknytt FNs dokumentarkiv er offentleg tilgjengeleg, medan policy-dokumenta og andre analyser eg legg til grunn også er det. Det som derimot ikkje er offentleg tilgjengeleg er transkripsjonane av intervju mine. Desse vart tatt opp med lydopptak, systematisert og koda som gir eit betre datagrunnlag om det er behov for å etterprøve, saman med ein tydeleg intervjuguide (Yin, 2014:124). Utfordringa med etterprøvbarheita i denne studia er anonymisering av intervju og utval og ikkje minst at intervju ber preg av informantens eigne meiningar, noko som også blir forma av den sosiale konteksten. Sidan forhandlingane er eit pågåande arbeid no, vil det kunne komme nye moment som kan påverke reliabiliteten.

#### **4.4.2 Validitet**

Validitet handlar om i kva grad resultata ein har er gyldige. Ein kan skilje mellom indre og ytre validitet. Den indre validiteten handlar om truverdigheita og framhevast som styrka til casestudiar. Det er sentralt er å gjere greie for vala ein har tatt og om resultata er gyldige for utvalet ein har. Den ytre validiteten handlar om representativiteten og generaliseringspotensiale bak slike funn til ein større populasjon (Gerring, 2006:43, Yin, 2014:46).

Casestudiar er kjend for å vere svake på den ytre validiteten, medan den indre validiteten er sterkare, sidan det er enklare å etablere kausale forhold til eit lågt tal med casar enn for fleire. Gerring (2006:43) påpeiker at «*[...]they tend to be more disturbed by threats to within-sample validity than by threats to out-of-sample validity. [...]it seems appropriate to regard the trade-off between external and internal validity, like other trade-offs [...]*».

Slike studiar med fleire casar kan sørge for ei sterkare analytisk tilnærming ved å belyse likskap og avgrense ulikskap, noko som kan styrke den ytre validiteten på studia (Stavros og Westberg, 2009). Levy (2008:5) trekk og fram at «*The more case interpretations are guided by theory, the more explicit their underlying analytical assumptions, normative biases, and causal propositions; the fewer their logical contradictions; and the easier they are to empirically validate or invalidate*».

Konstruktvaliditet er og eit viktig moment innanfor validitet, som handlar om kor nøyaktig ein casestudie evnar å måle dei konseptane ein studerer (Yin, 2014:46, 238). Ved å ha fleire kjelder i datainnsamlinga i denne oppgåva kan ein på denne måten sørge for at konstruktvaliditeten blir sterkare ved å ta i bruk datatriangulering som nemnd i kapittel 4.3. Dette mangfaldet i kjelder til empiri sørger for fleire målingar av same fenomen, men aukar og risikoen for feil om den som gjennomfører undersøkingane ikkje meistrar dei forskjellige metodane (Yin, 2014:121-122).

#### **4.4.3 Generalisering i casestudiar**

Generalisering av funna er ikkje målet i denne studien, noko som også var orsaka til valet av casestudiar. Å tenke statistisk generalisering frå casestudien hadde vore urealistisk sidan casane er sampla – og også eit for lågt tal på einingar for å kunne vere eit stort nok utval for å representere ein større populasjon for generalisering (Yin, 2014:40, Jacobsen, 2015:131). Styrka til casestudia går heller på den kvalitative og dynamiske sosiale samanhengar (Andersen, 2013:31), noko som passer godt med premissa for denne oppgåva her. Sidan GGE-prosessane i FN er lukka, av avgrensa omfang og antall - og med vidare avgrensingar får eg høvet til å gå i djupna på dette. Målet er heller, som Yin (2014:40) påpeiker «*(...) to strive for generalizable findings or lessons learned-that is, analytic generalizations that go beyond the setting for the specific case or specific experiment that had been studied(...)*».

Ein må og skilje mellom empirisk representativitet og teoretisk representativitet. Det førstnemnde er casestudiar svakare på sidan dei berre studerer nokre få einingar. Den teoretiske handlar om overtydande argumentasjon om korleis ting heng saman empirisk og prosessar kan sjåast som representative for omgrep, typologiar og forklaringsmekanismar (Andersen, 2013:13).

Målet med denne studien er heller ikkje å vise kausale mekanismar, men heller å vurdere eksisterande teoriar med bruken av empiri. Det handlar vidare ikkje om validering eller falsifisering, men vurderingar knytt til om dei evner å kunne brukast til å forklare dei valde utfalla. Teori-guidande casestudiar sikter å forklare eller tolke i staden for å generalisere utover empiri og er tydeleg strukturert av eit konseptuelt rammeverk, som fokuserer på gitte teoretiske aspekt manifestert i indikatorar av nokre realitetar og neglisjerer andre (Levy, 2008).

# 5 Analyse del I: GGE 2014-2015 og GGE 2016-2017

I dette kapittelet legg ein fram empirien i lys av problemstillinga og det teoretiske rammeverket for å analysere kva faktorar som kan forklare forskjellane i utfall mellom GGE-prosessane i 2015 og 2017. Analysen er strukturert etter teoretisk kategorisering og indikatorane for å få ein oversiktleg struktur. For å gjere greie for dette vil analysen bli delt i to delar. Den første delen av analysen handlar om GGE prosessen frå 2014 til 2015, og den andre GGE frå 2016 til 2017. Desse vil bli analysert i høve dei to hypotesane i form av indikatorane. Dette blir presentert og analysert kronologisk for å skilje funn.

## 5.1 Group of Governmental Experts 2014-2015

I 2014 starta den fjerde GGE-prosessen. Basert på 2 møter i New York og 2 i Genève greidde gruppa å oppnå konsensus, som resulterte i rapport A/70/174. I denne rapporten vart ein einig om normer, reglar og prinsipp knytt til «*[...]responsible behaviour of States in the cybersphere, as well as confidence building measures, international cooperation and capacity building [...]*». Det vart og tatt opp det faktum at folkeretten gjeld i det digitale rom, som ei fortsetting frå prosessen før (FN, 2015a).

Denne prosessen evna å gi fleire tilvisingar til folkeretten som gjeld i det digitale rom, men var ikkje i ein situasjon der ein kunne klargjere korleis folkeretten var gjeldande og delen om folkerett blei difor ei selektiv opplisting av bestemmingane i FN-pakta. I gruppa såg ein allereie på dette tidspunktet at både deltakande ekspertar og statar hadde forskjellige synspunkt på korleis ein skulle tolke og anvende folkeretten, noko Tikk og Kerttunen (2018a:18) meiner er eksemplifisert ved «*[...]listing of concepts like state responsibility and due diligence in a section of the report titled "voluntary and non-binding" norms, rules and principles*».

Resultata frå GGE-prosessen som vart avslutta i 2015 blir av ein skilde rekna som eit av dei største framstega som er gjort for reguleringa av det digitale rom i historia – og at ein i vidare GGE-prosessar burde legge vekt på normene og vidareutvikling av mandatet som var under den prosessen (Informant, 7, 8, 2019). Andre meiner at den ikkje hadde stor framgang, sidan

det viktigaste spørsmålet – korleis folkeretten var gjeldande for statar i bruken av det digitale rom ikkje hadde blitt handtert på ein god nok måte, men at dialogen mellom statane likevel hadde ei stabiliserande effekt (Korzak, 2019). 2015-rapporten ga anbefalingar for 11 frivillige normer, reglar og prinsipp som blei påstått å skulle styrke sikkerheita i det digitale rom (FN, 2015a).

### 5.1.1 Gjensidige interesser

Når ein skal sjå på om gjensidige interesser var noko som var tydeleg i denne GGE-prosessen, er dette operasjonalisert i indikator i høve fokus frå deltakarane i GGE på det felles trugselbiletet som det digitale rom representerer. Den mest openbare koplinga der vil vere korleis aktørar i prosessen i 2015 satt fokus på dette i diskusjonane.

Det var ein tydeleg tendens hos ei breidde av informantane, både frå akademia, FN-tilsette og diplomatar, at ein la vekt på GGE 2015-rapportas rolle og viktigheita ved at den representerte ei evne til å sørge for at gjensidige interesser blei fasilitert, for vidare å bli manifestert i framdrift og vise at statar greidde å vere einige om ei heil rekke moment (Informant 3, 4, 8, 9, 2019). Sjølv om fleire av informantane som trakk fram dette var vestlege, var det likevel andre frå den austlege sida som påpeikte det same, frå eit litt anna standpunkt som viste at dette utfallet viste manglane ved det noverande regelverket innanfor internasjonal lov og normer, noko som vil bli referert meir inngåande seinare i dette kapitlet.

Gjensidige interesser er ein av nøkkelkomponentane for at samarbeid skal gå føre seg. Det har vore fokusert på – og tendensar til tydelege interesser frå både Russland og USA med omsyn til det å gjere noko med det digitale rom. Så å seie alle statane i GGE-gruppa, men og medlemsstatane i FN er einige i at det må tas grep for å handtere det digitale rom. Forskjellen ligger heller på korleis. Keohane og Martin (1995) trekk fram at det eksisterer vanlegvis meir enn eit ønska samarbeidsutfall – og statane involvert kanskje ikkje er einig i kven av desse utfalla som er den mest ønska.

Dette kan ein og sjå i denne prosessen. Dei gjensidige interessene mellom dei to statane er fleire, blant anna «[...]emphasis on voluntary non-binding norms, rules and principles is amendable to both the USA and Russia, otherwise acknowledged as fierce rivals in the international cyber dialogue» (Kerttunen og Tikk, 2019:39). Keohane (1984:77) meiner at

slike gjensidige interesser òg kan forklarast med ein intensiv interaksjon mellom aktørar, som GGE-prosessane kan seiast å vere, med prosessar gåande frå 2004 til no, der ein utviklar felles forståing. Det er på den andre sida verdt å nemne at det er litt variasjon i deltakande medlemsstatar utanom sikkerheitsrådet, som kan påverke dynamikkane i gruppene.

Interessemotsetnadane er kort gjort greie for i kapittel 2.5, og viser at USA i forhandlingane i 2015 la vekt på at ein framleis hadde sine bekymringar knytt til diskusjonane om eit større rammeverk og ein mogleg traktat – og at ein ville fortsette frå arbeidet i førre prosess i 2013 med bruken av eksisterande reglar og normer «[...] *along with the existence of softer, albeit complex, regulation in this area looks set to continue for some time yet*» (Henderson, 2015:490).

Løysingar i det digitale rom kan berre gjerast ved å samarbeide, noko som gir ei klar eigeninteresse i det å ta del i dette arbeidet. Forskjellane ligger i korleis ein ynskjer dette regulert, og det har vore tydeleg at Russland ikkje har vore einig i hovudpremissa som er lagt til grunn for denne prosessen (Informant 1, 3, 4, 2019) – men sjølv rasjonelle aktørar kan vere einige i å godta slike utfall – om dei trur at dette vil bidra til å ha betre konsekvensar i framtida enn å bryte i slike forhandlingar (Keohane, 1984:13, March og Olsen, 1998). Med dette lagt til grunn kan Russlands handlingar i denne prosessen, som på eine sida kan bli sett på som at ein har underkasta seg andre sine synspunkt, på andre sida forståast som noko som er ei kalkulert avveging.

Ein av dei juridiske rådgjevarane i det amerikanske utanriksdepartementet sa under prosessen i 2015 at «*Compliance with international law frees us to do more, and do more legitimately, in cyberspace, in a way that more fully promotes our national interests*» (Koh, u.d, i Tikk-Ringas, 2016:53). Ved å sørge for at ein igjennom ein internasjonal institusjon som FN har ei felles mellomstatleg forståing av at folkeretten er gjeldande i det digitale rom og at ein følgjer den, ville den i følgje USA gitt meir ansvarleg oppførsel og vore i samsvar med deira interesser.

Ved å sørge for at ein igjennom ein internasjonal institusjon som FN har ei mellomstatleg felles forståing av at folkeretten også skal vere gjeldande i det digitale rom og at ein følgjer den, ville betydd meir ansvarleg oppførsel – og dette ville vidare gitt klare avgrensingar for

cyberoperasjonar – der USA også har ei dominant rolle (Tikk-Ringas, 2016).

FN som institusjon spelar ei viktig rolle i å fasilitere desse forhandlingane. Å ha eit tydeleg mandat, med fokuspunkt som Keohane og Martin (1995) påpeiker, kan difor seiast å vere avhjelpande i ein situasjon som denne, når ein har komplekse problemstillingar med statar med forskjellige interesser som skal svarast opp ved å gjere nokre resultat meir føretrekte. Ein diplomat som har tatt del i forhandlingane påpeiker viktigheita av dette under prosessane «*It provides the opportunity to create a mutual understanding in how we understand this and how we can enforce it. It's facilitating the discussion between states*» (Informant 2, 2019). Ved å vektlegge tiltak som kan seiast å vere i alle statars interesser i mandatet kan ein sørge for at ein evner å få eit produktivt utfall som i denne prosessen. Om det er dette som var avgjerande i denne prosessen er vanskeleg å seie ut i frå funna i denne oppgåva, men fleire diplomatar har påpeikt viktigheita av eit tydeleg mandat for å gjere gitte utfall føretrekte (Informant 1, 2, 4, 2019).

### 5.1.2 Institusjonell dialog og transparens

Når ein skal vurdere statars fordeler av samarbeid, er dette noko som er indikert i auka institusjonell dialog og tiltak for å styre transparensen – for på denne måten senke tersklane for samarbeid igjennom FN. Som nemnd i førre kapittel så er det indikasjonar på gjensidige interesser i det å regulere det digitale rom i denne prosessen. Sidan det digitale rom er ein verdsomspennande tematikk, er ein avhengig av å køyre prosessane i FN, men jamfør fleire kjelder var sjølve utfallet ein oppnådde i denne prosessen mot Russland sine interesser (Informant 4, 9, 2019).

På den andre sida er det «*For Russia [...], there is little loss in meeting the West in its aspirations. Failure to compromise could have meant normative defeat with no advancements at all*» (Tikk-Ringas, 2016:51) Med dette lagt til grunn kan det vere grunnlag for å hevde at Russland viste vilje i denne prosessen til å samarbeide med å gjensidig justere policy – som Keohane (1984:52-53) trekk fram er når ein «*[...]are regarded by its partners as facilitating realization of their own objectives, as the result of a process of policy coordination*» Dette er liknande moment som har blitt påpeikt under intervju vedrørande russisk vilje til å komme fram til konsensus av ein av forskarane som har fulgt prosessen, noko som styrker argumentet ved at dette blir påpeikt frå ulike kjelder (Informant 5, 2019).

Statars fordelar av samarbeid knytt til transparens i statars vilje til å dele informasjon er vanskeleg å måle. Det digitale domenets natur, med utfordringar med tilskrivning, informasjon og store avvik i kapasitet gjer tiltak knytt til tillitsbygging og kapasitetsbygging<sup>7</sup> viktig for å styrke inntrykket statar har av sine fordelar av samarbeid igjennom FN og rolla som koordinerande mekanisme. Dette er deler av dialog som handlar om å skape eit «*[...]open, accessible, secure and stable ICT environment*» (FN, 2015a).

Proessen i 2015 følgde opp desse tiltaka frå prosessen før og trakk fram at dette kunne bidra til å auke mellomstatleg samarbeid, transparens, stabilitet og ikkje minst gi forutsigbarheit for statane. Desse momenta har både USA og Russland vore tydeleg på i bilaterale fråsegner, og vist til at dette er «*[...] designed to increase transparency and reduce the possibility that a misunderstood cyber incident could create instability or a crisis [...]*» (The White House Office of the Press Secretary, 2013). Fleire informantar frå ulike land bekreftar og at dette er moment som USA og Russland har lagt vekt på i forhandlingane (Informant 1, 2, 2019).

I eit brev til FNs generalsekretær under forhandlingane frå Russland saman med Kina, Kazakhstan, Kirgisistan, Tajikistan og Usbekistan understrekte ein «*[...]the need for enhanced cooperation among States in combating misuse of informational technologies and, in that context, stressing the role that can be played by the United Nations and other international and regional organizations [...]*» (FN, 2015c:3). Russland er tydeleg i denne samanheng noko som kan bli sett på som ei manifestering av nettopp det som handlar om forplikingar og vilje til institusjonell dialog og fokus på styrking av transparens.

Ein kan difor seie at både Russland og USA har vore tydeleg på viktigheita av desse tiltaka med bakgrunn i transparens og på denne måten redusere risikoen for misforståingar i det digitale rom (FN, 2015c, Informant 3, 2019). Dette er tydelege tiltak for å styrke transparens, men seier ikkje så veldig mykje om statars reelle vilje til å dele informasjon. Det kan og vere grunnlag for å stille seg spørsmålet om dette er strategiske avvenningar gjort av både USA og Russland for å få auka kredibilitet i desse spørsmåla utan at dette vil ha nokon avgrensingar for deira interesser.

---

<sup>7</sup> Oversett frå dei engelske uttrykka «Capacity building measures» og «Confidence-building measures»



### 5.1.3 Prosedyrereglar

I denne prosessen var det ein tydeleg diskusjon om korleis folkeretten gjorde seg gjeldande i det digitale rom – som ei fortsetting av diskusjonane i 2013, der ein tok i bruk juridiske forpliktingar, inkludert forpliktinga til å avstå bruk eller trugsel av makt mot statar – og forpliktinga til å ikkje legge seg opp i interne affærar i andre statar. Funna knytt til GGE 2015 i studien av Mark Raymond (2019:203-204) på prosessane i 2013 og 2015 stemmer overeins med fleire av mine funn.

Raymond (2019) viser blant anna til uformelle reglar knytt til handlingslogikk og korleis det vart sett på som hensiktsmessig å lytte på ekspertråd, då statar kunne ha vald ein annan måte å forhandle på enn i GGE. Dette blir og bekrefte av denne studiens funn (Informant 2, 3, 2019).

*The evidence suggests that, even in the realm of high politics and considerable uncertainty about implications of a disruptive new technology, state representatives understand themselves as engaged in established and ongoing practices of rule-making and interpretation (Raymond, 2019:207).*

Som påpeikt i kapittel 2, så uttalte USA i 2004 at ein internasjonal traktat ikkje var naudsynt, med bakgrunn i eksisterande regelverk. På denne måten svarte ein ut Russlands føretrekte løysing på reguleringa av det digitale rom. Dette er eit eksempel på tolking og bruk av reglar som Raymond (2019:210) trekk fram, noko som òg er i samsvar med funn i mi studie (Informant 4, 2019). Ein amerikansk diplomat trakk og fram dette momentet: «[...]the US put forward a simple notion that we hadn't said before. The same laws that apply to the use of kinetic weapons should apply to state behavior in cyberspace» (de Beauregard i Korzak, 2019:378).

Dette til tross for at det russiske standpunktet likevel kunne bli sett i samanheng med tidleg statleg sedvane som på atomvåpen, så standpunktet som USA har fronta, så går dette meir på diplomatisk erfaring enn juridisk rammeverk (Raymond, 2020). Dette er og noko som blir bekrefte igjennom LoA, der ein trekk fram at identitetar og regelstyrt oppførsel blir basert på blant anna ekspertråd - for å tydeleggjere den kognitive prosessen knytt til å kople sjølve situasjonen ein er i med handlingslogikk (March og Olsen, 1998, March og Olsen, 2004).

Prosedyrereglar som gir kontekstuelle hensiktsmessige måtar på å lage og tolke reglar, kan difor seiast å ha påverka denne prosessen og utfallet til å skape konsensus på prinsippa som USA la til grunn, som ei vidareføring frå 2013 – til tross for at dette var i mot det som har blitt rekna som Russlands interesser. I tilfelle der reglar og ønsker er inkompatible, kan det vere slik at aktøren ynskjer å gjere noko, men blir avgrensa av dette (March og Olsen, 1998). Dette er med andre ord noko som indikerer regelstyrt oppførsel frå Russland under denne prosessen, i måten dei blei avgrensa på av USAs standpunkt og bruk av prosedyrereglar.

På den andre sida påpeiker Soesanto og D’Incau (2017) at ein allereie såg teikn til ueinigheiter kring folkeretten under desse forhandlingane, der blant anna Russland var ueinig i å eksplisitt nemne folkeretten i den endelege rapporten, og at noko av dette er tydeleg i resultatet, der ein i avslutninga av samandraget til rapporten viser til at «*The Group also noted the established international legal principles, including, where applicable, the principles of humanity, necessity, proportionality and distinction*» (FN, 2015:3). USAs representant i GGE, Michele Markoff (2015) som tok del i denne prosessen påpeikte og det faktum at denne prosessen ikkje oppnådde det USA ønska å få til, fordi «*More robust statements on how international law applies were contested by a few key States, and we did not achieve all of the progress we would have liked in this area*». På same tid har likevel ikkje desse statane som var i mot, som Russland kritisert dette offentleg, eller trukke seg frå denne prosessen, noko som kan tale for forståing for kva som er hensiktsmessige prosedyrereglar.

Prosesen i 2015 greidde difor å avansere litt frå 2013 blant anna på anvendelse av folkeretten i det digitale rom. Men den evna framleis ikkje å tydeleggjere korleis folkeretten var gjeldande – og delen på folkerett blei avgrensa til opplisting av valde bestemningar av FN-pakta (FN, 2015b), noko som mogelegvis styrka Russlands oppfatning av utfallet som at det gjeldande regelverket ikkje var tilstrekkeleg.

I diskusjonane i gruppa var det blant deltakande ekspertar og statar eit tydeleg signal på at det var «*[...]different views on the legal status, interpretation and implementation of international law*» (Tikk og Kerttunen, 2017:11). Dette ser ein og med korleis konsept som «*[...]State responsibility and due dilligence*» er plassert i rapporten under frivillige og ikkje bindande normar, reglar og prinsipp (Tikk og Kerttunen, 2017:11).

#### 5.1.4 Forventningar til deltakarane

Denne prosessen blei brukt av USA til å bekrefte eksisterande prinsipp til folkeretten, og at denne er eit hensiktsmessig rammeverk for å kunne identifisere og analysere reglar og normer knytt til statleg oppførsel som skal styre bruken av det digitale rom (Tikk-Ringas, 2016).

Russland har ytra at dei har vore skeptisk til effektiviteten til folkeretten i det digitale rom, og at ikkje alle juridiske normer kan vere gjeldande i mellomstatlege relasjonar i domenet, men at ein treng meir spesifikke kriterie for dette (Tikk-Ringas, 2016).

Likevel vart Russland med på ein konsensus bak rapporten i 2015. Aktørar strekk seg gjerne lengre for å møte det dei ser som forpliktingar og forventningar frå ei gitt rolle, identitet eller medlemskap i ei gruppe. Når dei gjer dette er det fordi dei ser det som hensiktsmessig i relasjon til dei sjølve i ein gitt situasjon (March og Olsen, 2004). Sidan Russland har vore i front for det digitale rom i FN-samanheng, og ein av initiativtakarane til GGE, kan det hevdast at dette var i samsvar med aktørens identitet og forventningar til denne å understøtte vidare avansement i denne prosessen, til tross for at det som nemnd i førre delkapittel var tendensar til ueinigheit.

Einskilde påpeiker at det ville vore eit tap for Russland om ein ikkje oppnådde konsensus i 2015, særleg knytt til det å møte USA og vesten i å vise at folkeretten kan handtere det digitale rom, som var ei forventning frå stadig fleire land (Tikk-Ringas, 2016). Anvendelsen av folkerett vart i 2015 diskutert avgrensa frå normer, reglar og prinsipp i rapporten (FN, 2015b). Ved å gjere det på denne måten kunne ein unngå at statar som ikkje kunne seie seg einige i den spesifikke bruken av folkeretten i det digitale rom, kunne no ikkje seie at det var behov for ein ny traktat. På denne måten kunne ein vere ueinig om folkeretten, men ikkje sjølve innretninga (Tikk og Kerttunen, 2018a). Ueinigheitene i 2015 var blant anna knytt til statusen på gitte konsept under folkeretten, som *due dilligence* og *state responsibility* (Tikk og Kerttunen, 2018a:21). Russland på si side som forkjemparar for regulering av det digitale rom hadde tydelege forventningar på si side, og «[...]came from a stance whereby Russia was very concerned about being left behind[...]» (Informant 9, 2019).

Russlands rolle med et fokus på det digitale rom som tematikk i FN-systemet har gitt dei ei særleg rolle som aktør i desse forhandlingane – og fleire informantar understrekar russisk engasjement og påpeiker at det er med bakgrunn i deira tidlegare resolusjonar og engasjement

at ein i det heile teke har ein prosess, og at det er også deira fortene at ein har sett på trugselen som eksisterer innanfor det digitale rom – og ansvarleg oppførsel i det same domenet (Kulikova, 2016:85).

Dette kan vere med på å avgjere ein identitet, som bidreg til at Russland som aktør blir plassert i eit rammeverk der forpliktingane knytt til identiteten avgjer motivasjonen for handlinga, der tilhøyrande prestasjon kjem gjennom ein bruk av ein regel som spesifiserer kva som er hensiktsmessig i den aktuelle situasjonen. Det kan også vere motivert av det å skulle auke eller oppretthalde respekten ein har i det internasjonale systemet – ved å skape eller vidare fremme sitt gode rykte og oppnå anerkjenning som elles ville vore vanskeleg å få.

Diskursen som USA førte knytt til normer i 2015-prosessen kan bli sett på som eit verktøy for å promotere sine forsøk på å vidareutvikle normer for statleg oppførsel i det digitale rom (Tikk-Ringas, 2016), som eit ledd i vidare kodifisering av erfaringar til reglar. Vidare var det ueinigheiter i denne og kva ein såg på som statleg ansvar, og i gruppa valde ein heller å påpeike at «[...]the accusations of organizing and implementing wrongful acts brought against states should be substantiated» (FN, 2015a:13).

Forsøket til USA ved å innpasse ein regel til ein situasjon er ei øving i det å etablere LoA, eller regelstyrt oppførsel, der reglar og situasjonar er relatert til kriteria av likskap eller forskjell igjennom resonnement. Nokon reglar som er meir kjende for gruppa ein er ein del av har større sannsyn for å bli dratt fram, noko som kan tale for bakgrunnen til at folkeretten har blitt poengtert som ei mogleg løysing på handteringa av det digitale rom (March og Olsen, 2011:6).

Utfordringane med forventningar til deltakarane har vore at det har vore element av forskjellige forståingar av forventingar og felles køyrereglar som påpeikt i kapittel 2.1. For å kunne ha ein regelstyrt oppførsel er ein difor avhengig av ein del av dei same oppfatningane. Dette trekk Russland, saman med fleire andre land fram i eit brev knytt til GGE prosessane i 2015:

*Stressing the need to develop a common understanding of how norms derived from existing international law relevant to the use of information and communication technologies by States, a measure essential to reduce risks to international peace, security and stability, will apply to State behaviour and the use of information and communication technologies by States [...] (FN, 2015c:4)*

## **5.2 Group of Governmental Experts 2016-2017**

Etter 2015 rapporten var det fleire deltakarar som lurte på om prosessen hadde gjort si nytte – og om ein skulle erstatte den med ein annan prosess eller eit anna forum (Lewis, 2017, Soesanto og D’Incau, 2017, Informant, 2, 2019). I 2016 vart likevel ei ny gruppe og ein ny prosess starta opp, og denne som tidlegare grupper skulle bygge vidare på rapporter frå tidlegare grupper og hadde same mandat som prosessen før, med unntak i at det no vart eit meir eksplisitt fokus på folkeretten i det digitale rom, etter at ein i førre prosess hadde anerkjend at den var gjeldande. Som nemnd tidlegare oppnådde denne prosessen ikkje konsensus, og produserte difor heller ikkje ein fullstendig rapport (FN, 2017).

Sjølv om det var utfordringar i GGE-prosessen som vart avslutta i 2015, blant anna knytt til folkerettens gyldigheit i det digitale rom, evna ein likevel å oppnå ein konsensus bak ein rapport. Det blei i prosessen som vart avslutta i 2017 påpeikt at folkerettens anvendelse i det digitale rom var ein av årsakene til kvifor ein ikkje evna å oppnå konsensus i gruppa (Soesanto og D’Incau, 2017, Tikk og Kerttunen, 2018a).

Med bakgrunn i det som fleire gav uttrykk for var ein suksessfull prosess i 2014-2015, følgde entusiasme og fleire hadde store forventningar til den femte prosessen som skulle gå føre 2016-2017 (Informant, 1, 7, 2019). Av 25 seter i GGE var fem satt av til dei fem faste medlemmane i sikkerheitsrådet, medan 20 sto opne og blei fordelt på geografiske kriterier som nemnd i kapittel 2. Av desse seta var det over 60 land som ønska å vere med, der statar håpte på vidare framgang og tydeleggjering og klargjering av anbefalingane frå 2015-rapporten. Sett i samanheng med sitt ambisiøse mandat, var det fleire ekspertar som såg at det kunne bli vanskeleg å få vidare konsensus (Tikk og Kerttunen, 2018a). På eine sida var det forskjellige meiningar på bruken av folkerett som avgrensa gruppa frå å utvikle vidare

konsensus – og på den andre sida, når folkeretten var det som var prioritert, påverka dette arbeidet med andre deler av mandatet (Tikk og Kerttunen, 2018a).

Den amerikanske representanten i GGE, Michelle Markoff (2017) kritiserte at ein ikkje evna å oppnå konsensus til tross for årevis med diskusjon og studiar:

*[...]some participants continue to contend that it is premature to make such a determination and, in fact, seem to want to walk back progress made in previous GGE reports. I am coming to the unfortunate conclusion that those who are unwilling to affirm the applicability of these international legal rules and principles believe their States are free to act in or through cyberspace to achieve their political ends with no limits or constraints on their actions.*

### **5.2.1 Gjensidige interesser**

Sjølv om ein i denne prosessen ikkje evna å få konsensus betyr det ikkje at ein ikkje hadde gjensidige interesser. Ein har vanlegvis meir enn eit ønska samarbeidsutfall – og om statars fordelar av samarbeid var sett på som mindre tydeleg eigeninteresse i få eit konsensusbasert utfall kan det og ha påverka. I fleire samanhengar har ein interesse i eit konsensusbasert utfall, men føretrekkbare utfall kan likevel vere forskjellige (Keohane, 1984). Sidan folkeretten var prioritert i denne prosessen påverka dette arbeidet på andre deler av mandatet, noko som igjen kan påverke høvet til å koordinere policy, og statars interesser, sjølv om premissane for samarbeid er oppfylt (Tikk og Kerttunen, 2018a).

Det at ein ikkje greidde å oppnå konsensus i 2017 betyr ikkje at ein er for lite kompetent til samarbeid, men kan moglegvis indikere at statar i hovudsak gjer sine avgjersler på deira egne prioriteringar og interesser. 2017-prosessen greidde ikkje å fasilitere ein struktur for å identifisere og bli einige om gjensidige interesser (Tikk og Kerttunen, 2018a). Russland, saman med Kina og Cuba blir dratt fram som dei som bestemte seg for å ikkje godkjenne utkastet til rapporten (Bowcott, 2017, Schmitt og Vihul, 2017, Henriksen, 2019, informant 3, 2019).

I prosessen i 2015 hadde ein eit litt meir avgrensa mandat med omsyn til fokuspunkt, medan ein i denne prosessen valde å utvide med kapasitetsbygging i mandatet, som følgje av

avansering av forhandlingane – men og med eit meir eksplisitt fokus på korleis folkeretten gjorde seg gjeldande. Sidan den sistenemnde blir dratt fram som den største ueinigheita i begge prosessane, kan det tenkast at dette var òg ein av årsakene til at ein ikkje fekk på plass konsensus bak rapporten og evna å bli einige. For Russland blei rett og slett konsekvensane av dette for store når dei såg dei moglege konsekvensane av denne rapporten (Stadnik, 2018).

Det er tydeleg uttrykt av både USA og Russland at utfordringane knytt til det digitale rom at dette ikkje kan bli handtert av ein aktør åleine – uavhengig av kor mektig ein aktør er, noko som både Russland og USA anerkjende i desse forhandlingane som eit viktig moment (Mačák, 2017, Informant 10, 2019). Ein har med andre ord gjensidige interesser i å samarbeide, og sidan ein ikkje kan løyse alle utfordringar ved det digitale rom innanfor sine eigne landegrensar har ein behov for «[...] *coordinated efforts and cooperation on the part of the international community*» (Tikk og Kertunen, 2018a:5).

Vidare ser det òg ut til at Russland og andre statar som sørga for at det ikkje blei konsensus i prosessen har vald å avvente med omsyn til å ta eit aktivt standpunkt og dermed forplikte seg. Ved å artikulere noko konkret eller vere tydeleg korleis ein skal anvende folkeretten i det digitale rom vil dette kunne gi moglege restriksjonar på det statlege handlingsrommet ein har i domenet (Stadnik, 2018). Vidare kan ein rasjonell aktør vurdere at konsekvensane ved dette vil påverke deira sjansar til å få gjennomslag for sine tilhøyrande preferansar i framtidige forhandlingar (Schulz, 2016).

Statar kan gjerne vere motivert av deira eigeninteresse i staden for det felles beste – og på same tid støtte under initiativa i prosessane som handlar om kapasitetsbyggande og tillitsskapande tiltak. For Russland og USA kan dette handle om absolutte gevinstar, då det gir positive anerkjenningar for statane utan at det medfører noko direkte tiltak. Likevel blir det å sørge for kapasitet for alle medlemsstatane dratt fram som ei gjensidig interesse for alle under prosessen «*So we all have a common interest that all member states have a certain level of cyber security capacity resilience*» (Informant, 3, 2019). Dette trekk og ein annan informant fram som eit viktig arbeidsområde og FN's rolle som fasilitator «*[...] I think it's changing how states are looking to the UN to play a role in this, particularly because of the issue of international cybersecurity is really spreading [...]*» (Informant, 8, 2019). På den andre sida påpeiker Kulikova (2015) at Russland og USA er samla i interessa til å beskytte deira kritiske

infrastruktur mot cyberoperasjonar i det digitale domene, men sjølv om denne gjensidige interessa er ein av dei som er mest tydeleg, er den mindre relevant per no i det som blir rekna som fredstid.

## 5.2.2 Institusjonell dialog og transparens

Eit av momenta som er sentralt for samarbeid er tilgjengelegheita til informasjon. Som nemnd tidlegare i kapittelet, så påverkar eigenskapane ved dette domenet høvet til samarbeid. Sidan tilskrivning er vanskeleg, og anonymitet er eit av dei tilhøyrande eigenskapane, opnar dette for utfordringar. Usikkerheita som kjem med mangel på informasjon om andre aktørar i domenet er viktig og vanskeleggjerande, særleg om ein legg til grunn at det internasjonale system er anarkisk. Manglande informasjon om dei andre aktørane kan negativt påverke eit utfall knytt til samarbeidet som grunnlaget for den. Auka transparens og mindre nivå av hemmeleghald kan difor positivt påverke utsiktene til samarbeid (Keohane, 1984).

Ein FN-tilsett frå sekretariatet som fasiliterer desse forhandlingane påpeikte dette som ein av utfordringane med diskusjonane i prosessen om domenet:

*If you fire a ballistic missile, you can see where a ballistic missile comes from. What type of ballistic missile, where its produced, all member states know the different types of weapons out there. So that creates some sort, you know, predictability and clarity at least. I mean, even though uh this can bring about a lot of instability [...] with cyber being [...] intransparent (Informant, 8, 2019).*

Den statlege praksisen på dette området har vist seg å vere vag grunna sikkerheitsmessige utfordringar og vurderingar, noko som talar mot transparens og nytteverdien av statar som deltakarar i slike prosessar. Noko av utfordringa har vore på informasjonsdeling og kompetanseforskjellane mellom fleire av statane, noko som vart forsøkt vegd opp for i mandatet til førre prosessen, men og vidareført i 2017 med eit tydelegare fokus mot kapasitetsbyggande tiltak (FN, 2017:2).

Sidan folkeretten fekk ei større rolle i denne prosessen kan desse utsiktene for samarbeid ha blitt påverka negativt. I funna mine var dette litt meir utydeleg. Sidan dette er ein prosess som



er i konstant endring er dette eit viktig satsingsområde som ein må justere etter kvart: «*I mean, this process is not planned to the very end. It's a learning by doing exercise. And it's important to keep the trust, inclusiveness and transparency alive throughout this process*» (Informant 3, 2019). Ved å sørge for at aktørane tek del i ein læringsprosess kan ein og sørge for at dei revurderer korleis dei tenkjer om sine interesser (Keohane, 1984:132).

USAs motvilje mot traktat kan og sjåast i samanheng med at ein er redd for ei forplikting som fleire ikkje har nokon intensjon i å følge. Sjølv om ei slik traktat som er skissert har tydelege tiltak for å styrke transparens, er og eit viktig moment å vurdere statars reelle vilje til å utveksle informasjon. Den kontekstuelle vinklinga på dette blir underbygd med det faktum at det er særleg mangel på informasjon i det digitale domenet (Jack Goldsmith, 2011:11). Ueinigheitene frå russisk side var og at folkeretten ikkje ville vere tilstrekkeleg til dette, eller som blei påpeikt av ein diplomat om spørsmålet om diskusjonen om folkeretten er «*[...]definitely a question that already hampered the GGE 2017*» (Informant 3, 2019).

### 5.2.3 Prosedyrereglar

I sine studiar av GGE-prosessane trekk Raymond (2019:208) fram at sjølv om GGE-prosessen i 2017 ikkje fekk fram ein konsensus og dermed ein rapport, var dette ikkje invalidering eller kritikk av resultata frå prosessen før. Funn tidlegare presentert i denne oppgåva viser at det var ueinigheiter og kritikk også i prosessen i 2015. Det var og ein del kritikk knytt til 2017-prosessen, men det som er mest tydeleg er kor krevjande det viste seg å vere meir konkret på korleis folkeretten gjorde seg gjeldande i det digitale rom. Å anerkjenne ei rekke prinsipp er lettare å bli einige om enn om ein skal byrje å avgrense verkeområde og praksis i korleis dei skal vere gjeldande.

Prosessen knytt til regelstyrt oppførsel og tolking og utforming av reglar har ikkje endra russiske interesser, men heller blitt avgrensa av prosedyrereglar, som Mark Raymond (2020:208) trekk fram i sin studie av GGE-prosessane i 2013 og 2015. Forskjellen i denne prosessen er moglegvis at det vidare avansementet førte til at det gjekk for langt, jamfør March og Olsen (1998) der ein gjerne ser at regelstyrt oppførsel forbunde med feilgrep ikkje blir gjenteken. Russland la i denne prosessen utfallet i 2015 til grunn som dei meinte ga uttrykk for at desse reglane, normene og prinsippa ikkje er tilstrekkeleg og difor «*[...]as*

*evidence of the inadequacy of existing international law»* (Tikk og Kerttunen, 2018a:36). På denne måten brukte dei delar av premissa som USA brukte mot Russland i prosessen 2014-2015 ved å tolke dette utfallet som at det viste at desse reglane ikkje var hensiktsmessig å bruke i denne samanhengen.

Ein må og ta i betraktning at GGE som prosess aldri har hatt høve til å skape eller avvise eksisterande folkerett, men heller diskutere korleis den kan bli brukt i det digitale rom. Tikk og Kerttunen (2018a) viser til at til tross for at ein ikkje evna å bli einig så skal ein ikkje sjå på dette som at dei statane som var blant dei som var ueinige ikkje meiner at folkeretten ikkje er gjeldande. Funna i denne studien indikerer at Raymond (2019) si studie er overflatisk knytt til 2017-prosessen, med eit litt lettvint svar og avskrivning av prosessen til eit samansett fenomen.

Utfallet i 2017 med manglande konsensus viser at statar er meir autonome i det internasjonale systemet som dei er ein del av – og at dette kan ha påverknad på forklaringskrafta til handlingslogikken bak den regelstyrte oppførselen. Folkeretten er og påpeikt krevjande å tolke «*The work has its limitations, because its been a consensus group and it was not able to make progress in 2017. Consensus is not always easy to get to, particulary on how international law applies»* (Informant, 7, 2019).

Diskusjonane i prosessane har vist at russiske forsøk på ein internasjonal traktat ikkje har gått i oppfyljing, men at ein i staden for har fått ein breiare debatt på normer og ansvarleg statleg oppførsel. I staden for diskusjonen om folkeretten er gjeldande i det digitale rom har ein no i denne prosessen hatt fokus på bruken av den (Korzak, 2019). Det ser ut til at det er særleg dette momentet som har bidratt til å vere ei utfordring i gruppas forhandlingar (Korzak, 2017, Informant 2, 2019).

I forlenginga av at Russland tolka utfallet i 2015 som tydeleggjering av behov for fleire normer, reglar og prinsipp til det digitale rom tok Cuba opp, saman med Russland og Kina at dei ønska ein ny arbeidsmetodikk, og difor ville sjå på moglegheitene for eit nytt sett av køyrereglar internasjonalt og ei ny arbeidsgruppe (Soesanto og D’Incau, 2017, Tikk og Kerttunen, 2017) «*We reiterate our position [...] the issue [...] be considered in a Working Group of the General Assembly open to all States to ensure full transparency and*

*inclusiveness and participation in equal rights in discussions and decision-making [...]»*  
(Misiones diplomáticas de Cuba, 2017).

Ei forklaring på kvifor Russland ikkje var villig til å gå med på vidare avansement kan vere antakelsen at ein stat ikkje blindt vil følgje prosessar. Regelstyrt oppførsel i denne samanhengen blir moglegvis av Russland assosiert med fiasko – og sørga for at ein ikkje ville gå vidare i det sporet desse forhandlingane (March og Olsen, 2004). Som nemnd tidlegare i dette kapitlet var det teikn på dette også i prosessen i 2015, der det var usemjer, og ikkje minst korleis Russland tolka det gitte utfallet, som er funn som gjev grunnlag for å hevde dette.

Eit mogleg element kan òg vere at USA drog det for langt, og braut prinsippet om «[...] *consistency in action primarily through the creation of typologies of similarity [...]»* (March og Olsen, 2011:6). Andre statar påpeikte også dette ved å bekrefte at «*Yes, we see GGE 2015 as the basis, but we have problems with implementation. Either we do not understand how to implement it or we are just not as capable and sure how to do it*» (Informant 3, 2019).

Det har og danna tydelege spørsmål knytt til korleis folkeretten skal vere gjeldande etter prosessen i 2015. Det er ein ting å skulle seie seg einig i at folkeretten gjeld i det digitale rom, men ein annan ting å seie noko om korleis dei eksisterande reglane skal anvendast i det digitale rom (Mačák, 2017). Dette tydeleggjer verdien av normer til midlertidig mangel av internasjonal juridisk konsensus med dei statlege standpunkta i GGE, på same tid er innsatsen statane gjer for å tydeleggjere deira ueinigheiter knytt til prosessane, demonstrerer bestemminga deira for å halde folkeretten fleksibel nok. Tikk-Ringas (2016) trekk difor fram at ein ikkje bør forvente raske løysingar til slike krevjande spørsmål. Dette kan moglegvis vere noko av det som skjedde under prosessen i 2017, at forsøket på konkretisering av folkerett var noko forhasta og ikkje i tråd med eksisterande prosedyrereglar, noko som gjorde at Russland med fleire valde å bryte i forhandlingane.

## 5.2.4 Forventningar til deltakarane

Nokon gongar kan og bakgrunnen for reglar vere å stå fram som usjølvisk, i staden for å ha reelle ambisjonar om å avgrense sin oppførsel knytt til det, noko som gjer implementeringa mindre viktig (Meyer og Rowan, 1977, Brunsson, 1989, March, 1994, i March og Olsen, 2004). Dette gjer også analysen og vurderingane av dette enno meir krevjande. Men ved at USA og andre vestlege statar har avslått Russlands standpunkt for internasjonal traktat, har ein fått fokusert på andre trugslar til det digitale rom – og vist til mogleg bruk av folkeretten.

USA har igjennom desse forhandlingane i 2017 forsøkt å «[...]preserve the legal status quo [...]» ved å oppretthalde standpunktet knytt til bruk av folkeretten i det digitale rom – og vidare forsøkt å bygge konsensus med å forsøke å fasilitere felles forståingar og tolkingar av dei noverande regulatoriske rammeverket som er til stades internasjonalt (Korzak, 2019:379). På denne måten har USA forsøkt å bygge opp identitetar og gi ei tilhøyrande forventning til framtidige interaksjonar (Wendt, 1992). Ein har difor spelt vidare på eksisterande rammeverk innanfor folkeretten, som allereie er etablerte rammer for statane som deltek i forhandlingane.

Russland på si side har ønska å sørge for at prosessen går vidare i eit heilskapleg regulatorisk rammeverk og sagt at det er behov for vidare utvikling av normer og reglar sjølv om det eksisterande regelverket skal anvendast, noko dei ser utfallet i 2015 som ei stadfesting på (Korzak, 2019). Som Tikk-Ringas (2016) påpeiker så ville det vore eit tap og for Russland om ein ikkje oppnådde konsensus i 2015, særleg knytt til det å møte USA og dei vestlege landa i det å vise at folkeretten kan handtere det digitale rom, sjølv om det er ueinigheiter kring dette.

I 2017 byrja det å bli meir konkretisert og då kunne ein tydelegare sjå ulempene ved eit slik avansement, noko som kan bidra til å forklare kvifor det ikkje vart konsensus. Til tross for at reglar kan styre oppførsel og gjere nokon handlingar meir sannsynleg enn andre, er dei ikkje alltid avgjerande for oppførsel eller utfall. Ved å gi parameter for handling i staden for å diktere, kan ein aktør difor vise evne til å endre seg i takt med endrande tilhøve med å endre oppførsel utan å endre reglar og strukturar (Olsen, 2003 i March og Olsen, 2011:10).

GGE er på mange måtar diskusjonar om ansvarleg oppførsel av statar i det digitale domenet. Forsøka på å overbevise kvarandre om kva tiltak som må gjerast for å handtere trugslane og utfordringane, og korleis statar bør forstå, tolke og implementere folkeretten er på mange

måtar bygd på forventningar til kvarandre. (Tikk og Kerttunen, 2017). Då reglar definerer det som er passande, vil dette vere konstituerande for det politiske fellesskapet dette skal vere ein del av (March og Olsen, 2004). USAs representant i forhandlingane Michelle Markoff (2017) sine uttalelser som referert tidlegare i dette kapittelet er eit godt eksempel på korleis ein bidreg til å sette press på deltakarane og bidra til forventningar om kva standpunkt og handlingar dei skal ha.

I dette kapittelet har ein analysert funn knytt til dei to prosessane. I neste kapittel vil trådane frå indikatorane til dei to hypotesane bli samla – og funna vil bli diskutert meir inngående i samsvar med dei to handlingslogikkane.

## 6 Analyse del II: Diskusjon av funn

I førre kapittel analyserte ein dei empiriske funna av dei to prosessane med forklaringsvariablane USA og Russland lagt til grunn, og forklarte handlingane igjennom dei to handlingslogikkane LoA og LoC<sup>8</sup> delt inn i fire indikatorane. I dette kapittelet vurderer ein og samanliknar casane og diskuterer dei empiriske funna frå førre kapittel opp i mot hypotesane mine som vil vise om teoriane kan forklare forskjellane i utfall mellom dei to GGE-prosessane.

### 6.1 Samanlikning av funn

Russland og USA har vore med i alle GGE<sup>9</sup>-prosessane som ein del av dei fem faste medlemmane i sikkerheitsrådet. Situasjonen i GGE-forhandlingane har vore meir anstrengt dei to siste prosessane på grunn av auka strategisk viktighet til domenet, men og situasjonar utanfor tematikken som har påverka forholda mellom landa.

I ei analyse av prosessane i 2017 påpeiker den russiske forskaren Ilona Stadnik (2018) at «*In 2017 the GGE failed, among other reasons, because of the position of the US and its supporters, who said that the GGE format has exhausted itself*». Medan andre påpeiker at dette er meir samansett av strategiske interesser frå både USA og Russland (Informant 5, 2019). Det er tydeleg forskjellige meiningar både basert på kven som er avsendar av forskjellige dokument – og informantar i kva som er dei forskjellige standpunkta til Russland og USA – men og til årsaksforklaringa på kvifor prosessane i 2017 braut saman.

USA og Russland har heile vegen hatt forskjellige synspunkt på bruken av folkerett i det digitale rom. Det er i stor grad to hovudsforskjellar mellom dei to, der USA fokuserer på å promotere og forklare eksisterande folkerett, medan Russland på si side ynskjer å forsterke internasjonale politiske strukturar, i hovudsak FN, som mekanismen til å handtere dette spørsmålet. Fleire strategidokument og fråsegner understrekar dette, og viser at Russland ynskjer ein global traktat og internasjonal handtering (Misiones diplomáticas de Cuba 2017, Tikk og Kerttunen, 2017, 2018a).

---

<sup>8</sup> Forkorting for handlingslogikkane logic of appropriateness og logic of consequences

<sup>9</sup> Group of Governmental Experts, gruppa av statlege ekspertar som diskuterer handteringa av det digitale rom

Med dette tatt i betraktning, kva faktorar kan bidra til å forklare forskjellane som har vore i utfall? Dei empiriske funna viser at ein kombinasjon av dei to handlingslogikkane kan bidra til å forklare forskjellen i utfall. Som March og Olsen (1998) sjølv påpeiker, så er det slik at når normative forpliktingar er tydelege og dei materielle interessene uklare vil LoA vere ein sterkare handlingslogikk – og om materielle interesser er klare og normene tvitydige, vil LoC ha størst forklaringskraft.

Med andre ord kan styrka på forklaringskrafta mellom LoA og LoC avhenge av den relative klarheita av preferansar og konsekvensar på den eine sida, og på den andre sida identitetar og reglar. Om kalkuleringa av nytteverdi ikkje er konkluderande kan reglar løyse utfordringa, om reglane er tvitydige eller motstridande kan forventade konsekvensar og LoC vere avgjerande, som kan bidra til å forklare kvifor ein hadde eit forskjellig utfall i 2015 og 2017. Ein handlingslogikk i ein gitt type situasjon kan over tid og endre seg, som funna gir grunnlag for å hevde i denne oppgåva.

Sjølv om eigeninteresser ofte blir dratt fram som orsaka til at statar deltek i desse diskusjonane, er ofte også noko tilknytt regelstyrt oppførsel og det moralske tilknytt ein identitet. Forpliktinga om å hjelpe andre og å handtere dette kan bli sett i den samanhengen, men og som ein del av ei gjensidig interesse. Som ein diplomat sa «*So we I mean, I think what many states acknowledges cybersecurity is like only as strong as its weakest link. So we have all have a common interest in that*» (Respondent 3, 2019).

Det hadde likevel vore urealistisk å håpe på at teoriane skulle evne å beskrive alt i detalj, men det er heller ikkje nytteverdien til ein teori - men som eit analytisk verktøy for å forenkle forståinga av kva som påverka utfallet i dei to GGE-prosessane. Andre teoriar kunne bidratt til å forklare maktstrukturar i djupna, som realisme, medan teoriar retta meir direkte mot forståinga av diplomatiske dynamikkar kunne gitt enno nærmare innsikt på korleis dynamikkane mellom diplomatane i GGE-prosessane er og har vore.

### 6.1.1 Statars fordelar av samarbeid og gjensidige interesser

Hypotesen som er utleia frå LoC og nyliberalismen i kapittel 3.1.3 la fram følgjande antakelse: *Framdrifta i GGE i 2015 og 2017 var avhengig av statars fordelar av samarbeid og gjensidige interesser.* To indikatorar på gjensidige interesser og statars fordelar av samarbeid vart lagt til grunn for å undersøke om dei empiriske funna understøtta hypotesen.

LoC heng saman med det instrumentelle konseptet til rasjonalitet som var presentert i kapittel 3. Handlingar er difor ikkje nødvendigvis vald som hovudformål, men heller som eit middel for å oppnå eit gitt mål. Den rasjonelle handlingslogikken innanfor LoC tilseier at alle statar som tok del i forhandlingane i GGE handlar delvis med bakgrunn i eigeninteresser og rasjonalitet. Om ein skal kunne evne å oppnå konsensus betyr det difor at ein bør ha samanfallande interesser på einskilde områder (March og Olsen, 1998, Keohane, 1984).

Utfordringar til kollektiv handling og strategiske kalkuleringar kan hindre aktørar frå å realisere deira gjensidige interesser. Berre det å ha gjensidige interesser er ikkje nok – institusjonar må redusere usikkerheit og avgrense asymmetri i informasjon (Keohane, 1984). Difor er det viktig å sjå dei to valde indikatorane til denne hypotesen i samanheng med kvarandre.

Samarbeid er krevjande sjølv om ein har gjensidige interesser, fordi den anarkiske situasjonen i det internasjonale systemet gir statar høve til å gi sno seg unna for eventuelle forpliktingar som blir gjort i internasjonale avtalar. I nyliberalismen legg ein vekt på at dette kan løysast med internasjonale institusjonar som reduserer incentiva til å jukse og aukar viljen til å følgje desse (Hellmann og Wolf, 1993). Det digitale roms eigenskapar kan forklare grunnlaget i funna, der det viser at det er liten vilje til å finne identifiserbare og bindande reglar jamfør mandatet i gruppa, fordi at frykta for den moglege plausible benektelsen er stor.

GGE-prosessane kan likevel sjåast på som eit svar på utfordringane ein har sett med det digitale domenet og som eit verktøy for å maksimere interesser. Prosessen blir difor sett på som ein forhandlingsprosess der kvar enkelt aktør ynskjer å få best mogleg utfall målt i egne preferansar. Når dei vurderer kva som er alternativ oppførsel og kostnader og gevinst forbunde med dette vurderer dei sannsynet at dei valde handlingane vil sørge for eit ønska resultat.



Gjensidige interesser og statars fordelar av samarbeid er difor sett på som konstituerande for samarbeid, som aukar sannsynet for eit utfall basert på konsensus. Det felles trugselsbiletet som det digitale rom representerer er tydeleg og ei gjensidig utfordring som statar ynskjer å få ei løysing på (Lewis, 2011). Ein diplomat trekk fram dei gjensidige interessene som viste seg tydeleg etter kollapsa etter prosessen i 2017 «*Once consensus failed at the UN 2017 there was a year without multilateral process, and I think everyone felt that this was a loss for building new understandings on such an important issue*» (Informant, 1, 2019).

Ein må likevel vere tydeleg på at samarbeidet mellom statar og kan ha utfordringar til tross for at ein har identifisert gjensidige interesser. Det som handlar om å minske transaksjonskostnadar og deling av informasjon er viktige prinsipp i handlingslogikken bak LoC, men og i nyliberalismen i det å forklare samarbeid. Om dette manglar vil det ut i frå dette vere vanskeleg å få prosessar med utfall som skal munne ut i konsensus. Indikatorar på dette i prosessane er auka institusjonell dialog og tiltak for å styrke transparens.

Funna viser at det er tatt grep og løfta fram kapasitetsbyggande og tillitsskapande tiltak i begge prosessane som både USA og Russland trekk fram som viktige. Korleis statar ser på sine fordelar og interesser er avhengig av informasjon og tillit, så om det er låg tillit mellom statar sett i transparens og deling av informasjon, kan dette bidra til å påverke dette. Det er påpeikt at det er ei utfordring med dette i begge prosessane sidan «*Not everybody has the tools to understand what's really going on*» (Informant, 1, 2019). Sjølv om dette truleg ikkje gjeld USA og Russland vil det likevel ha sine påverknadar på forhandlingane. Vidare kan det bidra til å underminere den tidlegare framgangen, medan desse tiltaka kan bidra til å oppretthalde ein viktig dialog for å styrke statars høve til utveksling av informasjon (Kulikova, 2016). Sett i samanheng med interessebasert oppførsel, viser funna at uløyste ueinigheiter knytt til folkeretten er mindre problematisk enn forhold knytt til sjølve tolkinga og implementeringa av den.

Statar som identifiserer signifikante fellesinteresser vil utifrå dei teoretiske antakelsane samarbeide (Keohane og Martin, 1995). Difor ser nyliberalistane på samarbeid som eit meir sannsynleg utfall enn realistane. Funn i oppgåva indikerer at dette kan bidra til å forklare Russland og USAs interesse og støtte for kapasitetsbyggande og tillitsbyggande tiltak, men og korleis ein ynskjer å unngå å svare på spørsmåla knytt til anvendelsen av folkeretten i det

digitale domenet, eller på den andre sida, som Kerttunen og Tikk (2019:39) hevdar, at «[...]USA and Russia effectively control the global operating environment» og at dei difor ikkje har ei interesse i å ha eit internasjonalt regime som ville avgrensa deira høve til å bruke det digitale rom (Tikk og Kerttunen, 2018b). Dei tek likevel del i diskusjonane for å kunne ha ei hand med på rattet.

Med omsyn til interessebasert oppførsel, så kan USA og Russland finne saman i at det ikkje haster med ei reell løysing på reguleringa av det digitale rom utover deira egne løysingar (Tikk og Kerttunen 2018a) . For resten av verda hastar det meir, sidan statar ikkje kan handtere det digitale rom åleine. Så lenge stormaktene er ueinige om kva som er ansvarleg bruk av cyberoperasjonar i statlege interaksjonar vil ein ha lite framgong (Dunn Caveltly og Wenger, 2020).

Det faktum at utfallet varierte mellom dei to prosessane kan og seiast å vere i tråd med den rasjonelle interessebaserte oppførselen, sidan rasjonalitet er sett på som noko som er kontekstuel. «*Considerable variation in outcomes is therefore consistent with the assumption of substantive rationality*» (Keohane, 1988:381). Om samarbeid mellom statar var så enkelt at ein kunne greidd å fasilitere gjensidige interesser utan kostnader, så hadde ein ikkje hatt behov for institusjonar i fasiliteringsrolla for samarbeid (Keohane, 1988). Viktigheita av samarbeidet i FN – og det faktum at det digitale rom ikkje opererer basert på landegrenser blir understreka av alle informantane til denne oppgåva. Både USA og Russland har og, igjennom aktiv bruk av FN anerkjend denne nødvendigheita. Om institusjonar spelte ei lita eller ingen rolle kunne landa vald vekk desse forhandlingane til fordel for eigeninteresse.

### **6.1.2 Regelstyrt oppførsel**

Hypotesen som er utleia frå LoA i kapittel 3.2.4 la fram følgjande antagelse: *Regelstyrt handling spelte ei viktig rolle for framdrift i GGE-forhandlingane i 2015 og 2017. To indikatorar på bruk av prosedyrereglar og forventningar vart lagd til grunn for å undersøke om dei empiriske funna støtta under hypotesen. Om den statlege oppførselen er utleia frå LoA, vil statar ta del i GGE-prosessane fordi dei ser den gitte handlinga som rett og hensiktsmessig. Å ta del i dette kan utleiest frå ei plikt og ein måte å møte forventningar knytt til deira rolle, identitet og medlemskapet i FN og gruppa «[...] it can be difficult to say exactly how rules*

*manifest themselves, to isolate their effects under varying circumstances and specify when knowledge about rules is decisive for understanding political behavior»* (March og Olsen, 2004:10)

Kan oppfatningar om fellesskap og felles identitet manifestert i reglar og forventningar forklare utfallet? Funna frå datamaterialet og intervjuia peiker i retning av ei oppfatning av tydelege forventningar – og at dette har vore motiverande for Russlands oppførsel under forhandlingane i 2015. I 2017 kom dette enno tydelegare i konflikt med Russlands interesser, med vidare avansement av prosessane, noko som gjorde til at det blei brot i forhandlingane.

Dette er krevjande å måle, men diskursen i intervjuia viser ei oppfatning om kva som er riktig åtferd i rolla som aktør og i ein del av gruppa – noko som bekreftar indikatoren knytt til forventningar til deltakarane. Det er lite statspraksis med omsyn til bruk av det digitale rom. Funna indikerer at statar med sterke synspunkt på folkerett som USA ser ut til å forsøke å overtude resten av det internasjonale samfunn å vere einig med dei. Det er einigheit under det at det er viktig med betre forståing av korleis folkeretten kan vere gjeldande i det digitale rom. USA vil at det skal vere klarare på korleis eksisterande folkerett er gjeldande i det digitale rom og Russland søker å opprette nyare normer og reglar spesifikt på statleg utvikling og bruk av det digitale rom.

Likevel var fleire av aktørane som tok del i prosessane tydeleg på at begge sider treng meir arbeid i å tydeleggjere deira argumentasjon og framlegg (Tikk og Kerttunen, 2017, informant 3, 2019). Desse ueinigheitene kan og forklarast i at nokon reglar som ein er meir kjende med er meir sannsynleg å bli dratt fram, noko som sørgjer for at nyleg brukte eller reviderte reglar ofte får merksemd (March og Olsen, 2011:6).

Funna indikerer at det var forventningar til Russland i begge prosessar knytt til bruken av folkeretten i det digitale rom. Ein vestleg diplomat påpeikte at «*The rules are very much common sense*», noko som viser tydelege forventningar om kva som kan bli sett på som hensiktsmessig i denne samanhengen (Informant 2, 2019). På same tid heng diplomati og folkeretten tett saman, då begge er essensielle for ei meir generisk regelstyrt sosial praksis av utforming av reglar og den tilhøyrande tolkinga og anvendinga av dei (Raymond, 2020). USA på si side, som opplevde nederlag i prosessen i 2017, som Markoff (2017) tydeleg trekk fram

har kanskje dratt folkeretten litt langt, noko som igjen har fått påverknadar på forventningane andre land har hatt for framtidige interaksjonar. Kerttunen og Tikk (2019:28) meiner at dette er manifestert i at «*The moral high ground that the West once perhaps occupied has eroded*».

Motstridande synspunkt var med på å sørge for at 2017 prosessen braut saman. «*[...]the West has not managed to convince or engage states beyond its own perimeters. Most importantly, it has been unable to demonstrate the authority of existing international law*» (Tikk og Kerttunen, 2018a:55). Undersøkingar viste forskjellige diskursar med å forstå det digitale rom, der det var ein tydeleg forskjell mellom austlege og vestlege land (Korzak, 2017, Stadnik, 2018, Informant 1, 2019). Eit anna moment, frå russisk side som Stadnik (2018) viser til, er at ein ikkje oppnådde konsensus i 2017 på grunn av at USA meinte at formatet ikkje fungerte lenger.

Dette er ikkje nye moment, sidan statar generelt sett har vist liten vilje til å bidra til utviklinga av spesifikke segment tilknytt det digitale rom innanfor folkerett. I staden for å tolke eller utvikle reglar til folkerett, har statlege representantar i staden for vald å handtere dette innanfor normer. Sjølv om normer og lovverk heng tett saman og førstnemnde kan påverke utviklinga av lovverk er det ein stor forskjell, då å bryte ein regel innanfor folkeretten gir høve til enno tydelegare ansvarleggjering, «*[...] the same cannot be said of non-legal norms regulating cyber conduct*» (Mačák, 2017:882). Ved å prioritere frivillig tilslutning over folkerett, kan dette påverke respekten knytt til det bindande i internasjonale relasjonar (Tikk og Kerttunen, 2018b). Eller som Kerttunen og Tikk (2019:28) trekk fram:

*Perhaps the most destabilizing development from the perspective of international law itself is the side-lining of the question of binding agreements purely for political arguments, and the promotion of voluntary non-binding norms of responsible state behavior as substitute to the rule of law.*

På den andre sida vektlegg ein at Russlands fremming av traktat ikkje bidreg til å avhjelpe situasjonen, sidan folkeretten er tilstrekkeleg «*A new treaty will not help to improve the situation, because international law as we know it provides the sufficient rule-based framework for state conduct and the new instrument and treaty will not really add anything*» (Informant 4, 2019).

March og Olsen (2011) påpeiker at reglar og standardprosedyrar er mest sannsynleg å dominere når aktørane har haldt på med ein gitt tematikk over lengre tid, jevnleg interaksjon og når miljøet er relativt stabilt. Alle dei første faktorane stemmer utanom den siste, då det digitale rom ikkje kan seiast å vere stabilt, noko som også blir påpeikt av informantane som ein av utfordringane i desse forhandlingane.

Ein må og sjå på interaksjonen mellom reglar og målbevisst oppførsel, og tilhøyrande faktorar som aukar sannsynet for, eller som motverker regelstyrt oppførsel og formidle verknaden reglar har på oppførsel (Checkel, 2001 i March og Olsen, 2004:8). Funna i oppgåva kan vise at prosedyrereglane var med på å avgrense korleis ein laga og tolka reglane – og for bruken av reglar til gitte casar. Sjølv om den første prosessen evna å få konsensus ved at USA avgrensa handlingsrommet til Russland, og viste at bruken av desse gjorde slike avgrensingar, gjorde situasjonen i 2017 til at ein ikkje fekk til ein rapport. I motsetnad til Raymond (2019:233) som trekk fram at dette ikkje er problematisk fordi at «[...] *and no state has thus far rejected or disavowed the substance of their findings*» om prosessane i 2013 og 2015 indikerer mine funn at dette ikkje stemmer heilt. Sidan Russland har stilt spørsmål om folkerettens tilstrekkelegheit, både i prosessane i 2015 og med utfallet i 2017, kombinert med fråsegner om nye prosessar vert dette enno meir tydeleg.

## 7 Konklusjon

I dette kapitlet oppsummerer eg mine hovudfunn, og går igjennom teoretiske og metodiske utfordringar - og moglege framlegg for vidare forskning. Oppgåvas teoretiske rammeverk og analyse har vore strukturert etter handlingslogikkane LoA og LoC. Eg har gjennomført ein komparativ og teoritestande casestudie med datatriangulering av fleire datainnsamlingsmetodar.

Målet med denne oppgåva har vore å forstå statleg oppførsel i sentrale forhandlingar i Group of Governmental Experts (GGE). Eg har sett nærmare på dette ved å samanlikne to prosessar, GGE 2014-2015 og GGE 2016-2017, med Russland og USA som forklaringsvariablar igjennom deira oppførsel og standpunkt under forhandlingane. Dette for å kunne sjå om desse to statane sine tilnærmingar kan bidra til å forklare forskjellane på utfall mellom dei to GGE-prosessane.

USA og Russland har vore sentrale statar i diskusjonane knytt til regulering av det digitale rom i FN-systemet, og særleg i GGE-prosessane. GGE-prosessen i 2015 var rekna som ein suksess, men etter denne var Russland og fleire land utpeikt som bakgrunnen til at ein ikkje fekk eit vidare avansement i 2017-prosessen. Med bakgrunn i dette, korleis kan ein forklare forskjellane i utfall mellom GGE-prosessane i 2015 og 2017?

### 7.1 Hovudfunn

Det digitale domenet er ofte framstilt som eit krevjande domene å handtere – og med stadig meir på spel i ei vidare globalisert og digitalisert verd, er det lite som tyder på at den strategiske viktigheita vil bli mindre i åra som kjem. Ein av informantane beskreib dagens situasjon som krevjande og at dei raske endringane gjer domenet litt annleis enn tidlegare utfordringar «*It's hard to legislate on such a moving target*» (Informant 1, 2019).

Det er på mange områder utfordrande å årsaksforklare kvifor ein evna å få einigheit i prosessane 2015, men ikkje i 2017. Når ein har utfordringar knytt til eit samarbeid, pleier det ofte å bli dratt fram at ein ikkje hadde gjensidige interesser til stades, at fordelane av samarbeid var for låge, uklare – eller at eit lågt institusjonalisert domene som det digitale rom

ikkje har klare føringar som kan påverke regelstyrt oppførsel.

Dei regelstyrte handlingane kan bidra til å forklare korleis Russland gjekk imot det som tilsynelatande såg ut til å vere i deira eigeninteresse i 2015, men det kan takast til orde for at deira rolle som initiativtakar av desse prosessane har bidratt til å tvinge dei inn i ei rolle som avgrensar deira oppførsel, slik at dei måtte gå med på momenta ein vart einige om i 2015. Vidare indikerer det korleis USA evna å gjere nytte av eksisterande juridisk rammeverk ved å bruke folkeretten og prosedyrereglar for å avgrense handlingsrommet til Russland.

Når ein skulle forsøke å konkretisere korleis folkeretten var gjeldande i det digitale rom i prosessen i 2017, var dette tydeleg noko som fekk Russland til å sette seg på bakbeina, noko funna viser indikasjonar på allereie i prosessen i 2015. Ein kan difor hevde at LoA delvis la avgrensingar på oppførsel – og spelte ei viktig rolle i 2015, men at i 2017 stod handlingslogikkane bak LoC sterkare med si forklaringskraft. Det er likevel vanskeleg å konkludere med kva som var dei reint overordna forklaringane på forskjellane i utfall i prosessane, då budskapet frå vestlege og austlege avsendarar varierer. Blant anna blir det frå Michelle Markoff (2017) som var den amerikanske representanten i GGE i 2017 hevda at det var gitte land som la ein hemske på forhandlingane som nemnd tidlegare i oppgåva, medan det frå Russland og fleire andre aktørar vart påpeikt at USA meinte at GGE som format hadde spelt ut si rolle.

Funna i denne oppgåva er delvis i samsvar med hypotesane og var på fleire områder i stand til å forklare utfall av prosessen. Framdrifta var avhengig av statars fordelar av samarbeid og gjensidige interesser, og ein kan og basert på funna hevde at den regelstyrte handlinga spelte ei viktig rolle for framdrifta i GGE-forhandlingane i 2015, medan det og hadde ein påverknad på 2017, sjølv om LoC hadde ei sterkare forklaringskraft. Ein ser og at funna indikerer at Russland assosierte sin regelstyrte oppførsel i 2015 med fiasko noko som kan forklare kvifor den ikkje vart gjenteken i prosessen i 2017 og at ein difor valde å ikkje bli med på konsensus. Dette viser kor krevjande det er å handtere denne tematikken, men og det faktum at det er ein del gjensidige interesser i det å skulle gjere noko med den noverande situasjonen. Forskjellane ligger heller i korleis dette skal handterast.

FN har spelt ei viktig rolle til tross for at ein ikkje oppnådde konsensus i GGE-prosessen i 2017. Fleire informantar trakk fram dette momentet fram under intervju (1, 4, 9, 2019). «*I do think UN has played an important role in facilitation and as a platform for member states to engage, whether they like it or not, it kind of pushes them to engage in the end*» (Informant, 9, 2019). I etterkant av kollapsen i 2017 vart det likevel klart at ein no skulle ha ei ny arbeidsgruppe, OEWG<sup>10</sup> – etter initiativ av blant anna Russland og Cuba (Misiones diplomáticas de Cuba, 2017).

Dette viser at dei framleis meiner FN har ei viktig rolle som fasilitator, men at dette blir best ivareteken i ein annan prosess. Dette indikerer at ein har gjensidige interesser, oppfatning av fordeler av samarbeid – og er moglegens eit forsøk på å ta i bruk prosedyrereglar. USA på si side tok difor opp ein ny GGE-prosess, noko som er interessant å merke seg, då dei primært var i mot GGE-prosessane sidan dei såg folkeretten som tilstrekkeleg (Informant 1, 2019). Forholdet mellom dei to landa blir og beskriven som utfordrande med bakgrunn i «*Due to rather strong competing views and strategic competition between primarily U.S. and Russia so far*» (Informant 5, 2019).

Oppgåva starta med ei innleiing om den overordna situasjonen og forskingsspørsmålet: *Kva faktorar kan forklare forskjellane i utfall mellom GGE-prosessane i 2015 og 2017?* Med utgangspunkt i dei to hypotesane på interessebasert og regelstyrt handling – er svaret at handlingslogikkane LoA og LoC utfyller kvarandre på ein god måte. Til tross for sine likskapar har dei vist forskjellige perspektiv på kvifor det vart forskjellige utfall i dei to GGE-prosessane. Handlingslogikkane legg på denne måten vekt på forskjellige moment i forskjell av utfall og er difor ein verdifull test av forklaringskrafta til dei to forskjellige logikkane.

## 7.2 Metodiske og teoretiske utfordringar

For å vere sikker på at ein har presentert dei empiriske funna på ein skikkeleg måte, er det viktig å vurdere styrker og svakheiter ved oppgåvas metodiske og teoretiske val. Oppgåva tok utgangspunkt i dei to handlingslogikkane LoA og LoC. Med mi analyse av GGE 2015 og 2017 ved å sjå på USA og Russlands oppførsel i desse forhandlingane bidreg eg med mitt teoretiske

---

<sup>10</sup> Open-Ended Working Group, ei arbeidsgruppe i FN som er open for alle medlemsstatane i FN (Sjå kapittel 1)



rammeverk til debatt om kva som ligg til grunn for statars handling i internasjonal politikk.

GGE-prosessane er ein krevjande tematikk å analysere, sidan det er lite tilgjengeleg informasjon om kva som gjeng føre seg innad i dei lukka forhandlingane. Rapportane viser kva ein har greidd å få konsensus rundt, men fortel ikkje noko om dynamikkane eller dei forskjellige standpunkta til dei forskjellige landa. I 2017 rapporten hadde ein ikkje ein rapport i det heile teke, noko som også gjer det uklart kva ein evna å einast om.

Sidan teoriane er vage kan ein difor seie at dei ofrar den detaljerte forklaringskrafta, og andre faktorar som påverkar statleg oppførsel og vidare utfall i GGE-prosessane kan ha blitt oversett. Dette viser behovet for vidare forskning for å utdjupe mine funn

*[...]the scope conditions and interaction of different logics of action and types of reason are not well understood. Accomplishments are dwarfed by the large number of unanswered questions. Nevertheless, the gap may also be seen as providing a future research agenda for students [...] and policy making (March og Olsen, 2011:16).*

I denne oppgåva vart det berre fokusert på to prosessar, ved å ta med fleire kunne ein fått meir oversikt, medan ein på andre sida ikkje hadde hatt høve til å gå så mykje i djupna som det er gjort i denne oppgåva. Praktiske avgrensingar har likevel sørja for at ein ikkje har hatt høve til full innsikt i alle funksjonar og motivasjonar knytt til Russland og USAs standpunkt og oppførsel i GGE for å kunne forklare dei forskjellige utfalla. Ein veit at det kan vere fleire andre prosessar som kan påverke dynamikkane knytt til dette, som regionale konsultasjonar i desse prosessane, men og initiativ frå privat sektor, NATO, EU og andre element som kunne vore interessant å sjå nærmare på. Sjølv om ein har tatt i bruk kjelder som dokument og intervju løyser ikkje desse alle utfordringar knytt til reliabilitet, sjølv om datatrianguleringa bidreg til å svekke sannsynet for feil. For å få tettare knytt saman dokument og intervju

Ein av fordelane med å bruke antakalsar frå teoriar i internasjonale relasjonar er at vi får høve til å teste deira forklaringskraft mot historiske utfall. Ein lærer uavhengig av om det er feil eller riktig – og på denne måten kan ein vise til styrker og svakheiter av dei valde teoriane (Hellmann og Wolf, 1993).

Det er og forsøkt å få eit mest mogleg balansert utval av informantar. Dette er blant anna gjort for å sørge for forskjellig geografisk tilknytning - og størst mogleg meiningsmangfald. Det er ei lita overvekt av vestlege statar som er intervjuar, dette grunna blant anna tilgang og villigheit til å uttale seg om dette. Dette kan også medføre at det er eit tyngdepunkt i vestlege synspunkt.

Funna varierer på austlege og vestlege avsendarar, bias er difor noko som er viktig å vere merksam på, som nemnd i metodekapittelet – og at ein må aktivt ta stilling til vurderinga av interesser til avsendar. Fordelen er at dokumenta er uendra over tid, kan samanliknast – og dette gjer at endringar av standpunkt og årsaksforklaringar over tid blir særleg tydeleg. Difor har og datatrianguleringa vore viktig, ved å sjå funn frå fleire enn eit perspektiv har ein kunne validert dei empiriske funna ved å ta i bruk fleire informasjonskjelder.

Feltarbeidet i New York har difor også vore nyttig, for å sjå nærmare på dynamikkane som er observert mellom forskjellige statar, interessemotsetnader – men og det å kunne observere konteksten der avgjersler, hendingar og dynamikkane til interessene gjeng føre seg. Sjølv om multi-stakeholder møtet i OEWG-prosessen i New York i fjor ikkje er ein del av casane, så ville eg som nemnd trekke fram funn. Sjølv om den og GGE-prosessen representerer nye prosessar og to parallelle prosessar – så var det tydelege interessemotsetnader mellom austleg og vestleg sfære – og bar preg av lite dialog. Dette kunne observerast med å sjå kva aktørar som tok til orde for folkeretten i det digitale rom – men det var og ein interessant observasjon å sjå kva land som hadde dialog i pausen mellom møta.

GGE-forhandlingane er og krevjande å analysere, til tross for mandat og at ein har over mange år diskutert og studert konsept, har GGE aldri tydeleggjort bruken av omgrep som normer, reglar eller prinsipp, som bidreg til at det kan bli uklart (Tikk og Kerttunen, 2018a). Sjølv om teoriane berre viste gitte faktorar som kan bidra til å forklare utfall, har dei gitt interessant innsikt i prosessane og statleg oppførsel. Andre moment som vart dratt fram av fleire av informantane kunne vore aktuelt å gå nærmare på igjennom ein annan teori som kan forklare moment utanfor omfanget til denne oppgåva, eksempelvis vart det dratt fram hendingar utanfor rammene til desse prosessane som ei utfordring til samarbeidsklimaet *«There is a trickle-down effect coming from a deterioration, perhaps of arms control discussions between the US and Russia. So I think that there's an outside interference into*

*these discussions that have a huge impact»* (Informant 1, 2019).

### 7.3 Veggen vidare

Innleiingsvis i denne oppgåva vektla eg den manglande statsvitskapelege forskinga på dette strategisk viktig domenet. Denne oppgåva gir eit lite bidrag i denne retninga og kan seie noko om korleis ein skal forstå statleg oppførsel i sentrale forhandlingar. Denne oppgåva seier og noko om korleis mellomstatleg arbeid gjeng føre seg i ein internasjonal institusjon. På denne måten bidreg ein til å forklare ein overgang frå konsensus til ein prosess som braut saman.

Teoriane gir diverre ikkje innsyn i tverrsnittet mellom diplomatiske og tekniske vurderingar av det digitale rom, som kunne vore nyttig for å få ei breiare forståing av moglegheitene kring reguleringa av domenet. Dei bidreg heller ikkje til innsikt på praksis og kultur i GGE-prosessane, korleis forholda mellom statlege ekspertar har vore og anna, men slik innsikt kunne vore interessant. I denne oppgåva har ein identifisert område som ein treng meir kunnskap om, fordi dette er ein sær innvikla tematikk, men og eit krevjande policyområde. Det kunne difor vore interessant å sjå dette i ei tverrfagleg tilnærming innanfor teknologi og statsvitskap.

Fleire av informantane som er intervjuja i denne oppgåva påpeiker at dei ikkje er nokon ekspertar på dette, men at dei er diplomatar og har erfaring frå multilateralt arbeid (Informant 1, 3, 2019). Eller som ein tidlegare diplomat sa « [...]generally, they're generalist. You know, they're not the people who necessarily do these things. And this is a very often technical and difficult area, so it poses some challenges in having the right people in the room» (Informant 7, 2019). Diplomatar har gjerne eit fokus på forhold mellom statar, men det digitale rom handlar om noko som er mykje større enn det, nemleg handteringa av domenet internasjonalt.

Ein står ovanfor eit domene som vil få ei enno meir sentral rolle enn det har no. Forskinga er avhengig av å fornye seg og evne å ta til seg domenets eigenskapar – og på denne måten er dette gode casar å teste statsvitskapelege teoriar på. Arbeidet vidare i FN er viktig å følgje, og ein vil ha behov for ei tydeleg nyansering og klargjering av denne debatten vidare, då ingen cybberoperasjonar nokon sinne har blitt sett på som at dei bryt folkeretten. Domenet er ikkje

utan reglar, men med manglande evne til å bli einige om grunnprinsipp risikerer ein at det kan vere fritt fram for fleire statar, men og ikkje-statlege aktørar som gjer dette enno meir komplisert.

I november 2018 i generalforsamlinga i FN vedtok ein USAs resolusjon på ein ny GGE-prosess, som gjorde det dei diplomatiske dynamikkane interessante, når Russland og fekk oppretta arbeidsgruppa OEWG på tilsvarande mandat (Broeders, 2019). Den nye prosessen OEWG er difor særleg interessant då ein får involvering av alle land som ynskjer, men og fleire ikkje-statlege aktørar som no er mektigare enn fleire land – noko som kan vere interessante maktdynamikkar å sjå nærmare på og kva konsekvensar dette kan få for IR, då den har ein tendens til å vere statssentrert (Informant 1, 8, 2019).

Det er ikkje enkelt med reguleringar i det internasjonale systemet uavhengig av tematikk, og sjølv om ein iblant samanliknar det digitale rom til andre domene og trekk parallellar med blant anna regime for verdsrommet eller Antarktis, ender dette ofte opp med ingenting grunna det grenseoverskridande og andre usikre moment ved det digitale rom (Stadnik, 2018, Informant 6, 2019). Det var og liten vilje til å forplikte seg til bindande reglar som kunne legge premisser for verdsrommet. Både USA og Sovjetunionen hadde inntrykket av at dette ville bidra til å avgrense deira aktivitetar. Begge hadde kapasitet til å ha tilgang til verdsrommet, noko som gjer det digitale rom til eit meir utfordrande område då dei fleste statar har kapasitet og kapabilitetar. Denne parallellen var likevel noko fleire diplomatar trakk opp under intervju (Mačák, 2017).

Dei nye prosessane i dei to arbeidsgruppene OEWG og GGE rullar vidare. Kva statane evnar å bli einige om vil tida vise, men ein ting er sikkert: Utviklinga i det digitale rom venter ikkje på forhandlingane «[...]we opened Pandora's box and we can probably not close it anymore» (Informant 3, 2019).

# Litteraturliste

Aberbach, J. F. og Rockman, B. A. (2002) Conducting and coding elite interviews. *PS: Political Science and Politics*, 35 (4), s 673-676.

Bowcott, O. (2017) Dispute along cold war lines led to collapse of UN cyberwarfare talks. *The Guardian*.

Tilgjengeleg frå:

<https://www.theguardian.com/world/2017/aug/23/un-cyberwarfare-negotiations-collapsed-in-june-it-emerges> [Lest 01.03.20]

Bowen, G. (2009) Document Analysis as a Qualitative Research Method, *Qualitative Research Journal*, 9, s. 27-40. doi: 10.3316/QRJ0902027.

Broeders, D. (2019) Mutually Assured Diplomacy: Governance, 'unpeace' and diplomacy in cyberspace. I: Saran, S. og Sukumar A.M. (red) *Digital Debates CyFy Journal 2019*, s. 26-29.

Tilgjengeleg frå:

[https://www.orfonline.org/wp-content/uploads/2019/10/Digital\\_Debates\\_2019\\_V7.pdf](https://www.orfonline.org/wp-content/uploads/2019/10/Digital_Debates_2019_V7.pdf)  
[Lest 22.05.20]

Bryman, A. (2016) *Social Research Methods*. 5 utg. London: Oxford University Press.

Burchill, S. mfl. (2005) *Theories of international relations*. 3. utg. New York: Palgrave Macmillian.

Choucri, N. og Clark, D. (2013) Who controls cyberspace? *Bulletin of the Atomic Scientists*, 69(5), s. 21-31. doi: 10.1177/0096340213501370

Coggins, R. (2018) Westphalian state system I: Mclean, I. og McMillian, A. *The Concise Oxford Dictionary of Politics and International Relations*. 3 utg. Oxford: Oxford University Press

Denscombe, M.(2007) *The Good Research Guide for small-scale social research projects*. 3

utg. Berkshire: Open University Press

Domingo, F. (2016) Conquering a new domain: Explaining great power competition in cyberspace, *Comparative Strategy*, 35:2, s. 154-168, doi: 10.1080/01495933.2016.1176467

Duke, K. (2002) Getting Beyond the 'Official Line': Reflections on Dilemmas of Access, Knowledge and Power in Researching Policy Networks. *Journal of Social Policy*, 31(1), s. 39-59. doi:10.1017/S0047279402006505

Dunn Cavelty, M. (2010) The Reality and Future of Cyberwar. *Parliamentary Brief*. ENISA, Threat Lands.

Tilgjengeleg frå:

[www.parliamentarybrief.com/2010/03/the-reality-and-futureof-cyberwar/](http://www.parliamentarybrief.com/2010/03/the-reality-and-futureof-cyberwar/) [Lest 15.12.19]

Dunn Cavelty, M. og Wenger, A. (2020) Cyber security meets security politics: Complex technology, fragmented politics, and networked science, *Contemporary Security Policy*, 41:1, s. 5-32, doi: 10.1080/13523260.2019.1678855

Finnemore, M., & Sikkink, K. (1998) International Norm Dynamics and Political Change. *International Organization*, 52(4), s. 887-917, doi: 10.1162/002081898550789

Folkerett (2018) i Jusleksikon. Tilgjengeleg frå: <https://jusleksikon.no/wiki/Folkerett> [Lest: 10.02.20]

Gady, F.S. og Austin, G. (2010) *Russia, The United States, And Cyber Diplomacy. Opening the Doors*. EastWestInstitute: New York

Tilgjengeleg frå:

<https://www.eastwest.ngo/idea/russia-united-states-and-cyber-diplomacy-opening-doors/> [Lest 15.04.20]

George, A. L. & Bennett, M. (2005) *Case Studies and Theory Development in the Social Sciences*. Cambridge, Mass: MIT Press.

Gerring, J. (2006) *Case Study Research: Principles and Practices*. Cambridge: Cambridge University Press. doi: 10.1017/CBO9780511803123.

Gold, J. (2020) *A Multistakeholder Meeting at the United Nations Could Help States Develop Cyber Norms*. Council on Foreign Relations.

Tilgjengeleg frå:

<https://www.cfr.org/blog/multistakeholder-meeting-united-nations-could-help-states-develop-cyber-norms> [Lest 15.02.20]

Hansen, L. & Nissenbaum, H. (2009) Digital Disaster, Cyber Security and the Copenhagen School. *International Studies Quarterly*, 53, s. 1155-1175. doi: 10.1111/j.1468-2478.2009.00572.x.

Harvey, W. S. (2011) Strategies for conducting elite interviews. *Qualitative Research*, 11(4), s. 431–441. doi:10.1177/1468794111404329

Hellmann, G. & Wolf, R. (1993) Neorealism, Neoliberal Institutionalism, and the Future of NATO, *Security Studies*, 3:1, s. 3-43, doi: 10.1080/09636419309347537

Henderson, C. (2015) The United Nations and the regulation of cybersecurity. I: Tsagourias, Nicholas and Buchan, Russell (red.) *International Law and Cyberspace. Research Handbooks in International Law*. Cheltenham: Edward Elgar, s. 465-490.

Henriksen, A. (2019) The end of the road for the UN GGE process: The future regulation of cyberspace. *Journal of Cybersecurity*, 5 (1), s. 1-9. doi:10.1093/cybsec/tyy009

Hovi, J., & Underdal, A. (2008) *Internasjonalt samarbeid og internasjonal organisasjon*. Universitetsforlaget: Oslo

Hughes, R. (2009) Towards a Global Regime for Cyber Warfare. *Cryptology and Information Security Series 3*, s.106-117. doi:10.3233/978-1-60750-060-5-106

Jackson, R., & Sørensen, G. (2010) *Introduction to International Relations. Theories & Approaches*. 4. utg Oxford: Oxford University Press:

Johannessen, A., Christoffersen, L., & Tufte, P. (2016) *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. 5. utg. Oslo: Abstrakt.

Kapiszewski, D., MacLean, L., & Read, B. (2015) *Field Research in Political Science: Practices and Principles (Strategies for Social Inquiry)*. Cambridge: Cambridge University Press. doi:10.1017/CBO9780511794551

Kaznatcheev, A. (2015) Short history of iterated prisoner's dilemma tournaments. *Journal of Conflict Resolution*. 24 (3), s. 379–403. doi:10.1177/002200278002400301.

Kello, L. (2017) *The Virtual Weapon and International Order*. New Haven; London: Yale University Press.

Keohane, R. (1984) *After Hegemony : cooperation and discord in the world political economy*. Princeton, N.J. :Princeton University Press.

Keohane, R. (1988) International Institutions: Two Approaches. *International Studies Quarterly*, 32(4), s. 379-396. doi:10.2307/2600589

Keohane, R. (2005) *After Hegemony: Cooperation and discord in the world political economy*. Princeton, N.J: Princeton University Press.

Keohane, R. O. & Martin, L. L. (1995) The Promise of Institutionalist Theory. *International Security*, Vol. 20, No.1, s.39-51. doi:10.2307/2539214

Kerttunen, M. & Tikk, E. (2019) *The Politics of Stability: Cement and Change in Cyber Affairs*. Norwegian Institute of International Affairs. NUPI Report (4/2019).

Tilgjengeleg frå: [https://nupi.brage.unit.no/nupi-xmlui/bitstream/handle/11250/2598287/NUPI\\_Report\\_4\\_2019\\_KerttunenTikk.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://nupi.brage.unit.no/nupi-xmlui/bitstream/handle/11250/2598287/NUPI_Report_4_2019_KerttunenTikk.pdf?sequence=1&isAllowed=y) [Lest 12.02.20]

Korzak, E. (2017) *UN GGE on Cybersecurity: The End of an Era?* The Diplomat.



Tilgjengeleg frå:

<https://thediplomat.com/2017/07/un-gge-on-cybersecurity-have-china-and-russia-just-made-cyberspace-less-safe/> [Lest 04.04.20]

Korzak, E. (2019) The US, the UK, Russia and China. Regulating cyber attacks under international law- developments at the United Nations. I: *Routledge Handbook of War, Law and Technology* (red.) Gow, J., Dijxhoorn, Kerr, R. & Verdirame, G.

Korzak, E. (2019) The US, the UK, Russia and China (2). I: Gow, J (ed) mfl. *Routledge Handbook of War, Law and Technology*, s.381-389. Routledge: London  
doi:10.4324/9781315111759

Knight, W. A. (2000) *A Changing United Nations: Multilateral Evolution and the Quest for Global Governance*. New York: Palgrave.

Krasner, S. (1999) Logics of Consequences and Appropriateness in the International System, i: Olsen, J., Egeberg, M. og Lægveid, P. *Organizing political institutions: Essays for Johan P. Olsen*. Oslo: Scandinavian University Press.

Kulikova, A. (2015) *The Contest Of Rules: US, China, Russia Rival In Setting The Norms Of Behavior In Cyberspace*. Center for Glocal Communication Studies.

Tilgjengeleg frå: <https://global.asc.upenn.edu/the-contest-of-rules-us-china-russia-rival-in-setting-the-norms-of-behavior-in-cyberspace/> [Lest 01.02.20]

Kulikova, A. (2016) Working Out The Rules Of Global Cyberspace Governance. I: Samuel, C. og Sharma, M. *Securing Cyberspace: International and Asian Perspectives*. Institute for Defence Studies and Analyses, New Delhi. Pentagon Press: New Delhi

Lancaster, K. (2017) Confidentiality, anonymity and power relations in elite interviewing: conducting qualitative policy research in a politicised domain, *International Journal of Social Research Methodology*, 20:1, s. 93-103, doi: 10.1080/13645579.2015.1123555

Levy, J. S. (2008) Case Studies: Types, Designs, and Logics of Inference. *Conflict*

*Management and Peace Science*, 25(1), s. 1–18. doi: 10.1080/07388940701860318

Lewis, J. (2011) Confidence- building and International Agreement in Cybersecurity. *Disarmament Forum: Confronting cyberconflict*, 51, 52.

Tilgjengeleg frå: <https://citizenlab.ca/cybernorms2012/Lewis2011.pdf> / [Lest 03.04.20]

Lewis, J. (2017) Revitalizing Progress in International Negotiations on Cyber Security I: Hampson, F.O og Sulmeyer, M. (red.) *Getting beyond Norms*. Special Report. Centre for International Governance Innovation. Waterloo: CIGI, s. 13-18.

Tilgjengeleg frå:

<https://www.cigionline.org/sites/default/files/documents/Getting%20Beyond%20Norms.pdf>  
[Lest 14.05.20]

Mačák, K. (2017) From Cyber Norms to Cyber Rules: Re-engaging States as Law-makers. *Leiden Journal of International Law*, 30(4), s. 877-899. doi:10.1017/S0922156517000358

Manheim, J, B., Rich, J,C., Willnat, L., & Brians, C,L. (2006) *Empirical political analysis: research methods in political science*. 6.utg. New York: Pearson/Longman.

March, J.G. og Olsen, J. P. (1989) *Rediscovering Institutions*. New York: Free Press.

March, J. G., & Olsen, J. P. (1995) *Democratic governance*. New York: Free Press.

March, J.G., og Olsen, J., P. (1998) The Institutional Dynamics of International Political Orders. *International Organization* 52(4), s.943–969. doi: 10.1162/002081898550699

March, J.G., og Olsen, J., P (2004) *The logic of appropriateness*. Arena Working Papers WP 04/09. Tilgjengeleg frå: [https://www.sv.uio.no/arena/english/research/publications/arena-working-papers/2001-2010/2004/wp04\\_9.pdf](https://www.sv.uio.no/arena/english/research/publications/arena-working-papers/2001-2010/2004/wp04_9.pdf) [Lest 10.11.19]

March, J.G., og Olsen, J., P (2011) *The Logic of Appropriateness*. I: Goodin, R., E. (Red.) *The Oxford Handbook of Political Science*. Oxford University Press: Oxford

doi: 10.1093/oxfordhb/9780199604456.013.002

Markoff, M. (2015) *Advancing Norms of Responsible State Behavior in Cyberspace*.

DipNote: *US Department of State*. Tilgjengeleg frå: <http://2007-2017-blogs.state.gov/stories/2015/07/09/advancing-norms-responsible-state-behavior-cyberspace.html> [Lest 25.01.20]

Markoff, M. (2017) *Explanation of Position at the Conclusion of the 2016-2017 UN Group of Governmental Experts (GGE) on Developments in the Field of Information and*

*Telecommunications in the Context of International Security*. *US Department of State*.

Tilgjengeleg frå: <https://www.state.gov/explanation-of-position-at-the-conclusion-of-the-2016-2017-un-group-of-governmental-experts-gge-on-developments-in-the-field-of-information-and-telecommunications-in-the-context-of-international-sec/> [Lest 27.01.20]

Maurer, T. (2011) *Cyber Norm Emergence at the United Nations—An Analysis of the UN's Activities Regarding Cyber-security*. Discussion Paper, 2011-11, Science, Technology, and Public Policy Program, Belfer Center. Tilgjengeleg frå:

<https://www.belfercenter.org/publication/cyber-norm-emergence-united-nations-analysis-uns-activities-regarding-cyber-security> [Lest 10.12.19]

Müller, H. (2004) *Arguing, Bargaining and all that: Communicative Action, Rationalist Theory and the Logic of Appropriateness in International Relations*. *European Journal of International Relations*, 10(3), s. 395–435. doi:10.1177/1354066104045542

Navari, C. (2008) *Liberalisms*. I: Williams, P, D. (red.) *Security Studies: An Introduction*. New York: Routledge. s. 29-43.

Onuf, N. (2012) *World of Our Making*. London: Routledge. doi:10.4324/9780203722428

O'Leary, Z. (2017). *The essential guide to doing your research project*. London; Thousand Oaks, California: Sage Publications Ltd.

- Ostrander, S. A. (1993) "SURELY YOU'RE NOT IN THIS JUST TO BE HELPFUL": Access, Rapport, and Interviews in Three Studies of Elites. *Journal of Contemporary Ethnography*, 22(1), s. 7–27. doi: 10.1177/089124193022001002
- Raymond, M. (2019) *Social Practices of Rule-Making in World Politics*. New York: Oxford University Press.
- Raymond, M. (2020) Social Practices of Rule-Making for International Law in the Cyber Domain, *Journal of Global Security Studies*. doi: 10.1093/jogss/ogz065
- Risse, T. (2000) "Let's Argue!": Communicative Action in World Politics. *International Organization*, 54(1), s. 1-39. doi:10.1162/002081800551109
- Ruggie, J. (1998) What Makes the World Hang Together? Neo-utilitarianism and the Social Constructivist Challenge. *International Organization*, 52(4), s. 855-885. doi:10.1162/002081898550770
- Saran, S. (2016) *Digital Debates: CyFy Journal*. Volume 3. London: Global Policy and Observer Research Foundation.
- Sending, O. J. (2002) 'Constitution, Choice and Change: Problems with the `Logic of Appropriateness' and its Use in Constructivist Theory', *European Journal of International Relations*, 8(4), s. 443–470. doi: 10.1177/1354066102008004001.
- Schmitt, M. (2017) *Tallinn Manual 2.0 on the International Law Applicable to Cyber Operations*. Cambridge: Cambridge University Press. doi:10.1017/9781316822524
- Schulz M. (2016) Logic of Consequences and Logic of Appropriateness. I: Augier, M. og Teece D. (red.) *The Palgrave Encyclopedia of Strategic Management*. Palgrave Macmillan, London doi: 10.1057/978-1-349-94848-2\_544-1.
- Slack, C. (2016) Wired yet Disconnected: The Governance of International Cyber Relations. *Global Policy*, 7(1),s. 69-78. doi: 10.1111/1758-5899.12268

Soesanto, S. & D’Incau, F. (2017) *The UN GGE is dead: Time to fall forward*. European Council On Foreign Relations. Tilgjengeleg frå:

[https://www.ecfr.eu/article/commentary\\_time\\_to\\_fall\\_forward\\_on\\_cyber\\_governance](https://www.ecfr.eu/article/commentary_time_to_fall_forward_on_cyber_governance)

[Lest 04.02.20]

SOU (2015:23) *Informations- och cybersäkerhet i Sverige*. Stockholm: Elanders Sverige AB  
Tilgjengeleg frå:

<http://www.regeringen.se/contentassets/8ae8ef6d5d3f45058c981cbab4e297de/informations--och-cybersakerhet-i-sverige.-strategi-och-atgarder-for-saker-information-istaten-sou-201523/>

[Lest 10.01.20]

Stadnik, I. (2018) *A New Cybersecurity Diplomacy: Are States Losing Ground in Norm-making?* Russian International Affairs Council. Tilgjengeleg frå:

<https://russiancouncil.ru/en/analytics-and-comments/analytics/a-new-cybersecurity-diplomacy-are-states-losing-ground-in-norm-making/> [Lest 10.01.20]

Stavros, C. & Westberg, K. (2009) Using triangulation and multiple case studies to advance relationship marketing theory. *Qualitative Market Research: An International Journal*. 12(3), s. 307-320. doi:10.1108/13522750910963827.

The White House Office of the Press Secretary (2013) *FACT SHEET: U.S.-Russian Cooperation on Information and Communications Technology Security*. Tilgjengeleg frå:

<https://obamawhitehouse.archives.gov/the-press-office/2013/06/17/fact-sheet-us-russian-cooperation-information-and-communications-technol> [Lest 10.02.20]

Tikk, E. (2017) Norms à la Carte I: Hampson, F.O og Sulmeyer, M. (red.) *Getting beyond Norms*. Special Report. Centre for International Governance Innovation. Waterloo: CIGI, s. 23-27. Tilgjengeleg frå:

<https://www.cigionline.org/sites/default/files/documents/Getting%20Beyond%20Norms.pdf>

[Lest 10.12.19]

Tikk, E. & Kerttunen, M. (2017) *The Alleged Demise of the UN GGE: An Autopsy and Eulogy*. Cyber Policy Institute.

Tilgjengeleg frå: <https://cpi.ee/wp-content/uploads/2017/12/2017-Tikk-Kerttunen-Demise-of-the-UN-GGE-2017-12-17-ET.pdf> [Lest 20.12.19]

Tikk, E. & Kerttunen, M. (2018a) *Parabasis. Cyber-diplomacy in Stalemate*. NUPI Report. 5/2018 Tilgjengeleg frå: <https://www.nupi.no/en/Publications/CRIStin-Pub/Parabasis-Cyber-diplomacy-in-Stalemate> [Lest 10.12.19]

Tikk, E. & Kerttunen, M. (2018b) *International Cybersecurity: Orchestral Manoeuvres in the Dark*. Policy Brief [11/2018]. NUPI.

Tilgjengeleg frå: [https://nupi.brage.unit.no/nupi-xmlui/bitstream/handle/11250/2566138/NUPI\\_Policy\\_Brief\\_11\\_2018\\_Tikk\\_Kerttunen%2bFINAL.pdf?sequence=2&isAllowed=y](https://nupi.brage.unit.no/nupi-xmlui/bitstream/handle/11250/2566138/NUPI_Policy_Brief_11_2018_Tikk_Kerttunen%2bFINAL.pdf?sequence=2&isAllowed=y) [Lest 15.12.19]

Tikk-Ringas, E. (2016) International Cyber Norms Dialogue as an Exercise of Normative Power. *Georgetown Journal of International Affairs*, 17(3), s. 47-59.  
doi:10.1353/gia.2016.0036.

Townsend-Bell, E. (2009) Being True and Being You: Race, Gender, Class, and the Fieldwork Experience. *PS: Political Science & Politics*, 42(2), s. 311-314.  
doi:10.1017/S1049096509090623

Wendt, A. (1992) Anarchy is What States Make of It: The Social Construction of Power Politics. *International Organization*. 46, s. 391-425. doi: 10.1017/S0020818300027764.

Yin, R. K. (2014) *Case study research: Design and methods*. 4. utg. Thousand Oaks, California: SAGE

### **Dokumenter frå FN**

FN (1998) General Assembly. *Letter dated 23 September 1998 from the Permanent Representative of the Russian Federation to the United Nations addressed to the Secretary-General*. Tilgjengeleg frå: <https://undocs.org/pdf?symbol=en/A/C.1/53/3> [Lest 03.02.20]

FN (1999) *RESOLUTION ADOPTED BY THE GENERAL ASSEMBLY [on the report of the First Committee (A/53/576)] 53/70. Developments in the field of information and*

*telecommunications in the context of international security*

Tilgjengeleg frå: <https://undocs.org/pdf?symbol=en/a/res/53/70> [Lest 09.11.19]

FN (2002) *Resolution adopted by the General Assembly [on the report of the First Committee (A/56/533)] 56/19. Developments in the field of information and telecommunications in the context of international security*

Tilgjengeleg frå: <https://undocs.org/A/RES/56/19> [Lest 08.02.20]

FN (2004) General Assembly, Developments in the field of information and telecommunications in the context of international security, Report of the Secretary-General\*

Tilgjengeleg frå: <https://undocs.org/pdf?symbol=en/A/59/116/Add.1> [Lest 05.03.20]

FN (2013) General Assembly, *Group of Governmental Experts on Developments in the Field of Information and Telecommunications in the Context of International Security*

Tilgjengeleg frå: <https://undocs.org/A/68/98> [Lest 18.12.19]

FN (2014) Resolution adopted by the General Assembly on 27 December 2013 [on the report of the First Committee (A/68/406)] 68/243. Developments in the field of information and telecommunications in the context of international security

Tilgjengeleg frå: <https://undocs.org/A/RES/68/243>[Lest 14.11.19]

FN (2015a) Group of Governmental Experts on Developments in the Field of Information and Telecommunications in the Context of International Security A/70/174

Tilgjengeleg frå: <https://undocs.org/A/70/174> [Lest 20.11.19]

FN (2015b) General Assembly, Resolution adopted by the General Assembly on 23 December 2015 [on the report of the First Committee (A/70/455)] 70/237. Developments in the field of information and telecommunications in the context of international security

Tilgjengeleg frå: <https://undocs.org/A/RES/70/237> [Lest 01.12.19]

FN (2015c) General Assembly, Letter dated 9 January 2015 from the Permanent Representatives of China, Kazakhstan, Kyrgyzstan, the Russian Federation, Tajikistan and Uzbekistan to the United Nations addressed to the Secretary-General. (A/79/723)

Tilgjengeleg frå: <https://undocs.org/A/69/723> [Lest 21.02.20]

FN (2016), General Assembly, Resolution adopted by the General Assembly on 5 December 2016 [on the report of the First Committee (A/71/445)] 71/28. Developments in the field of information and telecommunications in the context of international security

Tilgjengeleg frå: <https://undocs.org/A/RES/71/28> [Lest 10.02.20]

FN (2017a) Group of Governmental Experts on Developments in the Field of Information and Telecommunications in the Context of International Security: Report of the Secretary-General

Tilgjengeleg frå: <https://undocs.org/A/72/327> [Lest 05.03.20]

FN (2018) The Application of International Law in Cyberspace: State of Play. United Nations Office for Disarmament Affairs.

Tilgjengeleg frå: <https://www.un.org/disarmament/update/the-application-of-international-law-in-cyberspace-state-of-play/> [Lest 10.05.20]

FN (2019a) The Age of Digital Interdependence. Report of the UN Secretary-General's High-level Panel on Digital Cooperation. June 2019. Tilgjengeleg frå:

<https://www.un.org/en/pdfs/DigitalCooperation-report-for%20web.pdf> [Lest 15.11.19]

FN (2019b) UNODA, *FACT SHEET DEVELOPMENTS IN THE FIELD OF INFORMATION AND TELECOMMUNICATIONS IN THE CONTEXT OF INTERNATIONAL SECURITY*

Tilgjengeleg frå: <https://www.un.org/disarmament/wp-content/uploads/2019/07/Information-Security-Fact-Sheet-July-2019.pdf> [Lest 14.12.19]

Misiones diplomáticas de Cuba (2017) 71 UNGA: Cuba at the final session of Group of Governmental Experts on developments in the field of information and telecommunications in the context of international security.

Tilgjengeleg frå: <http://misiones.minrex.gob.cu/en/un/statements/71-unga-cuba-final-session-group-governmental-experts-developments-field-information> [Lest 01.03.20]





# Vedlegg

## Vedlegg 1: Intervjuguide

### Intervjuguide

#### Del I – Informasjon

- Bakgrunnen for studien og kva intervjuet skal brukast til.
- Minner om anonymitet og høvet til å trekke seg undervegs i sjølve intervjuet.

#### Del II – Generelle spørsmål om FN og prosessen i arbeidsgruppene

Spørsmål 1) Korleis vil du beskrive FN's rolle i utforminga av internasjonal cyberpolitikk?

Spørsmål 2) Har FN's rolle endra seg i tråd med tida?

Spørsmål 3) Opplever du at cyber er vanskelegare å handtere enn andre tematiske områder – eller er det berre slik at FN-prosessar tek tid?

#### Del III – Dybdespørsmål om prosessane i GGE og OEWG

Spørsmål 4) Kva tenkjer du om prosessane som no går føre seg i GGE og OEWG?

*Korleis har dei tidlegare prosessane vore i forhold til dette?*

Spørsmål 5) Ivaretek desse arbeidsgruppene det faktum at mangfaldet av aktørar har auka med inntog av dei ikkje-statlege? I så fall korleis?

Spørsmål 6) Er institusjonell dialog eit område som blir prioritert i gruppene?

*Korleis kan ein bidra til at ein i eit krevjande område som det digitale rom samarbeider?*

#### Del IV – Oppsummering

- Oppsummering av samtale – er det noko vi ikkje har snakka om som du ynskjer å utdype på, eller elementer som er viktige som vi ikkje snakka om?
- Avklare eventuelle uklarheiter som ikkje er gjort undervegs og om det er noko som manglar

- Kan eg kontakte deg om eg har oppfølgingsspørsmål?